


# Jeanne d'Arc.

## Kva eg kjem ihug um henne.

av

Sieur Louis de Conte

(skrivaren og vaapensveinen hennar).

(Paa norsk ved M. S.)



Kristiania.
Prenteverket til „Den 17de Mai"
1905.



# Bok I.

(Adelsmannen Louis de Conte til brorborni sine i fjorde ættled).

## Fyrste bolken.

Dette er i aaret 1492. Eg er tvo og aatteti aar gamal. Dei ting eg vil fortelja dykk um, er sovore som eg sjølv hev set den tid eg var barn og upp igjenom, til eg vart vaksen.

I alle dei sogune og songane um Jeanne d'Arc som de og heile verdi elles les og syng og granskar ut i bøker som er ferde ihop med den nyst uppfunne prentekunsti, vil de altid sjaa nemnt meg, adelsmannen Louis de Conte. Eg var vaapensveinen og skrivaren hennar. Eg var med henne fraa fyrst til sist.

Eg er uppvaksen i same landsbyen som ho. Eg hev leika saman med henne kvar einaste dag, daa me var smaa, plent som de leikar med dykkar leikekameratar. No daa me veit kor stor ho var, no daa namnet hennar fyller heile verdi, no høyrest det underlegt ut, at det skal vera sant som eg seier. Det er plent som eit uselegt lite talgljos vilde tala um den ævlege soli som straalar paa himmelen og seia: "Me prata og skravla saman den gongen me baae var talgljos og budde i same huset".

Og endaa er det sant, plent so som eg seier. Eg var leikebror hennar, og eg hev kjempa side um side med henne i krigen. Den dag idag gjøymer eg i minnet bilætet av den vesle kjære skapnaden, som ho lutte seg fram over hestemaani og styrmde avstad til strid, den fyrste i heile franske-hæren. Haaret fløymde og flagra i vinden, ettersom sylvhjelmen hennar grov seg lenger og lenger inn i slagtumulten, til han av og til kom mest avsyne innimillom høgreiste hestehovud, upplyfte sverdarmar, svagande hjelmfjører og skjoldar som tok av for sverdhogg.

Eg var med henne til enden. Og

daa hin tunge dagen kom, som altid vil kasta ein myrk skugge paa hine franske prestane som gjorde seg til trælar for England og myrda henne, og paa Frankrike sjølv som stod likesælt og saag paa, og aldri so mykje som freista aa hjelpa — daa var mi hand den siste ho kom nær i dette liv.

Mange aar, og mange tiaar er lidne sidan hin dagen, og bilætet av dette underfulle barnet og hennar stjerneferd over den franske krigshimmelen til ho sløktest i røykskyerne paa baalet, hev vike lenger og lenger att i tidi som gjekk, og vorte væl so underfullt og kløkkjande med kvart. Og langt um lenge hev eg med kome til aa skyna paa henne og kjenna henne for den ho var — det ædlaste livande som hev vorte fødd paa denne jord, paa eit einaste nær.

---

## Andre bolken.

Eg, adelsmannen Louis de Conte, er fødd i Neuf-chateau den 6. januar 1410, det vil seia akkurat tvo aar fyrr Jeanne d'Arc kom til verdi i Domrémy. Skyldfolket mitt hadde rymt hit til denne avkroken av landet ifraa Paris eit av dei fyrste aari i hundradaaret. I politikk var dei Armagnac-folk — det vil seia nationale. Dei heldt paa kongen vaar, endaa so tomsutt og vmegtig han var. Det burgundiske partiet som heldt paa engelskmennerne, hadde nækt deim, og det til skinnet. Dei tok alt so nær som den vesle adelsskapen ifraa far, og daa han kom til Neufchateau var han utfatig og nedbroten baade paa kropp og sjæl. — Men hen lika den politiske lufti der, og det var altid noko.

Han kom ifraa ei grend der allslags rasande galne ukjurur og devlar heldt til, som hadde si største moro av aa drepa folk, so inkje skikkelegt menneskje kunde vera trygg for livet.

I sjølve Paris for rampen nattetider ulande og skraalande igjenom gatune og plundra og røva, brende og drap; ingen sette seg til motverje, ingen tok imot deim. Soli rann og lyste ned paa rykande og nedrivne bygningar og skamskorne lik som laag strødde burtetter gatune plent der dei seig ned. Flestalle var nakne utan ein klædetraad paa seg, for tjuvane hadde vore ute etterpaa og plundra deim; dei heldt seg altid i hælane paa rampen. Ingen hadde mod til aa taka desse liki upp og fra deim i jordi; dei fekk liggja og rotna der dei laag og skapa sott og farang.

Og det er visst, dei skapa sott av alle slag. Farangane reiv folk burt som flugur, og dei laut jordast i løynd og um natti, for ingen fekk lov til aa halda

skikkelege likferder, so ikkje folk skulde skyna kor ille det stod til, og verta reint forstyra.

Og so fekk dei attpaa den sælaste vinteren som landet hadde havt paa fem hundrad aar. Hungersnaud, sott, mord og draap, is og snø — alt dette hadde Paris paa ein gong. Liki laag i haugar kringum i gatune, og ulvane kom midt paa ljose dagen inn i byen og aat deim upp.

Aa, Frankrike hadde falle laagt — so laagt, so laagt! I meir en tri kvart hundradaar hadde dei engelske klørne site i det blodige kjøtet hennar, og so kuva hadde hærane hennar vorte av dei endelause tapi, at det ordet gjekk i fullt aalvor, at berre aa sjaa ein engelsk soldatflokk var nok til aa slaa ein fransk hær paa flog.

Daa eg var fem aar gamal, laut Frankrike lida den skræmelege Agincourt-ulukka. Den engelske kongen reiste nok etterpaa heim og skulde njota sigeren sin, men landet laag nedfyre og var eit lett rov for alle rekefantane som høyrde Burgund-hæren til. Eit av desse boli kom setjande igjenom Neufchateau ei natt, og i ljosken fraa hustaket som var sett eld paa, laut eg sjaa alle eg hadde kjær i verdi (so nær som ein eldre bror, ættefar dykkar, som til all lukke var ved hove) slagta ned, medan dei bad um naade, og eg høyrde slagtarane, koss dei log av bønerne deira og hermde etter deim, naar dei gret. Meg agta ingen paa, og eg slapp undan utan skade.

Daa ukjurune var burte, kraup eg fram, og sat heile natti og gret og saag paa dei brennande husi. Eg var plent aaleine, naar eg reknar liki ifraa, for alle som kunde, hadde rymt sin veg og gøymt seg væl.

Eg vart send til Domrémy, til presten der, og husjomfruva hans vart ei god mor for meg. Presten lærde meg smaatt um senn aa lesa og skriva, og han og eg var dei einaste der i landsbyen som aatte so stor ein lærdom.

Den gong eg fekk heimen min hjaa denne gode presten, Guillaume Fronte, var eg seks aar gamal.

Me budde tett attmed landsbykyrkja, og den vesle hagen som foreldri til Jeanne aatte, laag rett bak kyrkja. Naar eg fyrst hev nemnt desse folki, kan eg likeso godt fortelja med ein gong ein grand meir um deim. Der var no fyrst Jaques d'Arc, far til Jeanne, og mor hennar, Isabel Romée. So var det tri søner — Jaques var tie aar gamal, Pierre aatte og Jean sju aar. Jeanne var fire aar, og veslesysteri Katrine pealag eit aar.

Alle desse borni hadde eg til leikekameratar heilt fraa fyrst av. Eg hadde nokre andre kameratar umframt, og daa helst desse fire gutane: Pierre Morel,

Etienne Roze, Noel Rainguesson og Edmond Aubrey, som var son til lensmannen der. Der var og tvo gjentur paalag so gamle som Jeanne, og dei vart smaatt um senn bestevenerne hennar. Den eine heitte Haumette, den andre vesle Mengette. Baae gjentune var bondeborn rett og slett, akkurat som Jeanne sjølv . Daa dei vart vaksne gifte dei seg baae med kvar sin arbeidsmann. Som de ser, var det ikkje stor stasen med deim. Men endaa so kom det ei tid, mange aar etterpaa, daa ingen ferdamann, kor rik og stor han var, gløymde aa lydast innum og helsa paa desse tvo gamle konune som i ungdomen hadde vorte heidra med venskap av Jeanne d'Arc.

Det var snilde og gode born, alle ihop, plent som bondeborn plar vera, ikkje sers kloke — det var ikkje aa venta — men godslege og hjartansgode, lydduge mot foreldri og presten. Og med kvart dei voks upp, tok dei i arv dei same trongsynte meiningane som dei vaksne hadde. Trudomen hadde dei ervt, og politikken likeeins.

John Huss og folk av hans slag kunde finne lyte ved kyrkja so mykje dei vilde — i Domrémy skræmde ikkje dette nokon fraa trui. Og daa skilsmaalet kom, — eg var fjorten aar den gongen, — og me fekk tri pavar paa ein gong, var ingen i Domrémy brydde med kven dei skulde velja av deim — paven i Rom var den rette. Ein pave som ikkje sat i Rom, var ingen pave.

Kvart einaste menneskje i landsbyen var Armagnac-mann — national —, og um me borni ikkje hata anna i denne verdi, so er det visst at me hata alt som engelsk og burgundsk heitte.

---

## Tridje bolken.

Domrémy var plent som alle andre smaa landsbyar i hine gamle dagar. Der var ein samanfløkt hop av krokutte, tronge smog og vegar, som laag heilt i skugge; for husi var plent som lodur aa sjaa til og rette taki langt utover paa baae sidur av vegen. Og desse husi fekk eit dimt ljos inn gjenom vindaugo med trelemar fyre — det vil seia hol i veggen istadenfor glas. Golvet var av trampa mold, og husbunad fanst det mest ikkje. Sauerne og buskapen sin var det storparten livde av, og alle unge gutar og gjentur laut ut og gjæta.

Ein ting er visst, at landsbyen laag fagert til. Paa den eine kanten gjekk det ei vidsveimd, blomestrodd slette alt ned til Meuse-aai. Og paa baksida av landsbyen gjekk det ein bratt grasbakke jamt uppover til tops, og ovst uppe var det ein veldig eikeskog — ein skog som

var baade tett og myrk, og full av eventyr for oss borni. For i gamle dagar hadde det halde utlæge til her, som hadde drepe meir en eitt menneskje; og i endaa eldre tider hadde fæle drakar, som spruta eld og giftig eim or naseborerne sine, havt tilhald her.

Det var jamvel ein att paa vaar tid. Han var so lang som eit tre og var so vid rundt kroppen som ei tunnegjurd; svære reist hadde han plent som takstein som gjeng over kvarandre, og blodraude augo so svære som ein riddarshatt, og ei kluft paa rovi so svær som — ja eg veit ikkje kva eg best skal likna det med, men stor var han jamvel til ein drake aa vera; det sa alle som hadde noko vit paa det.

Folk meinte denne draken var glimande blaa paa lit med gullprikkar paa; men ingen hadde nokortid med eigne augo set, at det var so; dei berre hadde den trui. Det var no ikkje mi tru, og eg tykkjer det er reint gale aa gjera seg upp ei meining, minder ein hev noko fast aa halda seg til. Eg for min part hev altid meint, at draken var gull-lita og ikkje blaa, for slik hev drakar altid vore paa lit.

At denne draken eingong laag tett inn ved oss i skogen skynar me av, at Pierre Morel ein dag var inne i skogen og kjende honom paa lukti. Det er fælt aa tenkja paa, kor nær ein stundom kan vera ein gruveleg faare, utan ein varest det.

Fyrr i tidi vilde hundrad riddarsmenne fraa alle kantar av jordi kome saman og gjenge der inn, ein um gongen, og stride med draken. Men i vaare dagar bruka dei ikkje lenger dette; det var berre presten som no skræmde drakar burt.

Far Guillaume var den, som denne gongen gjorde dette.

Han hadde med seg ein heil folkemuge som gjekk i rad og rekkje med ljos og røykjeverk og flagg; dei gjekk rundt skogen, og presten mana draken burt. Han vart aldri spurd til meir, endaa mange meinte at lukti aldri heilt kvorv burt. Koss det no var med den ting, so veit eg, at ubeistet var der fyrr det vart mana burt, men um det var der etterpaa eller ei, skal eg ikkje kunne seia for visst.

Paa ein fager open grasklædd plass uppe paa hogdi imot Vaucouleurs stod det eit veldigt boketre som spreidde greinerne sine langt ut og gav herleg skugge under det rike lauvet; og attmed treet var det ei kjelde med det klaaraste vatn ein kunde tenkja seg. Og um sumaren gjekk altid borni hit — aa ja daa, kvar einaste sumar i meir en fem hundrad aar hadde dei gjort det — og [illegible]ng og dansa kring um treet i timevis, og naar dei var tyrste drakk dei av kjelda, og

hadde det so makelaust gildt. Dei batt kransar av markblomar og hengde paa treet og rundt um kjelda til alvemøyane som budde der. Desse lika so godt sovore, for alle alvemøyar er glade i fagre blomar bundne ihop paa den maaten.

Og til vederlag for dette gjorde alvemøyane alt det beste dei visste for borni; kjelda heldt dei altid klaar og kald og full til baren, og dei dreiv burt orm og leide troll som sting. Paa den maaten hadde det aldri vore noko leidt millom alvane og bygdeborni paa over fem hundrad aar — sume sa tusen aar —, dei hadde altid vore dei beste vener. Og kvar gong det døydde eit barn, syrgde alvane tilliks med kameratane til barnet, og ein hadde altid eit visst merke paa dette: fyrr solrenning paa sjølve likferdsdagen hekk det ein liten krans med ævlegsblomar paa greini uppover den plassen der barnet pla sitja under treet. Eg veit, at dette er sant. Eg hev sjølv set det med eigne augo; det er ikkje berre noko, folk seier. Og at det var alvane som hadde hengt kransen der, kunde ein skyna av den ting, at han var gjort av berre svarte blomar av eit slag som ikkje grodde i Frankrike nokon stad.

Fraa uminnelege tider hadde alle born som vart uppalne i Domrémy vorte kalla "borni til treet". Og dei var glade i dette namnet, for det fylgde ein serrett med som ingi andre born i heile verdi elles hadde. Og det var dette: naar nokon av desse skulde til aa døy, daa steig biletet av treet fagert og grønt fram i hugen hans — sosant alt stod væl til med sjæli.

So sa nokre. Men andre meinte, synet kom paa tvo maatar; eingong til eit varsel, eit aars tid eller tvo fyre dauden, medan sjæli laag under for synd; daa synte treet seg nækt og myrkt som det saag ut vintersbil — og daa fekk sjæli ein fælsleg støkk i seg. Dersom ein trega og hugvende seg, kom synet att, men denne gongen var treet ljost og fagert og sumarklædt. Men tura ein fram i si synd, daa kom ikkje synet meir att, men sjæli visste kva som fyre stod.

Andre att sa, at synet kom berre ein gong, og daa berre til slike som døydde med reint sinn, langt burte i framandt land og saart lengta etter eitkvart kjært minne um barndomsheimen. Og kva minne kunde vera kjærare for deim en biletet av det treet dei hadde elska daa dei var barn, og som hadde gjeve deim trøyst og hugsvaling uppigjenom heile ungdomen, som no laag so langt attende i tidi.

Sume trudde som sagt so, og andre so. Eg for min part trudde det siste, og det same gjorde Jeanne. Men Pierre

Morel og Jaques d'Arc og mange andre meinte at synet kom tvo gonger — til syndaren. Og ikkje nok med det, men dei sa, dei visste det v i s s t. Men det var vel berre, avdi dei hadde høyrt det av foreldri sine; for det meste ein veit hev ein fraa andre her i verdi.

Altid, fraa langt attende i tidi, hadde borni sunge ein song um treet, naar dei soleis slo ring og dansa rundt det, det var songen um A l v e t r e e t i B o u r l e m o n t. Han var paa ein underleg kløkkjande lund — ein mild draumtone som hev kome fyre meg naar eg var trøytt og nedtyngd, og gjeve meg trøyst og fred paa nytt.

Det er ikkje sagt, at de tykkjer songen er noko storre tess. Men naar de kjem ihug, kor mykje treet og songen var for oss, so vil de kanhenda betre forstaa, at taarune kjem i augo paa oss og gjer synet dimt og døkt, og me kjem so paa graaten, at me ikkje er god til aa syngja dei siste linune:

"Og naar i framand-land me er,
i vaande lengtar etter deg,
daa stig i hugen fram!"

Og so fær de ikkje gløyma, at Jeanne d'Arc hev sunge denne songen ilag med oss, daa ho var lite barn, og ho var altid so glad i han. Det legg glans over songen — det lyt vel de med seia.

A l v e - t r e e t i B o u r l e m o n t.

K v a b o r n i s o n g.

Kva hev vel gjort ditt lauv so grønt,
du Alve-tre i Bourlemont?
D'er barnetaarur! Kvar ei sorg
kom borni med, og trøyst dei fekk.
Du lækte sorgi, taara tok,
og vart sjølv grøn og ung.

Kva hev deg gjort so stor og traust,
du Alve-tre i Bourlemont?
D'er barnekjærleik. Lenge dei
hev elska deg — minst tusen aar.
Med song og pris dei nørde deg,
dei vermde deg um hjarterot
i tusenvis av aar.

Ver altid grøn i hjarta vaart,
du Alve-tre i Bourlemont!
Daa altid like ung vert me,
me ansar ei, koss tidi flyg.
Og naar i framand-land me er,
i vaande lengtar etter deg,
daa stig i hugen fram!

Alvane var der enno, den gongen me var born, men me saag deim aldri; for hundrad aar fyreaat hadde presten i bygdi halde gudstenest under treet, og han hadde lyst deim i ban og sagt at dei var i skyld med develen sjølv og kunde aldri verta frelste. Og so truga han deim til aa aldri syna seg for folk

meir, og helder ikkje fekk dei hengja kransar paa treet, naar nokon av borni døydde, elles skulde dei for all æva visast ut or bygdi.

Alle borni bad for alvane og sa, at det var deira beste vener, og aldri gjorde dei noko som gale var. Men presten vilde ikkje lyda paa dette, og sa det var synd og skam aa hava slike vener. Borni syrgde og vilde ikkje lata seg trøysta, og dei la over seg imillom, at dei vilde halda paa som fyrr og hengja blomekransar paa treet til alvane, so dei skulde sjaa, ein enno heldt like mykje av deim og kom deim ihug, endaa um ein ikkje lenger saag deim for augo.

Men seint ein kveld hende det ei stor ulukke. Mor til Edmond Aubrey kom framum treet, nett som alvane lurde seg til aa taka seg ein dans — dei meinte at ingen var attmed og saag deim. Dei gjekk so upp i leiken og hadde slik moro, — kanhende gjorde all doggi og honingen, dei hadde drukke, deim eingrand øre i hovudet, — nok er det, dei vardest ingenting. Mor Aubrey stod der forbina og saag paa koss desse smaa kvikjendi stod og heldt kvarandre i handi — dei var so mange som tri hundrad i talet — og sveivde seg rundt i ein ring og log og song, det høyrde ho skile, og spennte upp med beini minst tri tumar fraa jordi av berre moro, skynarde — aa ein skulde aldri set make til dans!

Men eit minutt eller tvo etterpaa hadde dei arme smaa stakarane vorte henne var. Dei sette i eit hjarteskjerande skrik og rymde kvar sin veg, og alle tok dei bitte smaa henderne sine upp til augo og grét. Og so kvorv dei burt.

Den hjartelause kona — nei den faavituge kona, for ho var ikkje hjartelaus, ho var berre tankelaus — gjeng ho ikkje beinast heim og fortel det heile til grannane, medan me, som var venerne til alvane, laag i djupaste svevnen og ikkje drøymde um den ulukka som var hendt, so me kunde vore uppe og freista aa stogga det sergjelege skrovlet hennar. Um morgonen visste heile bygdi det, og daa var ulukka skjedd; for det alle veit, veit presten med.

Me skunda oss alle i flokk og fylgje til far Fronte og baade gret og bad — han laut graata, han med, daa han saag kor tungt me tok det, for han var baade hjartansgod og snild. Han var slett ikkje huga paa aa lysa alvane i ban, og han sa so. Men han hadde ikkje noko anna val, sa han. Alvane visste, dei laut burt, um dei nokongong synte seg for folk, og det hadde dei no gjort. Dermed laut han gjera si pligt.

Alt dette hende paa den verste tid som tenkjast kunde, for Jeanne d'Arc

laag sjuk av feber og var reint i ørska, og kva skulde me gjera, som ikkje var so gode som ho korkje til aa tenkja ut motraader eller telja fyre nokon. Me flaug i flokk og fylgje inn til henne og skreik: "Jeanne, vakn upp! Vakn upp, det er paa høg tid! Kom og bed for alvane — kom og frels deim; ingen annan en du kan det."

Men ho var reint i herota; ikkje høyrde ho kva me sa, og ikkje skyna ho kva me meinte. So laut me gaa att, og visste, at alt var tapt. Ja, alt var tapt. Dei trugne venerne som borni i fem hundrad aar hadde havt, laut burt, og fekk aldri meir koma att.

Det var ein hard dag for oss, den dagen far Fronte heldt messe under treet og lyste alvane i ban. Me kunde ikkje klæda oss i sorg, so nokon saag det, for det vilde me ikkje fenge lov til. Me laut gjeva oss tiltols med nokre svarte klædesfillur som me batt paa klædi vaare ein stad det ikkje synte. Men i hjarta syrgde me fullt og heilt, og det kunde ingen meinka oss i.

Det store treet — Alvetreet i Bourlemont — vart aldri sidan plent so mykje for oss som det hadde vore fyrr, men kjært hadde me det altid. Enno held eg det so kjært, at eg, gamal som eg er, lyt reisa dit minst ein gong um aaret og sitja uppunder det. Eg tenkjer daa paa alle ungdomsvenerne mine og tykkjest ha deim um meg, og eg græt, som hjarta skulde sprengjast i bringa paa meg, naar eg tenkjer paa — aa gud, aa gud!

Nei, plassen vart aldri plent den same sidan. Og paa e i n maate kunde han helder ikkje det vera; for meddi alvane ikkje lenger var der til aa taka seg av henne, misste kjelda mykje av kjøldi si og det meste av vatnet, og orm og sting-troll kom att, og auka i mengdevis, so dei vart til ei stor plaage, og det hev dei vore til denne dag.

Daa den kloke litle Jeanne-gjenta vaar vart frisk att, skyna me fyrst kor mykje sjukdomen hennar hadde kosta oss; for me fann snart ut, at me hadde havt rett i aa tru, at ho kunde ha frelst alvane. Ho fekk reint ei sinnerid av sorg, daa ho frette kva som hendt var, og beinast til far Fronte gjekk ho, stelte seg rett upp og ned framfyre honom, gjorde ein kniks og sa:

"Alvane laut burt dersom dei synte seg for folk meir, var det ikkje so?"

"Jau, so var det, barnet mitt."

"Dersom einkvan kjem luskande inn i annanmanns rom midnattesbil, naar mannen er halvnaken, vil du daa vera so urimeleg, at du seier at denne mannen viser seg for dette andre mennesket?"

"M—nei." Den gode presten saag eingrand brydd og utrygg ut daa han sa dette.

"Er synd i det heile synd, naar ho ikkje er med vilje gjord?"

Far Fronte rette upp henderne og sa:

"Aa, arme barnet mitt, no skynar eg kva gale eg hev gjort," og han drog henne inn til seg og freista aa godsnakka med henne. Men ho var so uppøst, at ho ikkje paa lenge enno var til aa stagga. Ho gjøymde hovudet innimot bringa hans og sette i aa graata.

"So hev alvane ingi synd gjort," gret ho, "for dei hadde aldri meint aa gjera noko gale; dei visste ikkje, det var folk attmed. Og so var dei so smaae, og ikkje kunde dei snakka fyre seg og seia, at det ikkje var med vilje gjort, og dei hadde ingen ven til aa tenkja denne beintframe tanken for deim og seia det. Dermed hev dei vorte drivne ifraa heimen sin for alle tider, og det var gale, det var g a l e gjort, seier eg."

Den snilde presten drog henne endaa tettare inn til seg, og sa:

"Sanneleg, ut or smaabornmunnar vert dei haa-lause og tankelause dømde. Gjeve Gud sosant, at eg kunde faa dei smaa stakarane attende, for di skuld! Og for mi eigi med, for eg skynar eg hev gjort urett imot deim. Sjaa der! Graat ikkje so — ingen kan vera leidare fyre det en eg — graat so ikkje lenger, barn."

"Men eg kan ikkje stansa graaten so braadt — eg lyt graata. Og det er ingen liten ting du hev gjort. Tykkjer du det er nok bot for sovore, berre aa seia, at du er leid fyre det."

Far Fronte snudde andlitet ifraa, so ho ikkje skulde sjaa, at han drog paa smilen, og sa:

"Aa, du harde, men rettvise domaren min! Nei, det er so ikkje. Eg vil klæda meg i sekk og oske — er du so nøgd?"

Graaten tagna med eitt, og Jeanne saag gjenom taarur burt paa den gamle mannen og sa paa sin beintframe maate:

"Ja, — dersom du trur du kan sleppa med det."

Far Fronte vilde til aa læ paa nytt, men so kom han ihug, at han no hadde lova noko, som ikkje var rett hyggjelegt aa halda. Men haldast maatte det. So reis han upp og gjekk burt aat aaren — Jeanne vart standande forbina og saag paa honom — og tok eldskufla full av oske og skulde til aa toma det utover det graahærde hovudet sitt. Men so fekk han eit betre hugskot en som so, og sa:

"Du vilde ikkje hjelpa meg, veit eg?"

"Koss daa, fader?"

Han la seg paa kne og lutte med hovudet.

"Tak oska og aus utover hovudet paa meg," sa han.

Det vart enden paa leiken, kan ein

vita. Og presten var den som gjekk av med sigeren. Ein kan tenkja seg til, koss Jeanne maatte taka upp tanken paa sovore heilagbrot. Ho sprang burt og fall paa kne attmed, og sa:

"Aa, dette var fælt. Eg visste ikkje, det var dette som var meint med sekk og oske. Gjer væl og ris upp, fader!"

"Men det kan eg ikkje, fyrr eg hev fenge tilgjeving. Tilgjev du meg daa?"

"Eg? Aa du hev daa ikkje gjort noko gale mot meg, fader. Det er du sjølv som lyt tilgjeva deg sjølv, avdi du gjorde synd imot desse arme smaa stakarane. Aa, statt no upp, fader, gjer-so!"

"Men eg er verre ute en nokortid. Eg meinte eg skulde vinna di tilgjeving, men er det mi eigi det gjeld, kan eg ikkje vera so lempeleg; det vilde ikkje søma seg. Kva skal eg gjera? Kan ikkje du finna paa raad, trur du, i den vesle, kloke skolten din?"

Men presten var ikkje til aa rikka, alt det Jeanne bad og tigga honom. Ho var paa graaten, men so kom ho med eitt paa noko. Ho treiv skufla og auste oska utover hovudet paa seg sjølv, og stota og grét:

"Sjaa der! No er det gjort. Ris no upp, fader!"

Den gamle mannen hadde sin store moro av dette, men vart kløkt samstundes. Han drog henne inn til seg, og sa:

"Aa du makelause barnet mitt! Dette er paa sin maate eit slags martyrdom, endaa det ikkje vilde taka seg ut paa skilderi; men rette offerhugen er der, det kan eg vitna."

So sopte han oska ut or haaret hennar og hjelpte henne med aa tvaa seg rein i andlitet og paa halsen og fli seg elles. Han var i særs godlag vorten, og reide til aa drysta saki betre no. Dermed sette han seg ned, og drog Jeanne burt aat seg.

"Du Jeanne," sa han, "du batt vel kransar, du tilliks med dei hine borni, kan eg tru?"

Det var den maaten han altid tok det paa, naar han vilde setja meg fast i eitkvart — denne milde likesæle maaten som fekk folk til aa gaa beinast i fella og aldri vardest noko fyrr døri var attlæst etter deim. Han hadde sin største moro av sovore. No skyna eg godt, at det var Jeanne han denne gongen vilde strøa lokkemat framfyre. Jeanne svara:

"Ja, fader."

"Hengde du deim paa treet?"

"Nei, fader."

"Du hengde deim ikkje der?"

"Nei."

"Kvi ikkje?"

"Eg — eg brydde meg ikkje um det."

"Brydde du deg ikkje um det?"

"Nei, fader."

"Kva gjorde du so med deim?"

"Eg hengde deim upp i kyrkja."

"Kvi brydde du deg ikkje um aa hengja deim upp i treet?"

"Nei, for eg høyrde folk sa, at alvane var skyldfolk til develen, og at det var synd aa heidra deim."

"Trudde du det var gale aa heidra deim soleis?"

"Ja. Eg tenkte det maatte vera gale."

"Men naar det var gale aa heidra deim paa denne maaten, og dei var skyldfolk til develen, so kunde dei vera faarlege kameratar for deg og dei hine borni, kunde dei ikkje vel det?"

"Jau — det kan nok henda."

"Daa stend saki soleis, sovidt eg kan skyna: Dei var forbanna kvikjende av gruvelegt upphav; dei kunde verta faarlegt selskap for borni. Kan du daa gjeva meg ein rimeleg grunn fyre, kvi du seier det var gale aa lysa deim i ban, og kvi du vilde ha spara deim. Med eitt ord, kva forlis hev du havt av dette?"

For ein faaming han var, som øydela saki si paa denne maaten. Hon byrja so godt, og no spillte han alt med det han sa tilslutt. Kva h o hadde forlist paa det! Plent som ho nokongong tenkte paa seg sjølv og sin eigen bate.

Aldri fyrr var ordi ute av munnen hans, so vart ho i eit egse. Taarune kom i augo hennar, og ho frøyste imot honom, so han vart reint forstokt.

"Aa fader, koss kan du tala so? Kven eig Frankrike?"

"Gud og kongen."

"Ikkje Satan daa?"

"Satan, barnet mitt? Nei, landet er skammelen til Gud hin Allmegtige — Satan eig ikkje ein tume av jordi her."

"Kven er det daa, som hev gjeve desse arme stakarane heim her? Gud. Kven hev livt um deim i alle desse hundradaari? Gud. Kven hev late deim faa lov til aa dansa og leika seg i all denne tid og aldri tott noko gale i det? Gud. Kven fann aat Gud for dette og truga deim? Eit menneskje. Kven fanga deim i ein skuldlaus leik som Gud tillet og eit menneskje forbaud, og gjorde det som var truga med og dreiv dei arme stakarane burt ifraa den heimen som den gode Gud i sin naade og medynk gav deim. Han som sende regn og dogg og solskin nedover deim i fem hundrad aar til teikn paa sin naade. Det var d e i r a heim — deira, av Guds naade og miskund, og inkje menneskje hadde rett til aa røva det ifraa deim. Og det er dei snildaste, trugnaste ve-

ner, som born nokortid aatte, og dei hev gjort deim alleslags smaa tenester utigjenom desse fem hundrad aari, og aldri korkje vondt eller harm. Og borni elska deim, og no syrgjer dei over deim, og veit seg ingi trøyst. Og kva hev borni gjort, meddi dei skulde faa dette tunge slaget? Dei arme alvane k u n d e ha vorte faarlege kameratar for borni? Ja, men dei hev aldri vore det, og k u n d e er inkje prov. Skyldfolk av Satan? Um so var, so hev skyldfolk av Satan sin r e t t, og det same hev dei. Borni hev sin rett, og dei sin. Og hadde eg vore her, so skulde eg ha sagt ifraa — eg skulde ha bedt for borni og devlane og halde handi di attende. Men no er altslag for seint. No er det ingi raad meir!"

Tilslutt reiste ho bust imot den meiningen, at ein skulde sky alvane ardi dei var frendar av Satan og soleis utestengde ifraa frelsa. Ho meinte som so, at n e t t u p p av denne grunn burde folk tykkja synd i deim og gjera alt det beste dei visste imot deim, so dei kunde gløyma den harde lagnaden dei hadde fenge, daa dei utan eigi skuld vart fødde til alvar aa vera. "Arme smaa kryp," sa ho. "Koss kan hjarta til sume vera laga, som kan tykkja synd i eit kristenmannsbarn, men ikkje kan faa seg til aa tykkja synd i eit barn av Develen, som tusen gonger meir t r e n g um det."

Ho hadde slite seg laus ifraa far Fronte, og grét med knokane inn i augo og stampa i golvet av berre sinne. So for ho paa dør, og burte var ho, fyrr me sansa oss.

Presten hadde reist seg upp, og no stod han og strauk seg med handi for panna plent som han var i ørska. So snudde han seg og gjekk burt aat døri inn til det vesle arbeidsromet sitt, og med same han gjekk derinn, høyrde eg han sa med sorg i mælet, berre so for seg sjølv:

"Aa nei, aa nei, arme smaa kryp, arme smaa devel-born, dei h e v rett, ho hadde rett i det — det hev eg aldri tenkt paa fyrr. Gud tilgjeve meg, eg hev stor synd paa meg."

Daa eg høyrde dette, skyna eg, at eg hadde havt rett, daa eg meinte han sjølv hadde gjenge i fella. Og eg kjende meg so ovanpaa, at eg tok til aa lura paa, um ikkje eg kunde faa honom i ei til. Men eg kom snart til det, at sovore ikkje laag for meg. Eg hadde ingi gaave i so maate.

---

## F j o r d e  b o l k e n.

Medan eg er inne paa dette, kjem eg paa so mykje anna slikt fraa den tidi, som eg kunde fortelja um, men

eg trur aldri, eg bryr meg. Eg vil helder freista aa gjeva ein liten glimt av den gode gamle tidi daa me livde i fred og ro heime i landsbyen, og helst daa av livet der um vinteren.

Um sumaren var me borni ute i skog og mark med buskapen, fraa det lyste av dag til langt paa natt, og daa hadde me meir en ei morostund ute. Men vinteren var det likevel største hugnaden med; vinteren var den gildaste tidi. Tidt og ofte kom me saman i den svære stova til Jaques d'Arc. Golvet var berre av stampa mold, men det brann altid godt burtpaa aaren, og me leika og spela og song visur og fortalde eventyr, eller me lydde paa gamle bygdefolk som fortalde sogur baade um eitt og anna like til tolv um natti.

Ein vinterkveld var me saman der — det var endaa den same vinteren som folk i aarevis frametter kalla den harde vinteren — og denne kvelden var det isande kaldt i veret. Utfyre bles det reint upp til storm, og vinden ula og kvein, so det var grove ting. Men eg likar den laaten; eg tykkjer det er gildt aa høyra vinden bura og blaasa, naar ein sjølv sit lognt og varmt innan dørar.

Og det gjorde me. Det brann so det dura burtpaa aaren, og snøfillune som datt ned igjenom pipa turka upp med det same av den svære hiten. Spitspit, sa det for kvar dropen. Me song og prata og heldt moro til ti-tidi paalag, og so fekk me oss kveldsmat med varm supe og baunur med mjølkakur og smør til, og svoltne var me alle so det hadde god skikk.

Vesle Jeanne sat paa ein kasse for seg sjølv og hadde supa og braudet sitt framfyre seg paa ein annan kasse, og alle dyri hennar sat rundt ikring henne og hjelpte til. Ho hadde fleire slike vener en vitugt var, for alle heimlause kattar kom og slo seg ned hjaa henne, og andre forkomne dyr av alle slag høyrde gjete dette og kom dei med. Fuglane og andre skvetne villdyr i skogen var aldri rædd henne, men kjende strakst paa seg, at ho var venen deira, og dei gjorde seg gjerne kjend med henne, so dei skulde verta bedne inn i stova. Dermed var det altid fullt upp av slike gjester Ho tok væl imot deim alle, for eit dyr var eit dyr, totte ho, og kjært berre av den grunn, det same kva slag det var av. Og ho vilde ikkje vita av korkje bur eller band til deim, men lét deim gaa og koma, som dei sjølve vilde. Og det lika dei, so dei kom i flokkevis, men derimot vilde dei helst ikkje gaa att, so dei vart til ei hjarteleg plaage, og fekk Jaques d'Arc til aa banna meir en ein gong. Men kona sa, at det var Gud som hadde gjeve barnet dette dyretekket, og han hadde nok sin meining

med det, so det var aldri verdt at nokon la seg upp i den ting.

Dermed fekk dei smaa venerne hennar vera i fred, og her var som sagt baade kaninar og fuglar, ikonn, kattar, og andre dyr, alle sat dei ikring barnet og hjelpte til med maten det beste dei hadde lært. Uppe paa oksli hennar sat det eit lite ikonn uppreist, som slike dyr si vis er, og snudde og vende paa ei steinhard kastanje og leitte etter ein mjuk plass aa setja tennerne i, og for kvar gong veifta det med den lange busterovi si og lymde med dei tvo svære framtennerne sine, som eit ikonn hev til nytte og ikkje til pryd — det skynar alle som hev gjeve noko større gaum paa deim.

Som me no sat i beste leiken, dundra det paa døri. Det var ein av desse fillutte rekefantane, som dei evindelege krigane fyllte landet upp med.

Han steig inn, reint over med snø, og stampa av seg paa føterne, risste og sopte av seg snøen, og let væl att døri. So tok han av seg den uselege hattefilla si og slo ho eit par gonger imot laaret, so snøen skulde flyssast av, saag seg sidan ikring i laget med eit vælnøgt drag i det skrinne andlitet og sende nokre lange augo burt aat maten. So helsa han audmjukt godkveld, og sa det var vælsigna aa ha slik varme som me hadde ein kveld som ikveld, og eit tak som dette over hovudet og slik forkunmat aa eta og gode vener aa røda med — jamen var det so, Gud hjelpe sosant alle heimlausingar og slike som laut traska vegelangs i slikt eit ver.

Ingen sa noko. Den arme syndaren stod der so snøden og bad fyre seg med augo, men han las inkje vælkome i noko andlit, og smilen i hans eige døydde burt med kvart. So gløste han nedfyre seg; det tok til aa bivra so underlegt innmed munnvikane, og han tok handi upp for augo.

"Set deg ned!"

Denne tore-smellen kom fraa gamle Jaques d'Arc, og det var Jeanne det galdt. Framandkaren vart so forstøkt at han tok handi ned, og fekk daa sjaa, at Jeanne stod framfyre honom og baud honom supe-skaali si. Mannen sa:

"Gud den almegtige velsigne deg, barnet mitt!" sa han, og taarune kom tiplande ned etter kinni hans, men han vaaga seg ikkje til aa taka imot skaali.

"Høyrer du ikkje! Set deg ned, seier eg!"

Det kunde ikkje tenkjast barn som var føygjelegare en Jeanne; men dette var ikkje rette maaten aa taka henne paa. Det lærde far hennar aldri. No sa Jeanne:

"Far, han er svolten; eg n sjaa det."

"So lat honom arbeida for maten. Me vert snart etne ut or hus og heim

av slike rekefantar, og eg hev sagt, at eg ikkje vil tola dette rennet lenger, og det vil eg helder ikkje. Og som ein fark ser han ut, det gjer han. Sett deg n e d, seier eg!"

"Eg veit ikkje, um det er ein fark eller ei, men han er svolten, far, og han skal ha supa mi — eg treng ho ikkje."

"Lyder du ikkje no, so skal eg —. Fark og farre skal ikkje ha hjelp av skikkelege folk, og korkje smitt eller smule skal dei ha her i huset. J e a n n e!"

Ho sette supa ifraa seg paa kassa og gjekk rett burt aat far sin som skjeglde morskt til henne, og sa:

"Far, dersom eg ikkje paa nokon maate fær lov, so veit du eg lyt lyda. Men eg vilde so gjerne du skulde tenkja deg eingrand um fyrst, so vilde du skyna, at det ikkje er rett aa straffa den eine lemen paa honom for det ein annan lem hev gjort. For det er hovudet til denne arme mannen som gjer alt det gale, men det er ikkje hovudet hans som svelt, det er magen. Og den hev ikkje gjort nokon mann fortræd; d e n er plent skuldlaus; han kunde ikkje gjera vondt di helder, endaa um han so vilde. Gjer væl og lat —"

"Kva i verdi er dette for noko tullsnakk! No hev eg daa aldri i mine dagar —"

Men no tok lensmann Aubrey fram i. Han var altid so glad i aa tala, og god var han til det og, det var noko me alle var samde um. Han reis upp fraa stolen der han sat og studde knokane paa bordet. So saag han seg vælnøgd ikring paa talarar si vis, og tok soleis tilords:

"Eg kan ikkje halda med deg i dette, granne, og eg tek meg paa aa syna dykk alle" — her saag han seg ikring og nikka sjølvtrygt med hovudet — "at der er eit lite sanningskorn i det som barnet sa. Høyr no her: Det er daa klaart nok, at det er hovudet som raader over heile kroppen. Kan nokon negta det?" Han saag seg ikring. Alle nikka, og medgav dette. "No ja. Naar so er, kan ikkje noko kropslem hava andsvaret for kos det gjeng, naar det gjer etter som hovudet hev sagt det til — og paa den maaten vert det hovudet aaleine som lyt svara for det gale som henderne eller føterne eller magen gjer — held de ikkje med meg i dette?"

Alle svara jau, og sume sa til kvarandre, at idag var lensmannen støvande god. Dette høyrde mannen og lika seg. Dermed heldt han fram paa same makelause maaten:

"No skal me sjaa eingrand paa, kva andsvar vil seia. Eg set, at ein hamar dett ned paa foten til ein mann og gjer stor skade paa mannen. Vil de daa seia, at hamaren hev andsvar for dette? Eg ser paa dykk, at de vilde kalla sovore

burt i natti. No — men kvi er det burt i natti? Jau, det vilde vera burt i natti avdi ein hamar ikkje eig vit; ein hamar kan soleis ikkje dragast til andsvar, og kan helder ikkje straffast, for mykje gale han so gjer. Hev eg rett?"

Folk klappa av alle livsens krefter.

"No, lat oss so gaa over til magen. Legg merke til kor akkurat jamgode magen og hamaren vert i dette høvet. No skal de berre høyra. Kan magen paa ein mann tenkja ut eit mord? Nei. Kan magen finna paa aa stela? Nei. Kan han setja varme paa annanmanns hus? Nei. No, men — kan hamaren det? Er hamaren likare i so maate?"

"Nei!" ropte folk. "Er han ikkje makelaus!" sa andre.

"No ja, gode grannar, ein mage som ikkje kan finna paa sovore som gale er, kan helder ikkje seiast aa vera den som gjer syndi, alt um han hjelper til. Og kan ein i det heile seia, at magen hjelper til med det som gale er? Eg meiner nei, for der vit ikkje finst kan det helder ikkje verta tale um andsvar. Det er plent som med hamaren. No ser de vel, at magen er plent utan skuld i alt det gale, som kroppen elles kan finna paa?"

Høge fagnadrop var svar godt nok.

"No ja. Kva kjem me so tilslutt til? Jau, at det ikkje finst noko her i verdi, som ein kan kalla ein syndig mage — at det i kroppen jamvel paa den verste farken finst ein rein og skuldfri mage, som skulde vera heilag for oss, koss eigarmannen so elles fer aat. Og so lenge Gud gjev det i hugen vaar aa tenkja gode og rettvise tankar, so skulde det vera vaar største hugnad, en seia pligt, ikkje berre aa mata den svoltne magen, som høyrer fanten til, avdi me tykkjer synd i magen. Men me skal gjera det med glede og tenkja paa kor stort det er av magen at han kan halda seg rein og skuldfri midt i den verste freistingi og i sovore laakt selskap. Meir var det ikkje eg vilde seia."

Ein skulde aldri ha høyrt paa make til leven! Dei reis upp — heile flokken reis upp, so mange som inne var, og dei klappa i henderne og dei trengde seg burt til honom og risste honom dugalegt i handi, og dei skrepte av honom, til han vart so byrg og fjaag, at han vart mest ende paa. Han var tilslutt ikkje god til aa faa eit ord fram, so kløkt var han. Det var makelaust aa sjaa paa. — Alle sa, at so god tale hadde han aldri i sitt liv halde fyrr, og aldri kom han til aa halda maken helder, det var uraad, det. Ja det er underlegt med den, som er godt skoren for tungebandet, likevel. Jamvel gamle Jaques d'Arc vart upp i veret, han med, for eingong skuld, og ropte:

"Ja ja, Jeanne, gjev honom supa, du!"

Ho vart eingrand fortustra og visste ikkje rett kva ho skulde seia, og dermed sa ho ingenting. Det hadde seg so, maavita, at ho hadde gjeve mannen supa for lenge sidan, og han hadde longe ete upp alt ihop. Daa dei spurde henne, kvi ho ikkje hadde venta, til ho saag kva endskapen vart, sa ho, at magen til mannen var haardeleg svolten, og det var ikkje verdt aa venta, totte ho, for ho var ikkje viss paa, kva endskap det vart. Dette var ikkje so verst tenkt av eit barn aa vera.

Mannen var slett ingen fark, daa det kom til stykket. Det var tvertum ein gild kar. Han hadde berre vorte ute for den eine ulukka etter hi, men det var ikkje noko aa lasta honom fyre, helst ikkje i slike tider som det daa var i landet.

Men no som det synte seg at magen hans var utan skuld, fekk denne lov til aa slaa seg til i stova, og so snart som den var god og mett, løyste mannen upp for tungebandet, og han var nok ikkje so verst til aa prata, han helder, skyna me, daa det leid paa.

Han hadde vore i krigen i aareviS, og alt det han fortalde, og den maaten han fortalde det paa, kveikte fedrelandselsken i alle hjarta og fekk blodet til aa renna snøggare gjenom ædrerne.

Og so, fyrr nokon rett visste koss det hadde bore til, fortalde han oss den gamle heiderfulle fedrelandssoga naar i stutte drag. Me totteſt sjaa dei tolv storheltane or gamletidi risa ut or skuggeheimen og stridast med fiendeflaumen som kom veltande innover deim. Me totteſt sjaa denne vidsveimde valen med alle som laag der daude og døyande. Me saag snart ein og snart ein annan av dei tolv paladinane stridast manneleg og gjeva hogg paa hogg, so det suste i lufti. Men armen veikna tilslutt, for nye fiendeflokkar kom til med kvart. Og tilslutt saag me deim falla alle ihop, til det berre var ein att — han som var utan last og lyte, han som den store Rolands-songen er um, den songen som ingen franskmann kan høyra med turt auga. Og tilslutt totteſt me sjaa hans eigen heltedaude, og me kjende oss tilmode som stod me under ein kyrkjekvelv og høyrde omen av heilage klokkur.

Og i denne høgtidsdaamen som det vart etter denne forteljingi, klappa framandmannen Jeanne paa hovudet og sa:

"Vesle gjenta mi — Gud velsigne deg — du hev ført meg fraa daude til liv ikveld. Høyr no væl etter. No skal du faa løni di."

Og best det var, let han upp munnen og song med det fagraste og mest klokkjande maalet eg nokortid hev høyrt, den store Rolands-songen!

Betre tid kunde han aldri ha valt. Tenk franskmenner, som longe fyreaat var uppglødde og varme for fedrelandet! Kva var ord, om dei var aldri so gode og raakande imot desse tonane!

Aa nei, aa nei, kor fin, kor staseleg han saag ut, som han stod der og let dei veldige tonane rulla ut i romet! Heile karen hadde vorte ein annan i vaare augo; fillune var det ingen lenger som gaadde.

Alle reis upp og stod, medan han song, og andliti skein og augo brann. Og taarune trilla nedover kinni paa deim, og dei gav seg til aa vagga med hovudet og trampa med føterne i takt med tonane, og det kjendest i bringa, som ho skulde sprengjast sund.

Og daa han kom til siste verset, der Roland ligg aaleine, døyande, paa valen, som er overstraadd med alle dei han hev slege — ligg der i haugar og dungar ikring honom — og han med trøytt hand lyfter hjelmen upp imot Gud og med bleike lippur seier fram den herlege bøni si, daa kom alle paa graaten.

Men daa den siste veldige tonen var døyd burt, og songen tilende, daa kom dei alle farande burt til honom som song. Dei tok honom um halsen og kyste honom, og dei vilde mest kjøva honom av berre rørsle og takksemd. Men Jeanne var der fyrst. Henne tok han inn til seg, og vilde mest ikkje sleppa henne.

Stormen bura utfyre. Men det gjorde ingen ting. Framandkaren hadde heimen sin her, han, so lenge han berre sjølv vilde.

---

## Femte bolken.

Alle born hev klengjenamn, og me hadde vaare. Me fekk tidleg kvart vaart, og det vart hangande med oss. Men Jeanne var rikare en me andre i so maate, for med kvart tidi gjekk, fekk ho fleire; ho hadde tilslutt minst ei halv tylvt. Og fleire av deim hekk ved henne all hennar tid.

Bondegjentur er av naturen bljuge. Men ho var so over all maate bljug, og vart so lett fortustra naar det kom framande folk, at me gav henne utnamnet „Blygsla". Me var alle gode fedrelandsvener, men henne kalla me for „Franskmannen", for um elsken vaar til landet var aldri so heit, so var han som is mot hennar fedrelandskjensle. Ho vart og kalla for „Fagerdrosi", og dette ikkje berre, avdi ho var so over all maate ven, men mest avdi ho var so gild og god i seg. Alle desse namni vart ho hangande med, og fekk attaat eit til — „Djervleiken".

Me voks upp i lag i denne onnuge, fredelege bygdi, og det vart med kvart store gutar og gjentur av oss — store nok til aa vita likeso mykje um krigen som rasa i vest og nord som nokon av dei vaksne, og til aa verta likso uppøste over dei tidender me av og til frette derifraa som nokon av deim.

Sume slike dagar kjem eg ihug.

Ein tysdag var ein flokk av oss burtmed alvetreet. Me song og dansa i ringen og batt kransar til minne um dei smaa alvevenerne vaare me hadde misst. Best det er, set vesle Mengette i eit rop:

"Sjaa der! Kva er det?"

Naar nokon ropar sovore, lyt alle stana og sjaa seg ikring. Alle augo gløste same vegen, nedfyre bakken og burtimot landsbyen.

"Det er eit svart flagg."

"Eit svart flagg? Nei — skal tru det?"

"Sjaa sjølv."

"Jau sanneleg er det ikkje eit svart flagg. Skulde ein ha set paa maken?"

"Kva kan det tyda, tru?"

"Tyda? Det tyder noko fælt, kan du skyna."

"Det var ikkje det eg spurde um. Det skynar alle av seg sjølv, det. Men kva tyder det — det er det som er spursmaalet."

"Eg ventar, at han som kjem berande med det, kan svara paa dette betre en nokon annan. So me lyt gjeva tol so lenge."

"Han spring snøgt. Kven er det?"

Sume nemnde ein, og sume ein annan. Men best det var, saag me, at det var Etienne Roze, med utnamnet "Smørblomen", avdi han hadde gult haar og rundt pok-ærutt andlit. Forfederne hans hadde vore tyskarar for nokre hundradaar sidan.

No kom han farande uppfor bakken og svinga av og til med syrgjeflagget i lufti, med' alle augo fylgde honom, og alle tungur tala um honom, og alle hjarto slo snøggare etter aa faa vita kva tidend han kom med.

Tilslutt var han framme. Han støytte flaggstongi hardt i marki og sa:

"Sjaa der! Statt no der og ver franskeflagg, til eg fær pusta ut eingrand. No treng me ikkje anna flagg lenger."

Alt smaapratet tagna braadt. Det var som me hadde frett, at einkvan var død. Ikkje ein ljod høyrdest utan dei stutte forkava andedragi av ærendsveinen som stræva med aa faa veret att. Sosnart han var god til aa snakka, sa han:

"Laakt nytt er kome. Ein traktat er skriven i Troyes millom Frankrike og England og Burgund. Ved den er Frankrike svike, bunde paa hand og fot og flitt fienden ihende. Det er her-

kugen av Burgund sitt verk, ja og so hennar daa, ho denne ho-develen, denne dronningi vaar. Etter den skal Henrik av England gifta seg med Catharina av Frankrike — —"

"Dette maa vera lygn. Ei prinsesse av Frankrike skulde gifta seg med slagtaren fraa Agincourt? Det kan oldri vera raad, dette. Du kan ikkje ha høyrt rett."

"Kan du ikkje tru dette, Jaques d'Arc, so vert det ikkje greidt for deg sidan, for her kjem nok verre ting en som so. Kva slags barn det so vert fødd i dette egteskapet — um det so er ei gjente — so skal det verta erving baade til England og Frankrike, og soleis skal det sidan vera for alle tider."

"Nei men d e t t e er daa lygn, veit eg. Det er daa beint i strid med den Saliske lovi vaar, so det kan aldri verta gylligt," sa Edmond Aubrey, som me kalla Paladinen, avdi han altid prata so um dei hærane han eingong i tidi skulde gjera ende paa.

Han vilde ha sagt meir, men kom ikkje tilorde for alle dei andre. Alle var ifraa seg av harm over desse vilkaari, og tala i munnen paa kvarandre, so det var ikkje øyrens ljod aa faa. Tilslutt fekk Haumette stagga deim sovidt.

"De skal ikkje falla honom soleis i talen," sa ho; "lat honom faa fortelja ut. De er sinte og seier han lyg. Um so var, skulde de vera glade, veit eg. Fortel vidare, du Etienne."

"Her er berre dette att aa fortelja: Kongen vaar, Charles VI, skal raada over landet, til han døyr. Men so skal Henrik V av England styra i Frankrike, til han hev eit barn som er gamalt nok til —"

"D e n mannen skulde styra over oss — den slagtaren! Det er lygn! Det er lygn alt ihop!" skreik Paladinen. "Og kva skulde det so verta av kronprinsen vaar, tru? Kva seier traktaten um honom?"

"Ingenting. Han misser truna si og lyt fara or landet."

Daa gav heile flokken seg paa nytt lag til aa skrika i munnen paa kvarandre og seia det var lygn alt ihop. Og alle tok til aa verta i godlag att; for dei meinte som so:

"Kongen vaar maatte ha skrive under paa traktaten fyrst, elles gjeld han ikkje. Og det vilde han aldri gjera for sonen si skuld."

Men Smørblomen sa: "Eg berre spør dykk um ein ting: Vilde d r o n n i n g i skriva under paa ein traktat som gjorde sonen arvelaus?"

"Den hoggormen! Ja ho er truandes til kva det skal vera. Henne snakkar me ikkje um. Det bid ikkje vondskap so stor, at ikkje ho vilde gjera det, berre for aa vera paa tverke. Og ho

hatar sonen sin. Men det kjem ikkje an paa henne, som væl er. Det er kongen som lyt skriva under."

"So svar meg paa ein ting til. Koss stend det til med kongen? Han er fraa vitet, er det ikkje so?"

"Jau, og folket hans held av honom so mykje meir for dette. Han lid, og det lid, og dette knyter deim saman. Dei tykkjer synd i honom og held av honom."

"Der seier du sant, Jaques d'Arc. Men kva kan du venta av ein som er fraa vitet. Veit han kva han gjer? Nei. Gjer han, som andre seier honom til? Ja. No ja, han h e v skrive under paa traktaten, høyrer de."

"Kven hev fenge honom til det?"

"Det veit de, utan at eg seier det. Dronningi."

Det vart leven paa nytt. Alle skjellte og banna dronningi. Tilslutt sa Jaques d'Arc:

"Her gjeng so mykje drøs, som ikkje er sætande. Men so gale som dette hev me likevel aldri korkje høyrt eller spurt. Kanhenda dette med berre er ei laus gysje. Koss fekk du greie paa dette?"

Jeanne, syster hans, vart kvit i andlitet i same stundi. Ho gruva for svaret; ho kjende paa seg, kva som no kom.

"Presten i Marey kom og sa det."

Me saup etter anden. Me kjende honom, maavita, og visste det var ein paalitande mann.

"Trudde han, det var sant?"

Hjarto stansa mest i bringa paa oss. So kom svaret:

"Han gjorde so. Og ikkje nok med det. Han sa, han v i s s t e det var sant."

Sume av gjentune sette i aa graata. Gutane stod stive som steinen og fekk ikkje eit ord fram. Den sorgi som stod aa lesa i andlitet paa Jeanne var som hjaa eit saara dyr som hev fenge banehogget sitt. Dyret ber pina og klagar seg ikkje. Ho med bar det, og sa ikkje eit ord. Jaques, bror hennar, strauk henne over haaret for aa syna samhugen sin, og ho tok handi hans upp for munnen og kysste ho til takk, men sa ingenting.

Men um eit bil kom atterslaget, og gutane prata lauft. Noel Rainguesson sa:

"Aa, skal me aldri verta vaksne menn! Me veks so seint, og Frankrike hev aldri tronge um soldatar so væl som no, til aa turka av seg denne svarte flekken."

"Eg hatar ungdomen!" sa Pierre Morel, som me kalla for "Spyfluga" avdi augo hans stod so ut. "Altid skal me venta og venta og venta — no hev me snart havt krig i hundrad aar, men aldri

kjem turen til oss. Eg skulde ynskja eg kunde verta soldat no snart."

"Eg for min part ventar ikkje stort lenger no," sa Paladinen. "Og naar eg tek iveg, skal de snart fretta ifraa meg, det lovar eg. Her er sume som helst vil vera tilslutt, naar det stend um aa taka ei borg. Men eg for min part vil vera fremst, eller so kan det vera det same. Eg vil ingen ha framfyre meg utan offiserane."

Jamvel gjentune fekk krigshugen i seg, og Marie Dupont sa:

"Eg skulde ynskja eg var mann. So skulde eg reisa paa timen." Ho saag seg ikring og venta paa vællæte fraa dei andre.

"Det same skulde eg," sa Cécile Letellier og saup inn anden lik ein stridshest som vedrar kamp. "De kan lita paa, at eg skulde ikkje snu heimatt, um so heile England var imot meg."

"Pytt," sa Paladinen. "Gjentune er gode til aa skrøyta; anna duger dei ikkje til. Set berre ein liten soldatflokk paa tusen gjentur, so skal de sjaa, koss det er aa springa, um de ikkje visste det fyrr. Her stend vesle Jeanne. De skal gjerne sjaa, at ho med snart trugar med aa gaa i krig!"

Tanken var so løgleg, at me alle laut læ, og dermed fekk Paladinen blod paa tonn og heldt paa, han. "Tykkjer de ikkje, de ser henne! Ho bausar i slag som ein gamal vælrøynd soldat. Ja daa! Ho er ikkje ein stakkars fillutt soldat som me andre — ho er offiser, skynar de, med rustning paa, med ein tjukk staalhjelm paa hovudet, so ingen ser kor bljug og skjemd ho vert naar ho ser ein fiendehær framfyre seg med berre framandsfolk ho ikkje kjenner. Offiser ja! Pøh, ho vert kaptein, ho! Kaptein, høyrer de, med hundrad mann, eller kanhende gjentur, under seg. Aa de tarv aldri tru, ho vert nokon vanleg soldat! Aa du, aa du! Naar ho set inn paa fiendehæren, so skulde ein helst tru, det kom ei vindflage og sopte han burt! Ja daa!"

Soleis heldt han paa, til han fekk oss til aa læ so det verkte i sidebeini. Og jamen var det løglegt og — den gongen, meiner eg — aa tenkja paa, at denne milde, hjartansgode skapningen som ikkje vilde gjera ei fluge fortred og ikkje kunde tola aa sjaa blod, at ho skulde støypa seg inn i slagtummelen med ein soldatflokk etter seg.

Arme ting, ho sat der baade skjemd og fortustra, avdi dei log so aat henne. Men i same stundi skulde det henda noko som snudde upp ned paa alt og synte unge gutane og gjentune at det er noko sant i det gamle ordet, at den lær best som lær sist.

For nettupp i det same kika det bak alvetreet eit andlit fram som me alle

kjende og var rædd, og same tanken skaut oss i hugen, at no var det ute med oss, for Gale-Benoist hadde sloppe ut or buret sitt. Denne fillutte og haarutte og gruvelege skapnaden kom no fram og svinga ei diger øks i lufti.

Me rømde alle kvar til vaar kant, og gjentune skraalte og skreik med' dei sprang. Nei ikkje alle, likevel. Jeanne vart att. Ho reis upp og snudde seg imot mannen, og soleis vart ho standande.

Sosnart me naadde burt i skogkanten og kjende oss trygge, snudde me oss, tvo-tri av oss, og vilde sjaa, um Benoist var etter oss. Og kva fekk me vel sjaa! Jeanne stod der rett upp og ned, og imot henne kom den galne mannen med øksi i veret. Det var til aa verta sjuk av.

Me stod der me stod og var ikkje god til aa leda oss av flekken. Eg vilde ikkje sjaa paa mordet, men eg fekk ikkje augo ifraa, helder.

No saag eg, Jeanne tok eit steg fram mot mannen, endaa eg vilde traude tru mine eigne augo. So saag eg han stansa. Han truga til henne med øksi, som vilde han telja henne til aa ikkje koma nærmare; men ho lest ikkje høyra og gjekk beint paa, heilt til ho var burtmed honom — rett under øksi hans. Der stansa ho, og gav seg til aa tala til honom. Eg vart reint sjuk, ja heilt upp svimren, og alt tok til aa gaa rundt for meg. Eit heilt bil var eg ikkje god til aa sjaa noko; det vart so dimt for augo. Daa dette var over, og eg gløyste upp att, fekk eg sjaa Jeanne gaa side um side med mannen burtimot landsbyen. Ho gjekk og leidde honom i eine handi, og i hi bar ho øksi.

Ein for ein kraup gutane og gjentune ut og vart standande der med open munn og glo etter desse tvo, heilt til dei var framme i landsbyen og me ikkje lenger saag deim. Det var daa, me gav henne namnet "Djervleiken".

Me let svarte-flagget staa der det stod og syrgja aaleine; me hadde anna aa tenkja paa no. Me la paa sprang til landsbyen og skulde vara folk aat, so dei kunde frelsa Jeanne ut or faaren, endaa eg for min part totte det, at so lenge Jeanne bar øksi, var ho ikkje verre ute en ho kunde greia seg sjølv.

Men daa me kom fram, var all faare over; galningen var sett fast. Alle folk kom strøymande saman paa den vesle plassen framfyre kyrkja og prata og undrast paa dette underlege hendet; dei gløymde jamvel burt traktaten ein times tid eller tvo.

Alle kvendi gav seg til aa kreista og kyssa Jeanne og skrepte av henne og gret, og mannfolki klappa henne paa hovudet og sa, dei skulde ynskja ho var eit mannfolk, so skulde dei senda henne

i krigen, og daa tvila dei ikkje paa ho vilde slaa slag som vart baade høyrde og spurde. Ho laut reint slita seg laus og springa avstad og gjøyma seg; alt dette kytet var ikkje til aa halda ut for henne.

Straks me kom tok folk til aa spyrja oss ut, um koss dette hadde bore til, kan de vita. Eg for min part var so skjemd, at eg orsaka meg for den fyrste som spurde, og rømde attende til alvetreet, so eg skulde sleppa aa svara paa dette vrange spursmaalet.

Der raaka eg Jeanne; ho med var rømd, men det var for aa sleppa alle desse lovordi. Ein for ein fekk dei hine med lurt seg ifraa og kom til. Me sankast tilslutt alle ikring Jeanne, og spurde koss ho hadde tort seg til aa gjera dette. Ho var smaalaati som ho plae, og sa:

"De vil ha det til aa vera noko stort, men der tek de imist. Anleis hadde det vore, um eg hadde vore framand for mannen. Men eg kjenner honom, ser de, og hev kjent honom lenge; og han kjenner meg, og likar meg. Eg hev meir en eingong gjeve honom mat igjenom jarnspilune i buret hans. Og ifjor i desember, daa dei hogde av tvo av fingrane hans for aa venja honom av med aa triva fat i folk som gjekk framum, og skamfera deim, fetla eg handi hans kvar dag, til ho vart god att."

"Det er vel nok," sa vesle Mengette, "men han er fraa vitet, kjære deg, og naar han fær sinneturane sine, kjem det plent paa eitt ut, kven han elles likar eller ikkje likar. Du var i stor faare."

"Ja det er visst," sa Smørblomen. "Truga han ikkje til deg med øksi?"

"Jau."

"Truga han deg ikkje baade ein og tvo gonger?"

"Jau."

"Var du ikkje rædd?"

"Nei — iminsto ikkje mykje."

"Kvi var du ikkje det?"

Ho tenkte seg um ein grand, so svara ho beintfram:

"Eg veit ikkje."

Daa laut me læ, so mange me var. Smørblomen sa, det var plent som eit lamb stod og grona paa, koss det hadde bore til at det hadde kome til aa eta ein ulv, men ikkje fann det ut korso.

Cécile Letellier spurde: "Kvi sprang du ikkje, daa me andre sprang?"

"Nei, einkvan laut faa honom inn i buret att, elles kunde han drepa nokon. Og daa vilde han med verta drepen."

Dette svaret var so likt Jeanne, som aldri tenkte paa seg sjølv eller paa eigen faare. Og at me utan vidare tok det for godt, syner meir en noko anna, kor vel me kjende henne og kor høgt me sette henne.

Det vart stilt eit bil, og kanhenda tenkte me alle paa ein og same tingen — paa kor ynkelegt me sjølve hadde vore oss aat. Eg freista aa finna paa eitkvart til aa orsaka meg avdi eg hadde sprunge min veg ifraa ei liti gjente og ein galen mann som truga henne paa livet med ei svær oks, men di lenger eg tenkte paa dette, di uselegare orsaking fann eg ut, og dermed tagde eg likeso godt still. Men ikkje alle var so kloke. Noel Rainguesson stod og hakka og stota eit bil, men so kom han med noko som synte kvar tankane hans hadde vore eit bil:

"Eg for min part vart teken for braadt. Hadde eg berre havt stunder til aa tenkja meg um, vilde eg ikkje meir ha sprunge min veg for honom en for eit lite reivebarn. Kvi i all verdi skulde eg vera rædd for honom? Pøh, tenk rædd for honom, den stakaren! Eg skulde berre ynskja, han kom no — so skulde de faa anna sjaa!"

"Det same skulde eg ynskja!" sa Pierre Morel. "Haa! Eg skulde nok faa honom til aa skunda seg upp i dette treet her, det snøggaste han hadde lært, kan de tru! Nei, det var nettupp det, at han kom so braadt, fyrr ein fekk tid til aa tenkja seg um. Men de kan daa skyna, eg ikkje meinte aa springa min veg for aalvor. Det var berre for moro og sprang. Og daa eg fekk sjaa Jeanne staa der, og han truga til henne med oksi, skulde eg nettupp til aa springa burt og deisa til honom. Eg vart so harm, at eg skulde gjerne ha krasa skolten paa honom. Og kjem han att ein gong til, so gjer eg det, so mykje de veit det. — Kjem han luskande ein gong til, so —"

"Aa tig still med dykk!" sa Paladinen svivyrdsleg. "So som de talar, skulde ein mest tru, det var eit karsstykke aa gaa imot ein stakkars tomsing som honom. Haa! Eg skulde gjerne gaa imot hundrad slike. Kom han her no, skulde eg gaa imot honom plent so som eg er no, um han so hadde tusen oksar — og so skulde eg seia til honom —".

Slik heldt han paa og la ut i det vide og det breide um alle dei karsstykki han skulde ha gjort. Og dei andre fekk inn eit ord ender og gong, og sa koss dei vilde fara aat, um tomsingen nokortid vaagde seg paa deira vegar att. Næste gongen skulde dei sagte vera betre budde. Trudde han, at han tvo gonger skulde koma so braadt over deim, so tok han hjarteleg imist.

Og dermed fekk dei alle tilslutt sjølvvyrdnaden attende, og meir til. Daa dei skildest, hadde kvar større tankar um seg sjølv en nokortid fyrr.

---

## Sette bolken.

Det var gilde, fredelege dagar, dette. Det vil seia, for det meste. Me var langt burte ifraa krigstumulten. Berre av og til kom det røvarbøle so nær framum oss at me saag fari etter deim i røyken av landsbyar og hus dei kveikte varme paa. Og me visste alle, eller kjende paa oss, at ein dag kom dei nærmare, og daa var det vaar tur. Denne tunge otten laag over oss stødt og stendigt. Og han letna sagte ikkje etter troyestraktaten.

Det var i røyndi eit syrgjelegt aar for Frankrike. Ein dag, eit par aar etter troyesforlikei, daa me hadde vore over og havt eit av dei vanlege slegsmaali vaare med burgundgutane burt i Maxey-landsbyen, som me hata av all vaar sjæl, og hadde fenge dugaleg bank, kom me ved kveldsbil heimatt, nett som det ringde uppe i kyrkjetaarnet. Me sprang heile vegen, og daa me naadde fram til kyrkja, saag me at heile kyrkjebakken var full av folk med tyristikkur og osande kyndlar i handi.

Paa kyrkjetroppi stod det ein framand, ein burgund-prest, som fortalde folk slike tidender som fekk deim snart til aa graata, snart til aa skjella og banna. Han sa, at den gamle, galne kongen vaar var død, og at no høyrde baade me og Frankrike eit lite reivebarn til, som enno laag i vogga burt i London. Og han talde oss til aa vera trugne tenarar aat dette barnet. Han sa, at no skulde me endeleg faa ei fast og sterk riksstjorn, og um ei lita tid skulde dei engelske hærane ut paa deira siste herferd, og det skulde ikkje staa lang tidi paa helder, for alt som trongst var berre aa taka den siste lappen av fransk jord som enno var att under det gamle fillutte franskeflagget.

Folk skreik og skraalte imot honom, og knytte nevane upp i andlitet hans. Det var eit hugskakande bilæte aa sjaa paa. Og presten var ikkje den som gjorde minst av seg. Han stod der og saag ned paa desse harme menneskja paa slik ein likesæl maate, at ein laut tykkja stort um hans rolege mod, alt um ein var so harm, at ein gjerne kunde brent honom paa baalet.

Det beste av det heile kom tilslutt. For han sa, at daa gamlekongen vaar vart boren i jordi, hadde den franske marsken brote staven sin over kista til "Karl VI og hans kongehus, og hadde etterpaa med høgt maal sagt: "Gud gjeve eit langt liv aat Henrik, konge av Frankrike og England, vaar øvste herre og konge!" Og so bad han oss vera med og ropa a m e n til dette."

Folk vart kvite av harm og fekk ikkje ord fyre seg. Men Jeanne stod tett

attmed. Ho saag honom upp i andlitet og sa paa sin logne, aalvorsame maate: "Eg skulde ynskja hovudet ditt vart hogge av kroppen!" — Um eit lite bil la ho til, og slo krossteiknet framfyre seg — "um so er Guds vilje."

Det er verdt aa minnast dette ordet, og eg skal seia dykk kvi: Det er det einaste harde ordet Jeanne nokon gong hev sagt. Naar eg hev fenge fortalt um alle dei strider ho var i, all den motgang ho laut gaa igjenom og alt det vonde ho laut lida, daa er det i sanning stort, at ho berre sa ein einaste beisk ting solenge ho livde.

Fraa den dagen av fekk me den eine stokken i oss etter hin, for røvarflokkane kom mest like innpaa dørerne vaare. Dermed livde me i stendig otte, men vart altid eitkorleis spara for aatak.

Tilslutt kom likevel vaar tur. Det var um vaaren '28. Burgundarane kom fløymande innover oss midt paa bælmyrke natti, og me laut springa upp og røma for livet.

Me tok vegen til Neufchateau, og kom farande iveg, hulter til bulter. Alle trengde paa, og vilde fremst, og paa den maaten slapp ingen fram. Men Jeanne var logn og klaar i hovudet — den einaste klaartenkte der var — og ho tok styret og fekk snart orden i dette røret. Ho gjorde det so svindt og greidt, at folk ikkje lenger sprang som dei var galne, men gjekk sømelegt i rad og rekkje istaden. Det var ikkje so verst gjort av ei lita ung gjente.

Ho var seksten aar gamal no, vælskapt og mjaa og so sjeldsynt fager, at eg ikkje kunde bruka ord sterke nok til aa skildra kor makelaus ho var. Attaat dette var det noko so yndefullt og reint og skirt i andlitet hennar, at det gjorde ein godt berre aa sjaa henne. — Ho elska Gud av heile si sjæl, og sume plar verta hugmyrke og tunglynde av dette. Men so var det ikkje med henne. Gudskjærleiken hennar gjorde henne tvertum glad og nøgd. Og um ho stundimillom var nedtyngd og sorgfull, so kom dette berre av, at ho syrgde so over landet sitt; det var ikkje trudomen hennar som hadde skuldi.

Storparten av landsbyen vaar var øydelagd, og daa me vaaga oss attende skyna me fyrst, kva andre folk hadde lide kring um i landet i mange herrens aar — ja snart i hundrad aar. For fyrste gongen fekk me sjaa øydelagde, røyksverta heimar, og i alle smog og gatur laag dei daude kroppane av dyr som hadde vorte slagta ned berre av skire vondskapen — blandt deim kalvar og lamb som borni hadde att og vore glad i; det var ei ynk aa høyra den saare barnegraaten det no vart.

Og so skattane, skattane! Det laut alle tenkja paa. Det vart ei tung byrd

aa vera no daa bygdi var øydelagd for lange tider. Alle vart syrgjeleg lange i andlitet, daa dei tenkte paa dette, og Jeanne sa:

"Betala skattar og inkje eiga til aa betala deim med er noko alle andre i landet hev lote gjort i mange herrens aar. Men kor beiskt det var hev me aldri rett visst fyrr. No fær me kjenna det."

Ho gjekk meir og meir upp i dette, og vart sorgfullare med kvart.

Tilslutt kom me over noko gruvelegt noko. Det var den galne mannen — han var hakka og stukken ihel i jarnburet sitt attmed kyrkjebakken. Det var eit fælslegt syn. Snaudt nokon av oss unge hadde nokortid fyrr set ein ihelslegen mann. So gruvelegt det var, fekk me likevel ikkje augo ifraa det. Einast Jeanne orka ikkje aa sjaa paa det. Ho snudde seg ifraa med gruv og fælske og var ikkje til aa faa derburt att.

Der ser ein kor utenkt lagnaden kan føra ein i verdi. For det var so laga at dei av oss som vart mest tildregne av dette blodige skodespelet skulde liva sitt liv i fred og ro, medan ho den andre, som gruva for alt sovore, laut avstad og paa valen dagstødt ha slike syn for augo.

Me hadde sagte nok aa prata um no, skal tru. At landsbyen vaar var uppbrend tottest for oss vera den største ulukka som i verdi hadde hendt. For um desse bondefolki kan ha meint, at dei hadde skyna baade eitt og anna av sum tsom var hendt fyrr, so var sanningi den, at det hadde dei slett ikkje. Ei einaste bitande liti hending, som dei med eigne augo hadde vore vitne til og med eigne hender kunde taka og kjenna paa, vart meir for deim en den største hendingi i heimssoga, som dei berre hadde fraa andre. Enno den dag idag kjenn eg væl ihug, koss gamlekarane tok det. Dei skjellte og smellte, so det hadde god skikk.

"Aa ja ja ja," sa gamle Jaques d'Arc, "eg maa seia, det ser ljost ut, naar sovore kan gaa fyre seg. Kongen lyt ha greie paa dette. Det er paa tidi han sluttar med aa gaa og dulla og drøyma, og gjer det han skal."

Han meinte den unge arvelause kongen vaar, den landlyste prinsen Karl VII.

"Det hev du rett i," sa lensmannen. "Han burde ha greie paa dette, og det med ein gong. Det er ei skam, at slike ting fær gaa sin gang. Me er daa sanneleg ikkje trygge i vaar eigi seng lenger, og han tek verdi med ro. Men vita det skal han, — det skal spyrjast over heile Frankrike, det skal det!"

So som dei prata, skulde ein tru, at alle dei tie tusen gongerne det hadde vore illgjerdsmenner ute og kveikt varme paa byar og bygder i landet, berre var

skrønur, og at dette var einaste gongen det i røyndi var hendt. Men soleis er det alle tider. Solenge det berre er grannen det gjeld, hjelper ein seg med fagre ord; men kjem ein sjølv ut for noko, daa er det paa tidi at kongen ris upp og gjer eitkorslag.

Denne store hendingi gav oss unge med nok aa prata um. Munnen gjekk ustanseleg medan me gjætte buskapen. Me tok til aa kjenna oss som svære karar longe, for eg var atten aar, og dei andre var ifraa eitt til fire aar eldre — vaksne karar, so aa seia.

Ein dag fann Paladinen groveleg aat dei store generalane vaare, og sa:

"Sjaa no berre paa Dunois, bastarden av Orleans — og honom kallar dei ein general! Eg skulde berre vore i plassen hans ein einaste gong — ja, eg seier ikkje kva eg daa vilde gjera; eg kan so lite med aa snakka, eg vil helder gjera noko som er noko, so kan andre preika og skrøyta — berre ein einaste gong skulde eg vera i hans stad, eg seier ikkje meir, eg! Og sjaa no paa Saintrailles — poh! Og denne skrøytaren, denne La Hire; eg gjev ikkje ein skiling for nokon av deim!"

Det gjekk kaldt igjenom oss alle ca høyra desse store namni tala um paa denne maaten. For oss var desse namngjetne soldatane mest som gudar. Dei stod for hugen vaar som veldige risar i straaleglans, og det var gruvelegt aa høyra deim tala um paa denne maaten, plent som dei berre var menneskje, som ein kunde lasta eller laata væl over alt ettersom det høvde til. Blodet steig Jeanne til hovudet, og ho sa:

"Eg skynar ikkje at nokon torer gjera seg so djerv aa bruka slike ord um desse storheltane, som er dei stolpane Frankrike kviler paa; dei gjev daa sitt blod for landet kvar einaste dag. Eg for min part vilde verta so heidra som eg aldri kunde ha drøymt um, dersom eg kunde faa lov til aa sjaa deim berre ein einaste gong — eit stykke ifraa, sjølvsagt, for det vilde ikkje søma seg for ei av min stand aa koma for nær innaat deim."

Paladinen vart eingrand flat med same, for han saag paa andliti ikring honom, at Jeanne hadde gjeve ord for det dei andre meinte. Men han sansa seg snart att og gav seg til aa bruka storslegga som fyrr imot desse karane. Daa sa Jean, bror til Jeanne:

"Dersom du ikkje likar, kva generalane vaare gjer, kvi gjeng du ikkje i krigen sjølv og gjer det betre? Du pratar altid so mykje um aa gaa i krig, men aldri gjer du det."

"Høyr no her," sa Paladinen, "det er minst fyre aa seia sovore. No skal de høyra kvi eg vert verande her i fred og ro, endaa inkje byd meg meir imot en dette. Eg gjeng ikkje, avdi eg ikkje

er adelsmann. Det er heile grunnen. Kva kan ein vanleg soldat gjera i ein strid som denne? Ingenting. Han fær ikkje stiga upp um soldatane. Dersom eg var adelsmann, meiner de daa eg vart verande her? Aldri i verdi. Eg kan frelsa Frankrike — ja, de kan gjerne læ, men eg veit kva som bur i meg, eg veit kva som ligg gjøymt under denne bondehuva. Eg kan berga Frankrike, og eg stend reide til aa gjera det, men ikkje so som det no er. Hev dei bruk for meg, so lat deim senda bod paa meg. Elles fær dei sjølve ta fylgjerne. Eg rikkar ikkje paa meg, minder eg vert offiser."

"Arme Frankrike — det er ute med landet daa, skynar eg!" sa Pierre d'Arc.

"Naar du gjer slik narr av andre, kvi gjeng du daa ikkje i krigen sjølv, Pierre d'Arc?"

"Aa, dei hev ikkje bodsendt meg helder, enno, ser du. Og so er ikkje eg adelsmann, eg meir en du. Likevel vil eg gaa, det lovar eg. Eg lovar aa gaa som friviljug under deg — naar dei hev bod etter deg."

Alle log, og Spyfluga sa:

"So snart! Daa er det best, de ferder dykk istand og held dykk reide. Um fem aar seinast lyt de ut. Ja, kven veit, um de ikkje kjem til aa fara um fem aar. Sjaa no til."

"Han kjem til aa gaa fyrr," sa Jeanne. Ho sa dette laagt, liksom for seg sjølv, men fleire høyrde det.

"Koss veit du det, Jeanne?" sa Spyfluga og saag forbina paa henne. Men i det same la Jean d'Arc seg i talen og sa:

"Eg vil gjerne fara, eg med, men eg er væl ung enno. Eg med lyt venta og verta ilag med Paladinen, naar han fær bod."

"Nei," sa Jeanne, "du og Pierre kjem til aa gaa ilag."

Ho sa dette plent som ho tala med seg sjølv og ikkje visste det, og ingen høyrde det utan eg. Eg saag burtpaa henne og vardest at bundingen laag gløymd i fanget, og ho saag ut som tankane var langt burte i andre heimar.

Ho sat og ledde lippune plent som ho sat og tala stilt med seg sjølv. Men det kom ikkje ein ljod, for eg var nærmast attmed henne, og eg høyrde ingenting. Men eg stod med lange øyro og lydde væl etter, for desse tvo rødune hadde gjenge inn paa meg; eg var helder ovtruen av meg, so det skulde ikkje mykje til av det slaget, fyrr eg tok støkk.

Noel Rainguesson sa:

"Eg veit ei raad til aa berga Frankrike. Me hev daa ein adelsmann her i bygdi, likevel. Kvi kan ikkje Bokmannen byta namn med Paladinen. So kan han verta offiser, og Frankrike vil bodsenda honom, og han vil sopa dei en-

gelske og burgundiske hærane som flugur ut i sjøen."

Det var meg, dei kalla Bokmannen. Det var utnamnet mitt, avdi eg kunde lesa og skriva. Dei andre ropte og skreik og let væl over dette, og Smørblomen sa:

"Det var framifraa paakome. De Conte gjeng gjerne med paa dette. Han vert vanleg soldat under Paladinen og døyr tidleg, full av ære."

"Han gjeng i krigen tilliks med Jean og Pierre, og kjem til aa liva lenge etter at desse krigane er gløymde," mulla Jeanne, "og i den ellevte timen vil Noel og Paladinen slaa seg ilag med deim, men ikkje av eigen fri vilje."

Ho tala so laagt at eg ikkje var fullviss paa, um det var so ho sa, men so lyddest det ut for mine øyro. Det var, so det isa igjenom meg, daa eg høyrde det.

"Ja ja," sa Noel, "so er det ein avtale daa. Me hev berre att aa stella oss upp under Paladinen sitt merke og gaa avstad og berga Frankrike. De gjeng med alle ihop, veit eg?"

Alle svara ja, so nær som Jaques d'Arc; han sa:

"De lyt ha meg undskyldt. Det kan altid vera moro aa tala um krig; det kan eg med vera med paa, og eg hev altid tenkt eg eingong skulde avstad. Men no daa eg fekk sjaa den øydelagde landsbyen vaar og den sundlima tomsingen, skyna eg, at eg ikkje er skapt til sovore. Eg kunde aldri verta heime i det handverket. Tenk aa gaa med dauden for augo stødt og stendigt! Nei det ligg ikkje for meg, sovore. De fær aldri gjera rekning paa meg. Hertil kjem, at eg er eldste sonen, og lyt taka garden. Naar Jean og Pierre vert med i krigen, lyt einkvan vera heime og taka seg av Jeanne vaar og syster hennar. Eg vert att heime og kjem til aa eldast i fred og ro."

"Han gjev seg til heime, men gamal vert han ikkje," mulla Jeanne.

Soleis vart det prata att og fram paa den vyrdlause, likesæle maaten som einast høyrer ungdomen til. Og me fekk Paladinen til aa leggja ut um alle storplanane sine, til han hadde vunne over engelsmennerne og fenge kongen vaar paa truna og sett kruna paa hovudet hans. So spurde me honom, kva han vilde svara, naar kongen bad honom nemna kva han ynskte seg til løn for dette. Paladinen hadde longe svaret paa reide hand, han:

"Han skal gjera meg til hertug, nemna meg ut til riksens øvste jarl, og gjera meg til erveleg lord-konstabel av Frankrike."

"Og gjeva deg ei prinsesse til kone — det gløymer du vel ikkje?"

Paladinen vart aldri-so-lite raud, og sa stutt:

"Han kan ha prinsessune sine sjølv — eg veit ei som er meir etter min smak."

Han meinte Jeanne, men det hadde ingen minste tanke um den gongen. Um dei det hadde havt, vilde dei ha lædt hjarteleg godt av Paladinen for varreskapen hans. Der fanst nok ingen der i landsbyen som var Jeanne d'Arc verd. Det vilde kvar ein ha sagt.

No laut alle etter tur seia, kva lon dei vilde ha bede seg ut av kongen, um dei kunde ha bytt med Paladinen og gjort dei storverki, han hadde etla seg til aa gjera. Det var sjølvsagt berre paa skot, og den eine freista aa finna paa noko endaa meir urimelegt en den andre. — Men daa turen kom til Jeanne, og dei med laatt og leven skræmde henne upp or draumen hennar, laut dei fyrst greida ut for henne, kva det galdt, for tankane hennar hadde vore langt burte, og ho hadde ingenting høyrt av det siste, me heldt paa med. Og daa ho vart spurd, meinte ho, dei vilde ha eit calvorlegt svar, og det fekk dei. Ho sat og tenkte seg um eit lite bil, og so sa ho:

"Um kronprinsen av sin naade og godleik skulde seia til meg, 'no daa eg er rik, og hev kome paa plassen min att, no lyt du ynskja eitkvart, so skal du faa det', daa vilde eg leggja meg ned paa kne og beda honom gjeva ei lov um, at landsbyen vaar skulde sleppa fri for skattar."

Det kom so truskuldigt og so beint fraa hjarta, at me vart heilt kløkte, og ikkje log av henne, men fall i tankar. Me log ikkje. Og det kom ein dag, daa me var glad fyre, at me ikkje hadde lædt hin gongen. Daa skyna me fyrst rett, kor ærlegt ho hadde meint desse ordi, og kor truge ho heldt deim. Daa tidi kom, bad ho kongen nettupp um dette, og berre um denne eine tingen; ho vilde ikkje ha det minste for seg sjølv.

---

## Sjuande bolken.

Heile barndomen uppigjenom og til midten av det fjortande aaret, hadde Jeanne vore det kaataste og mest lettliva kvikjendet i heile landsbyen. Ho var so forlivande, at ho sprang meir en ho gjekk, og naar ho log, laut alle læ med. Og dette lukkelege huglyndet ilag med det inderleg gode hjartelaget hennar gjorde henne til kjælebarnet i landsbyen.

Ho hadde vore ein varm fedrelandsven all denne tidi, og stundom døyvde dei tunge krigstidenderne det glade huglyndet hennar og lærde henne sorg og taarur aa kjenna. Men altid tok ho

seg saman att og vart same glade sjæli som fyrr.

Men no det siste halvtanna aaret hadde ho for det meste vore aalvorsam, ikkje tunglynd, akkurat, men tankefull og drøymande av seg. Ho bar fedrelandet paa okslerne sine og fann ikkje byrdi lett.

Eg visste, det var dette ho gjekk og moddest med, men andre meinte, det var gudelege tankar som tyngde henne, for ho nemnde aldri noko um kva tankar ho bar paa til nokon av landsby-folki; berre eg fekk av og til ein glimt av deim, so eg skyna betre en nokon annan kva som rast henne.

Mange gonger kom eg paa den tanken, at ho gjekk og bar paa ein løyndom — ein løyndom som ho gjøymde for meg litso vel som for alle andre. Eg fekk den trui, avdi ho gong paa gong stansa upp midt i noko ho sa, og gav seg til aa tala um noko anna. Eg skulde sidan koma etter, kva løyndom dette var, men ikkje akkurat daa.

Dagen etter den samrøda eg hev fortalt um, sat me ilag ute paa marki og prata um Frankrike, som me plae. For hennar skuld hadde eg altid tala trøystefullt fyrr, men det var ikkje stort betre en aa ljuga, for det var ikkje so mykje som ei fille att aa vona paa for Frankrike. Det var so vondt aa ljuga for henne, som sjølv var so rein og sann og ikkje drøymde um, at nokon kunde tala anna en det som sant var, at eg sette meg fyre, eg vilde seia det beint ut som det var. Men gamal vane er vond aa venda; dermed laug eg eingong til, til aa byrja med:

"Jeanne, eg hev tenkt betre over saki sidan igaar og kome til det, at me hev trutt gale heile tidi. Det er plent ute med Frankrike. Det hev vore ute med landet alt sidan agincourt-slaget. Og no i denne dag ser det meir vonlaust ut en nokortid."

Eg saag ikkje paa henne, daa eg sa dette; det var meir en ein kunde venta av eit menneskje. Aa krasa sund hjarta hennar og taka ifraa henne den siste voni med slik hjartelaus open tale, det og inkje anna var det eg var meint paa aa gjera. Og eg skjemdest, fyrr eg hadde tala ut. Det var ei stund, fyrr ho svara, og tilslutt gløste eg upp og vilde sjaa koss ho tok det.

Eg vilde ikkje tru mine eigne augo; ho tok det so heilt anleis en eg hadde tenkt. Ho saag berre eingrand forundra ut, og sa paa sin beintframme maata:

"Er det ute med Frankrike, seier du? Kvi trur du det? Lat meg høyra."

Det er ei stor lette aa finna, at det ein meinte skulde gjera vondt og saara einkvan som ein held av, slett ikkje hev gjort det. Eg vart reint lett um hjarta; no kunde eg seia mi mei-

ning beint ut, utan minste umsvip. Dermed sa eg:

"Lat oss setja alle kjenslur aaside og berre sjaa nakne sanningi i augo. Kva seier so den? Jau den talar likso klaart som tali i ei rekneskapsbok. Me Me tarv berre skriva upp og leggja isaman, so ser me snart at riket hev lenge sidan spela upp, helvti av landet eig engelsmannen, og andre helvti er det ingen som eig, utan rovarar og rekefantar. Kongen vaar hev stengt seg inne ilag med narri og venerne sine, fatig og yrkeslaus i ei liti ynkeleg kraa av kongedømet, og eig korkje magt eller mynde nokonstad. Ikkje ein skiling eig han, og ikkje so mykje som eit regiment soldatar. Ikkje slæst han, og ikkje hev han tenkt paa aa slaast; han vil i det heile ikkje setja seg til motverje. Det finst berre ein ting han er meint paa aa gjera — gjeva det heile upp, slengja krona si i rennesteinen og røma sin veg til Skotland. Soleis stend saki no. Er det ikkje so, kanhenda?"

"Jau, so er det."

"Ja, daa er det, som eg hev sagt. Ein tarv berre leggja alt dette saman, so skynar ein koss utfallet vert."

Ho sa lognt:

"At det er ute med Frankrike, meiner du?"

"Sjølvsagt. Med slike syrgjelege sanningar for augo er det raadlaust aa tvila paa dette."

"Koss kan du seia sovore? Koss kan du faa ei sovori kjensle?"

"Koss eg det kan? Kva anna kan eg tala og meina, tykkjer du? Jeanne, med slike tal for augo, hev du verkeleg enno som ei von for landet? Naar du skal seia beint ut, som du meiner?"

"Von — aa mykje meir en det! Frankrike vil vinna fridomen att og aldri meir missa han. Tvil aldri paa den ting."

Det klaare vitet hennar laut plent vera skodde-tyngd idag, elles maatte ho ha skyna, at eg hadde rett. Kanhenda saag ho det, um eg sa det upp att. Dermed heldt eg paa:

"Jeanne, hjarta ditt som elskar Frankrike, hev døyvt vitet. Du ser ikkje, kva alt dette hev paa seg. Sjaa her, eg skal teikna det upp for deg her paa marki med ein stokk. Dette ritet her skal vera Frankrike. Tvers igjenom midten, fraa aust til vest, dreg eg ei aa."

"Ja, Loire-aai."

"No ja. Heile nordluten av landet er i engelsk vald."

"Ja."

"Og sudparten eig ingen — det syner vaar eigen konge best, med di han vil røma herifraa og til eit framandt land. Engelsmennerne hev hærar her, all motstand er døyvd. Dei kan taka

heile landet kva tid som helst. Frankrike er longe tapt; det er berre ein engelsk provins. Er ikkje dette sant, kanhenda?"

Ho svara lognt: "Jau, sant er det."

"No vel. Legg so attaat dette ein ting som den, at dei franske soldatane aldri hev vunne ein einaste siger. Skotske soldatar under fransk flagg hev vunne eit par smaa slag for eit par aar sidan, men no talar eg um vaare eigne franske soldatar. Sidan aatte tusen engelsmenn gjorde ende paa seksti tusen franskmenn for eit halvt sneis aar sidan ved Agincourt hev franske troppeme misst alt mod. Det er ikkje for ingenting ein seier, at kjem ein med fem engelske soldatar imot ein fransk soldatflokk paa femti mann, so vil franskmennerne røma sin veg."

"Det er ille. Men sant er jamvel dette."

"Naar so er, kva von er der daa, tykkjer du?"

Eg meinte, saki maatte staa klaar for henne no. Ho skyna nok sjølv no, at det var best aa gjeva upp all von. Men der tok eg imist. Ho sa tvertum baade fast og trygt:

"Frankrike reiser seg upp att. Du skal berre sjaa."

"Reiser seg upp att! Med ei byrd av engelskhærar paa ryggen?"

"Ho kastar deim av seg. Ho krasar deim under foten!" Dette kom med eld og glod.

"Utan soldatar til aa slaast."

"Trumbune vil kalla deim til vaapen. Dei vil koma og gaa i striden."

"Og vikja, som dei plar."

"Nei, dei vil gaa paa, altid gaa paa. Berre sjaa til!"

"Og tiggarkongen vaar?"

"Han kjem paa truna — han fær kruna paa hovudet."

"Det gjeng reint rundt for meg, dette. Kunde eg tru, at engelsmennerne skulde vera ute av landet um ei tredive aar eller so, og vaar eigen konge styra i sitt eige rike —"

"Baae ting vil ha hendt, fyrr tvo aar er lidne."

"Kva seier du! Og kven skal faa til alle desse umogelege ting?"

"Gud."

Ho sa det laagmælt, men klaart.

*

Kva kunde ha sett slike underlege hugsvin i hovudet hennar? Dette laut eg alt i eitt tenkja paa dei næste tvo-tri dagane. Eg tenkte sjølvsagt fyrst, at ho hadde gjenge fraa vitet. Kva anna kunde ein tru? Ho hadde syrgt og grema seg so lenge over den tunge lagnaden til fedrelandet, at det klaare umdømet hennar hadde vorte overskya av sjuk-

lege draumsviv. Ja, soleis maatte det hanga ihop.

Men eg heldt auga med henne og fann ut, at det var nok ikkje so, kor som var. Ho var bjart og logn i augo, og beintfram og greid i all si ferd. Det var nok ingenting i vegen med vitet hennar. Ho var no som fyrr den vitugaste og mest klaartenkte i heile landsbyen. Ho heldt paa, som ho plae, ho, og tenkte for andre, la planar for andre, ofra seg sjølv for andre, plent so som ho alle dagar hadde gjort. Ho stelte no som fyrr med sjuklingane og fatiglemerne sine og var altid reide til aa lata vegfarande folk faa sengi si og sjølv liggja paa golvet. Det maatte finnast ein løyndom einkvanstad, men lykilen til gaata var ikkje galskap, so mykje var visst.

No ja. Um ei tid fekk eg lykilen i hende, og det bar til paa denne maaten. Alle folk veit det eg no skal fortelja um, men de hev likevel aldri høyrt det av ein som sjølv var med. Men no skal de høyra.

Eg kom skogvegen ein dag — det var endaa den 15' mai '28 — og som eg naadde burt i kanten av eikeskogen og skulde burtetter den store opne grasvollen, der alvetreet stend, kom eg til aa kika ut fyrst — og dermed drog eg meg vart eit par steg attende og gjøymde meg bak eit byskje. For eg hadde fenge timen av Jeanne, og vilde, berre paa moro, koma uventa over henne. Berre tenk paa, at slik ein kvardagsleg liten ting gjekk strakst fyre ei storhending som skulde ritast ned til ævlege tider i soge og song.

Det var overskya i veret den dagen, og heile grasvollen laag i mild, varm skugge. Jeanne sat paa ein naturleg benk som hadde laga seg sjølv av nokre svære gamle trerøter. Henderne laag yrkeslause, ei uppaa hi, i fanget hennar. Ho lutte hovudet ned imot marki og saag ut, plent som tankane hennar var av i draumheim, og ho korkje visste av seg sjølv eller verdi ikring seg.

Og no fekk eg sjaa noko forunderlegt noko. For eg saag ein k v i t skugge koma sigande burtetter graset og burt imot treet.

Det var ein veldig skugge — eit kvinnfolk, kljende klædt i ein fotsid kyrtel, med venger — og so kvit som denne skuggen var, veit eg ikkje noko anna i verdi aa vera, utan det skulde vera dei kvite ljonblenki. Men jamvel ljonet er ikkje so straalande kvitt som dette var, for paa ljonet kan utan skade sjaa, men dette blenkte og lyste so sterkt, at det skar i augo, og eg laut turka vatnet or augo. Eg tok av meg hatten, for eg skyna eg var attved noko som ikkje høyrde denne verdi til. Eg vart teken av gruv og

og fælske, og orka mest ikkje draga pusten.

Endaa noko underlegt hende. Skogen hadde til dessar vore still og tagall — teken av den djupe logni som vert naar ei stormsky myrkjer ein skog, og alle villdyr kjenner seg rædde og klemde um hjarta. — Men no sette alle fuglane med eitt i aa kvitra og syngja, og slik kraft og slik fagnad som saag i den songen hev eg aldri høyrt make til. Eg skyna strakst, at det var tilbeding, dette. Og aldri so snart høyrde Jeanne dei fyrste tonane av fuglesongen, so kasta ho seg paa kne, bøygde hovudet djupt og la armane i kross paa bringa.

Ho hadde ikkje set skuggen enno. Hadde fuglesongen meldt henne, at han kom? Det saag so ut. Men daa maatte dette ha hendt fyrr. Ja, det var ikkje til aa tvila paa.

Skuggen kom seindrege burt aat Jeanne. Ytrekantane naadde heilt burt til henne, fløymde over henne og sveipte henne inn i den gruvfulle glansen. I dette guddomsljoset vart andlitet hennar skirna og forklaara. Fyrr hadde det vore fagert etter jordiskt maal; no vart det eit gudeandlit i denne umskapande glansen, og dei grove bondeklædi hennar var liksom dei bunadane me tenkjer oss, at Guds solklædde born gjeng klædde i, naar dei kjem myldrande ikring gudstruna i himmelen.

Best det var reis ho upp og gav seg til aa staa med lutande hovud og fingretippane ihopknepte framfyre seg. Soleis stod ho der, heilt umsveipt av det underfulle ljoset, og tottest lyda paa noko — men eg høyrde ingenting.

Um eit bil lyfte ho hovudet og saag upp som ein vilde ha set upp i eit riseandlit. So knepte ho henderne heilt att, lyfte deim i veret framfyre seg og tok til aa beda for seg. Eg høyrde, ho sa:

“Men eg er so ung! So reint for ung til aa reisa ifraa mor og heimen min og gaa ut i den framande verdi og taka meg paa noko so stort! Koss kan eg roda med menn, vera kamerat med vaksne menner? — soldatar! Dei vilde flira aat meg og svivyrda meg. Og koss kan eg gaa i krigen og leida hærar? — Eg, ei gjente, som ingenting veit av slike ting; som ikkje kjenner noko til vaapen, ikkje kan setja meg upp paa ein hest, en seia rida paa honom — —. Men er det paalagt meg — —“

Talen vart broten av saar graat, og eg var ikkje lenger god til aa skilja ordi. —

Men so sansa eg meg. Eg kom til aa tenkja paa at eg hadde trengt meg inn i ein gudsløyndom — og kunde eg ikkje venta meg stor straff for dette, tru? Eg vart skræmd, og gjekk lenger inn i skogen att. Og so skar eg eit merke i borken paa eit tre og sa til

meg sjølv: kanhenda drøymer eg berre, og hev ikkje set noko syn. Eg vil koma att, naar eg veit eg er vaken og ikkje drøymer, og sjaa etter um dette merket er der. So fær eg vissa.

---

## Attande bolken.

Daa høyrde eg i det same einkvan som ropte namnet mitt. Det var Jeanne sitt maal. Eg stokk, for koss kunde ho vita, at eg var der? Eg sa til meg sjølv: det høyrer med i draumen; det er draum alt saman — røysti, synet og alt ihop; det er alvane som hev gjort det. — So slo eg krossteiknet framfyre meg og sa Guds namn for aa løysa hildringi. So visste eg, at eg var vaken, for ingi hildring kan staa seg fyre det heilage gudsnamnet.

Daa høyrde eg paa nytt lag einkvan ropa paa meg, og eingong til gjekk eg burt i skogkanten og kika ut. Og rett nok! Der sat Jeanne; men ho saag ikkje ut, som ho hadde gjort i draumen min. For ho gret ikkje no, men saag ut so som ho hadde gjort for væl halvtanna aar sidan, daa ho enno var sjaag um hjarta. All den gamle elden og glodi hennar var hjaa henne att, og ho var mest som burtrykt aa sjaa til. Det var mest, som det hadde lege ein svevn over henne fyrr, og som ho no fyrst hadde vakna att. Eller som ho hadde vore paa villstraa, og no langt um lenge hadde funne heimatt til oss. Eg vart so glad, at eg kjende meg tilmode, som laut eg plent springa avstad etter alle dei hine kameratane, so me i flokk og fylgje kunde ynskja henne velkomen heimatt.

Eg sprang uppost burt til henne og sa:

"Aa Jeanne, du kan tru, eg hev noko rart aa fortelja deg. Du trur ikkje kor underlegt det var. Eg hadde ein draum, ser du; og du kan tenkja, eg drøymde du stod plent der du stend no, og —"

Men ho rette upp handi og sa: "Det var ingen draum."

Eg fekk ein støkk i meg, og tok til aa verta skræmd att.

"Ikkje nokon draum?" sa eg. "Koss kan du vita det, Jeanne?"

"Drøymer du no daa?"

"Eg — eg trur ikkje det. Nei, det gjer eg visst ikkje."

"Visst gjer du ei, nei. Eg veit, du ikkje drøymer. Og du drøymde ikkje, daa du skar merket i treet."

Det gjekk kaldt igjenom meg, for no visste eg, at eg ikkje hadde drøymt, men verkeleg hadde vore attmed noko gruvelegt noko som ikkje høyrde denne verdi til. So kom eg ihug, at dei syndige føterne mine stod paa heilag grunn

akkurat der hadde den heilage skuggen stade. Eg skunda meg derifraa, teken av gruv og fælske. Det var so beini skrokk ihop av rædsle. Jeanne fylgde etter og sa:

"Ver ikkje rædd. Kvi skulde du det? Ver med meg, so skal me setja oss ned attmed kjelda, og eg skal fortelja deg alt."

Daa ho skulde til aa fortelja, stansa eg henne og sa:

"Seg meg fyrst ein ting. Du kunde ikkje sjaa meg inne i skogen. Koss kunde du daa vita, at eg skar eit merke i treet?"

"Vent litt. Eg skal snart koma til det, so vil du skyna det betre."

"Men seg meg berre dette daa. Kva var det for ein gruveleg skugge eg saag?"

"Det skal du og faa vita. Men ver ikkje so utav det. Her er ingi faare paa ferde. Det var skuggen av ein erkeengel — Mikal, hovdingen og herren for dei himmelske hærskarane."

Eg kunde ikkje anna en krossa meg og skjelva avdi eg hadde tilsulka jordi med føterne mine.

"Du var ikkje rædd, Jeanne? Saag du andlitet paa honom — saag du koss han saag ut?"

"Ja. Men eg var ikkje rædd, for det var ikkje fyrste gongen. Eg var rædd fyrste gongen."

"Naar var det, Jeanne?"

"Det er mest tri aar sidan no."

"So lenge. Hev du set honom mange gonger?"

"Ja, mange gonger."

"So er det dette som hev hugsnutt deg so. Det var dette som gjorde deg so tankefull og so heilt anleis en du var i gamle dagar. No ser eg det. Kvi fortalde du ikkje oss um dette?"

"Eg fekk ikkje lov. Men no hev eg lov, og eg skal snart fortelja alt ihop. Men berre til deg no. Det lyt vera ein løyndom nokre faae dagar til."

"Hev ingen set den kvite skuggen fyrr forutan meg?"

"Nei ingen. Han hev falle paa meg fyrr, medan baade du og andre hev vore tilstades, men ingen av dykk kunde sjaa noko. Idag hev det vore anleis, og eg fekk høyra orsaki med. Men heretter syner han seg ikkje meir for nokon."

"Det skulde vera eit teikn til meg daa — eit teikn som tydde eitkvart."

"Ja, men det kan eg ikkje tala um enno."

"Underlegt — at det skjerande kvite ljoset kan falla paa eit kvikjende som stend framfyre augo, utan at ein ser det."

"Det kjem ord og tale attaat. Fleire heilagmenner kjem ilag med vrande engleflokkar, og dei talar til meg. Eg høyrer maalet paa deim, men det gjer ingen andre. Eg er so glad i deim —

røysterne mine; soleis kallar eg deim, ser du."

"Jeanne, kva seier dei til deg?"

"Alle slags ting — um Frankrike, meiner eg."

"Fortel meg noko av det dei hev sagt."

Ho sukka og sa: "Aa, det var um ulukkur — altid um ulukkur og audmykjsle. Anna var det ikkje aa melda um."

"Tala dei um deim til deg fyreaat?"

"Ja. So eg visste altid kva som skulde koma, fyrr det verkeleg hende. Det gjorde meg tung um hjarta, som du skaag. Det var uraad anna. Men altid kom det eit trøystarord samstundes. Og meir en det. Frankrike skulde frelsast og verta stort og fritt. Men paa kva maate, og kven det var som skulde gjera det, fekk eg ikkje greie paa. Ikkje fyrr idag."

Som ho sa dette siste, kom det med eitt den same varme elden i augo hennar, som eg sidan so tidt skulde sjaa der, naar lurane bles til aatak og strid; kampljosken kalla eg det. Bringa duva upp og ned, og det kom farge i kinni.

"Men idag veit eg det. Gud hev valt den ringaste av skapningane sine til dette verket. Og etter Hans vilje, og i Hans verje og ved Hans kraft, og ikkje mi, skal eg føra hærane Hans og vinna Frankrike attende, og eg skal setja kruna paa tenaren Hans som no er kronprins, og skal verta konge."

Eg vart over all maate forbina og sa:

"Du, Jeanne? Du, eit barn, føra hæren?"

"Ja. I fyrste stundi bøygde tanken meg til jordi, for det er som du seier, eg er berre eit barn. Eit barn, og ulærd, ulærd um alt som høyrer krig til, og ikkje skikka for det raae krigslivet eller til aa vera kamerat med soldatar. Men desse veike stunderne er over; dei kjem ikkje att. Eg er i rulslane no; eg vil ikkje draga meg attende, fyrr engelskmennerne med Guds hjelp hev slept taket paa landsens strupe. Røysterne mine hev aldri loge, og dei hev helder ikkje loge idag. Dei seier eg skal gaa til Robert av Baudricourt, vudsmann paa Vaucoleurs, og han skal gjeva meg væpna menner i fylgje og senda meg til kongen. Eit aar fraa idag skal eit slag slaaast, som vil vera fyrste teiknet til enden, og enden vil braatt koma."

"Kven skal dette slaget raaka?"

"Det hev røysterne mine ingenting sagt um, helder ikkje um kva som skal henda iaar, fyrr slaget fell. Det er eg, som skal slaa det, det er alt eg veit. Og det skal fylgjast av fleire harde slag og straksst etter kvarandre. Paa tie vikur skal alt det dyre arbeidet Englands

hev lagt ned her vera um inkjes, og kronprinsen skal ha kruna paa hovudet; — for so er Guds vilje. Røysterne mine hev sagt det, og skulde eg daa tvila? Nei, det vert som dei seier, for dei hev enno aldri sagt anna en det som sant er."

Dette var veldige tidender. For vitet høyrdest dei umogelege ut, men hjarta tok deim for godt, soleis, at med' eg tvila med vitet, so trudde eg med hjarta — trudde, og heldt fast ved denne trui fraa den dagen av. Um eit lite bil sa eg:

"Jeanne, eg trur det du hev sagt, og no er eg glad fyre, at eg skal gaa i krigen ilag med deg — det vil seia, dersom det er deg, eg skal vera med."

Ho saag forbina paa meg og sa: "Det er sant, at du skal vera med meg, naar eg gjeng i krigen, men koss visste du det?"

"Eg skal vera med deg, og det same skal Jean og Pierre, men ikkje Jaques."

"Det er sant alt ihop — soleis er det; det er ikkje lenge sidan eg fekk vita dette, og fyrst idag fekk eg greie paa, at dei skulde vera med meg, og at eg i det heile skulde avstad. Koss visste du dette?"

Eg fortalde henne kva tid ho hadde sagt det. Men ho var ikkje god til aa minnast det. Dermed skyna eg at ho maatte ha vore i dvalesvevn eller burtrykt eitkorleis hin gongen. Ho bad meg halda desse og seinare openberringar for meg sjølv, den fyrste tidi; det sa eg at eg skulde, og eg hev trugje halde, det eg lova.

Ingen som møtte Jeanne den dagen kunde lata vera aa sjaa kor heilt anleis ho hadde vorte. Ho gjekk og tala fast og trygt. Der var ein underleg eld i augo hennar og noko heilt nytt og underlegt i den maaten ho bar kropp og hovud paa. Det nye ljoset i augo var kveikt av den hovdingskapen som Gud sjølv den dagen hadde nedlagt i henne, og ho la det for dagen betre en ord kunde gjort det, og likevel utan tilgjerdsle eller kautleik. Denne rolege magtkjensle og stillfarande maaten aa leggja ho i dagen paa, vart hjaa henne fraa den dagen av, til verket hennar var fullført.

Likesom dei andre bondefolki der i landsbyen hadde ho altid synt meg den vyrdnad som mi burd tilkom. Men no med eingong, utan at eit ord var sagt paa nokon av kantane, kom ho og eg til aa byta plass. Ho gav order, og fyreslo ikkje lenger; og eg gav gaum som aat ein eg hadde over meg, og lydde utan eit ord. Um kvelden sa ho til meg:

"Eg reiser fyre solrenning. Ingen fær vita um det utan du. Eg gjeng og skal tala med hovudsmannen paa Vaucouleurs, so som eg er tilsagd, og han

vil gjera narr av meg og vera morsk imot meg, og kanhenda seia nei til det eg denne gongen bed um. Men fyrst tek eg til Burey, og fær farbror Laxart med meg, for det sømer seg ikkje, at eg reiser aaleine. Eg kan koma til ca trengja til deg paa Vaucouleurs; for vil ikkje hovudsmannen taka imot meg, vil eg seia fyre eit brev aat honom, og daa lyt eg ha einkvan attmed som skynar seg paa aa skriva og stava ordi. Du reiser herifraa imorgo ettermiddag og vert verande paa Vaucouleurs, til eg treng deg."

Eg sa, eg skulde gjera som ho vilde, og so gjekk ho sin veg. De ser, kor klaartenkt ho var, og kor makelaust godt umdøme ho hadde. Ho sa meg ikkje til aa fylgja seg. Nei, ho vilde ikkje koma ut for folkesnakk. Ho visste væl, at hovudsmannen som sjølv var adelsmann, vilde lata meg, som og var adelsmann, faa sleppa inn. Men ser de, ho vilde ikkje det helder. Ei fatig bondegjente som sende eit bønskriv med ein ung adelsmann — kos vilde det taka seg ut. Ho var aldri uvyrdi og likesæl um folkesnakket, og til takk var namnet hennar like bjart og utan lyte til det siste. — Eg visste kos eg maatte fara aat, um eg vilde ho skulde lika det. Eg maatte taka til Vaucouleurs og halda meg heilt ifraa henne der, solenge til ho trong um meg.

Eg reiste utpaa ettermiddagen dagen etter og leigde meg inn einstad ute i byen. Dagen etter gjekk eg upp paa borgi og helsa paa hovudsmannen, som baud meg til middag ved tolvtida dagen etter. Det var ein soldat, rett so som ein tenkte seg ein god soldat paa den tidi, hog, brunbarka, graahærd og morsk, full av underlege eidar, som han hadde lært seg til snart her og snart der ute i krigen og no gjøymde paa, som var dei heiderskrossar for mod og djervleik.

Han hadde vore vand med aa liva i felten i all si tid, og for honom stod det so, at krigen var Guds beste gaave til menneskja. Han hadde staalvamsen paa seg, og gjekk med styvlar som naadde uppum knei, og attmed sida hekk det eit digert sverd. Daa eg saag paa denne morske krigaren og høyrde dei veldige eidane han kom med, og skyna kor lite samhug det var aa venta fraa den kanten, vona eg inderleg at den vesle bondegjenta ikkje vilde sleppa inn, men laut nøgja seg med eit brev.

Eg kom upp att paa borgi dagen etter ved middagsleite og vart vist inn i den svære matsalen. Her fekk eg plass side um side med hovudsmannen ved eit lite bord som stod noko høgare en det vanlege middagsbordet. Ved det vesle bordet sat fleire andre gjester forutan meg, og ved det store bordet sat dei

høgaste offiserane paa borgi. Ved utgangsdøri stod det nokre vaktmenner med spjot og lanse, og brynjeklædde.

Samrøda gjekk berre ut paa ein ting, kan ein vita — um kor ille landet var stedt. Einkvan fortalde, at det ordet gjekk ute blandt folk, at Salisbury ferde seg til aa gaa imot Orleans. Det vart eit heilt røre, og folk snakka reint i munnen paa kvarandre. Sume meinte, han vilde gaa paa med ein gong, andre at byen vilde gjeva seg utan sverdslag. Andre att heldt fyre, at Orleans vilde verja seg lenge og djervt. Men ein ting var alle samde um: at Orleans tilslutt maatte falla, og dermed heile Frankrike. Etterpaa dette vart det togn. Alle tottest sitja i sine eigne tankar og gløyma kvar dei var. Det var reint ogjelegt med denne stilla i denne store salen, der det nyst hadde vore slikt lurveleven.

No kom det ein tenar burt og kviskra noko til hovudsmannen, som sa:

"Vil dei tala med m e g, seier du?"

"Ja, herre hovudsmann!"

"Hm! Det var daa løglegt. Slepp deim inn."

Det var Jeanne og Laxart, farbror hennar. Sosnart den arme gamle bondemannen fekk sjaa alle desse storfolki som sat her forsamla lok alt modet or honom; han stansa upp paa halvvegen og var ikkje til aa faa lenger fram. Her gav han seg til aa staa med den raude pinkeluva flatklemd i handi, og bukka audmjukt til alle kantar, reint vitskræmd av alt dette nye han saag. Men Jeanne kom rett fram, rak og trygg, som gjekk ho heime i far si stove, og vart standande framfyre hovudsmannen. Ho drog kjensel paa meg, men synte det ikkje paa noko vis. Det vart eit surr av vællæte over henne, og jamvel hovudsmannen stemde i med, for eg høyrde, han mulla: "Sosant Gud liver, var ikkje dette ei fager dros!"

Han augnefor henne væl eit minutt eller tvo og sa so:

"No, kva ærend kjem so du i, barnet mitt?"

"Ærendet mitt er til deg, Robert av Baudricourt, hovudsmann paa Vaucouleurs. Du skal sende bod til kronprinsen og helsa honom med det, at han skal drygja og ikkje gjeva seg i slag med fienden, for Gud vil snart senda honom hjelp."

Denne merkelege talen sette laget i største undring, og mange mulla: "Arme ting, ho er fraa vitet." Hovudsmannen skjeglde morskt paa henne og sa:

"Kva er dette for noko vas? Kongen — eller kronprinsen, som du kallar honom, treng ikkje bod av d e t t e slaget. Han drygjer nok, du tarv ingen hugse ha i so maate. Kva meir var det du vilde seia?"

"Dette. Eg vilde beda deg, at du gjev meg eit fylgje av væpna menner, og sender meg til kronprinsen."

"Kvifyre?"

"For at han kan setja meg over hæren sin, for eg er kalla til aa driva engelskmennerne ut or Frankrike og setja kruna paa hovudet hans."

"Kva slag — du! Du er daa berre eit barn!"

"Likevel er eg utsedd til det."

"Tenk det! Og naar skal alt dette gaa fyre seg?"

"Til næste aar skal han krynast, og sidan all si tid raada over landet."

Folk small upp i ei laatt, og so snart det vart ljod aa faa, sa hovudsmannen:

"Kven hev sendt deg i slikt eit underlegt ærend?"

"Herren."

"Kva for ein herre?"

"Gud i himmelen."

Mange mulla: "Arme ting! Arme ting!" og andre sa: "Ho er reint forstyra."

Hovudsmannen ropte til Laxart, og sa:

"Høyr her, du! Tak denne galne gjentungen med deg heim og gjev henne dugeleg bank. Det er beste raadi for sjukdomen hennar."

Daa Jeanne var paa vegen ut, snudde ho seg og sa beintfram:

"Du negtar meg soldatane — kvifyre veit eg ikkje, for det er Herren sjølv som hev sendt meg til deg. Ja, det er Han som hev styrt meg hit; difor lyt eg koma att, gong paa gong, og gong paa gong. So fær eg nok tilslutt soldatane."

Det vart mykje prat og undring over dette, etter at ho var gjengi. Og vaktmennerne og tenarane fortalde det ut i byen, og derifraa kom det ut paa landet. Domrémy stod reint paa ende over det, daa me kom heimatt.

---

## Niande bolken.

Manna-naturen er seg sjølv lik alle stader. Lukke og siger priser folk upp i skyerne, men for nederlag hev dei berre haad og flir. Landsbyfolki fann ut, at Jeanne hadde gjort deim skam med dette underlege paafunnet sitt, som hadde falle so ille ut. Dermed hadde alle tungur det anvindt med aa tala um dette, og dei var so beiske og fulle av eiter, at hadde det vore tenner istadenfor tungur, vilde Jeanne aldri ha kome ifraa det med livet. Dei folk som ikkje kjende paa henne, gjorde det som verre var; for dei gjorde narr av henne og flirde av henne, og heldt ikkje upp korkje dag

eller natt med aa læ aat henne og hæda henne. Haumette og vesle Mengette og eg stod paa hennar side, men dei andre venerne hennar var stormen for hard fyre, so dei skydde henne og skjemdest ved aa verta sedde ilag med henne avdi ho var so ille sedd blandt folk, so dei fekk spitord dei med for hennar skuld. Ho gret so smaatt, naar ho var aaleine med seg sjølv, men aldri so nokon saag det. Ute blandt folk var ho like logn og stillfarande, og lest som inkje var; og aldri synte ho vreide mot deim som hædde henne. Ein skulde tru, at folk paa den maaten snart maatte blidkast, men so var det ikkje. Far hennar var so eitrande harm, at han aldri kunde tala rolegt um dette ville paafunnet hennar, at ho vilde gaa i krigen plent som ein mann. Han hadde sjølv droymt um noko sovore for ikkje lenge sidan, og no kom han dette ihug med harm og otte, og sa, at helder en ho skulde gjera seg so ukvinneleg og gaa i krig, skulde han beda brorne hennar taka og drukna henne; og vilde ikkje dei, so vilde han sjølv med eigne hender gjera det.

Men ingenting av dette fekk henne i minste maate fraa det ho hadde sett seg. Foreldri hennar gjætte henne væl, so ho ikkje skulde sleppa ut or landsbyen. Men ho sa, at hennar tid var enno ikkje komi; naar det var tid aa gaa, vilde ho faa bod um dette, og daa vilde dei som heldt henne att gjæta henne til faanyttes.

Sumaren leid og skreid.. Foreldri hennar skyna at ho heldt like fast paa sitt, og vart tilslutt glad, daa dei meinte at no skulde dei setja stopp for alt sovore med aa gifta henne burt. Paladinen var skamlaus nok til aa seia, at ho hadde trulova seg med honom for fleire aar sidan, og no vilde han, ho skulde halda ord.

Ho sa, at dette ikkje var sant, og vilde ikkje gifta seg med honom. So vart ho stemnd inn for kyrkjeretten i Toul og skulde dømast for lovnadsbrotet sitt. Daa ho sa nei og ikkje vilde ha nokon talsmann, men vilde føra saki si sjølv, vart det glede baade paa foreldri og paa alle deim som vilde henne vondt, for dei var alle visse paa, at ho skulde tapa saki. Og det var ikkje urimelegt, um dei tenkte so, for kven kunde anna tru, en at ei ulærd bondegjente paa seksten aar maatte verta baade skræmd og missa munn og mæle, naar ho for fyrste gong stod framfyre alle desse lærde og vælrøynde dokterane i lovkunna, og fekk kjenna den agen det stod av ein rett.

Men endaa tok alle desse folk imist. Dei kom i flokk og fylgje til Toul og vilde sjaa paa kor reint tilskjemdar ho skulde verta; men dei fekk ingenting att for bryet. Jeanne var smaalaati, logn og trygg som ho plae. Ho kalla ingi

vitne fram, men sa, at ho berre vilde spyrja ut vitni paa den andre kanten. Daa dei hadde sagt det dei hadde aa seia, reis ho upp og tok upp att med nokre faae ord innhaldet av det dei hadde sagt, og synte kor uklaart og lite sæ= tande alt var, som vitni hadde kome med. So kalla ho Paladinen sjølv fram og gav seg til aa spyrja ut honom med. Alt kva han fyrr hadde sagt, rakna av honom fille for fille under dei hage hen= derne hennar, til han tilslutt stod der naken, so aa seia, han som hadde kome so grumt utstasa i lygner og uppdikta skrønur. Talsmannen hans vilde freista aa bøta paa dette, men retten tok utan vidare ordet fraa honom, og avviste saki, og tilslutt sa domaren nokre aalvors=ord og let væl over Jeanne, som han kalla "dette under=barnet".

Etter ein sovoren siger og so stor ros fraa slik ein kant, snudde den tru= lause landsbyen paa nytt lag; dei kytte av Jeanne og let henne vera i fred. Mor hennar tok henne inntil seg att, og jam= vel faren blidkast og sa, han var byrg av henne. Men det var likevel ei tung tid for henne, for engelskmennerne hadde kringsett Orleans no, og skyerne seig myrkare og myrkare nedover landet, og enno sa røysterne hennar, at ho skulde drygja, og gav henne ingi klaare bod.

Vinteren kom og drog seg langsame= leg avstad. Men langt um lenge kom umbrøytet.

---

# Bok II.

## Ved hove og i felten.

### Fyrste bolken.

Den 5. januar 1429 kom Jeanne til meg ilag med Laxart, farbror hennar, og sa:

"Tidi er komi. Røysterne mine er ikkje uklaare lenger, dei hev sagt meg, kva eg skal gjera. Um tvo maanader skal eg vera hjaa kronprinsen."

Ho var i godlag, og gjekk rak og rett som ein liten soldat. Det smitta paa meg, og eg kjende meg so underleg krigersk tilmode, plent so som ein vert naar ein høyrer trumbeslag og fotslagi av taktfaste soldatar.

"Eg trur det," sa eg.

"Eg med trur det," sa Laxart. "Hadde ho sagt meg fyrr, at ho var sett av Gud til aa berga Frankrike, so vilde eg ikkje ha trutt det. Eg vilde ha late henne funne fram til hovudsmannen sjølv, og ikkje lagt meg upp i det, for eg vilde ikkje ha tvila paa at ho var gali. Men eg hev set henne staa framfyre alle desse adelsmennerne og storfolki utan rædsle og feia, det ho skulde. Og det kunde ho ikkje ha greidt utan Gud hadde hjelpt henne. Det veit eg. Difor vil eg tena henne, so ring som eg er, og ho kan bruka meg til kva ho vil."

"Farbror er so god imot meg," sa Jeanne. "Eg fekk bod etter honom og bad honom telja mor mi til aa lata meg faa fylgja heim med honom og stella kona hans, som ikkje er frisk. Alt er i orden, og me reiser imorgo tidleg. Ifraa heimen hans tek eg med det alrafyrste til Vaucouleurs og ventar og strævar der, til eg fær det eg bed um. Kva var det for tvo riddarar som sat til vinstre for deg attmed bordet hjaa hovudsmannen den dagen, du veit."

"Den eine var herre Jean av No-

velonpont til Metz, og den andre herre Bertrand av Poulengy."

"Godt grjot — godt grjot i baae tvo. Eg merkte deim ut til aa verta mine folk. — Kva er det eg les i andlitet ditt? — Tvil?"

Eg heldt paa aa læra meg til altid aa seia sanningi til henne, beintfram og utan utstasing. Dermed sa eg:

"Dei meinte, du var fraa vitet, og sa det. Det er sant nok, at dei totte synd i deg, avdi du var so ille stedd, men gal heldt dei deg fyre, kor som er."

Det tottest ikkje i minste maate gjera henne vondt. Ho berre sa:

"Den som er klok byter meining, naar han ser, han hev havt urett. Og det vil desse tvo. Dei kjem til aa fara ilag med meg. Eg fær snart sjaa deim att — — du tykkjest tvila paa nytt lag. Gjer du det?"

"N—nei. Ikkje no. Eg berre kom ihug, at det er eit heilt aar sidan, og at dei ikkje høyrde heime der, men berre var der ei dags tid paa gjenomreis."

"Dei kjem att. Men det var noko anna eg vilde tala um. Eg kjem med nokre paabod til deg. Du kjem etter um nokre faae dagar. Hav alt i orden, fyrr du reiser, for du kjem til aa vera lenge burte."

"Skal Jean og Pierre vera med?"

"Nei, dei vilde seia nei no, men um ei stund vil dei koma, og ha med velsigning fraa far og mor til meg, og deira løyve til at eg fylgjer kallet mitt. Eg kjem til aa verta sterkare daa — mykje sterkare — eg kjenner meg veik no, berre avdi eg vantar dette." Ho tagde eit bil, og taarune kom i augo. So la ho til:

"Eg vilde so gjerne seia farvel med vesle Mengette. Faa henne utanfor landsbyen imorgo tidleg. Ho lyt fylgja meg eit stykke paa veg."

"Og Haumette?"

Ho seig reint saman og gav seg til aa graata.

"Nei, nei — eg held so reint for mykje av henne, eg kunde ikkje halda det ut, med di eg veit at eg aldri skal sjaa henne att meir."

Um morgonen hadde eg Mengette med meg, og me fire gjekk ilag burtetter vegen i graaotten, til landsbyen var langt undan. So bad dei tvo gjentune farvel med kvarandre; dei tok kvarandre um halsen og gret so saart; det var rett ei ynk aa sjaa.

Og Jeanne saag seg lenge og væl attende, fyrr ho gjekk. Ho saag paa landsbyen langt burte, paa alvetreet og eikeskogen, paa blomevollen og aai, som vilde ho prenta desse biletí i minnet, so dei altid skulde staa der og aldri folna; for ho visste, ho vilde aldri faa sjaa deim att i dette liv. So snudde ho seg ifraa oss og gret saart. Det var aar-

maalsdagen hennar, og min med. Ho var daa sytten aar gamal.

---

Andre bolken.

Nokre faae dagar etterpaa var Laxart med Jeanne til Vaucouleurs og fann husvære aat henne hjaa Catharina Royer, kona til ein hjulmakar, ei reideleg og gild kone, rett eit fagna menneskje. Jeanne gjekk i kyrkja kvar dag, og hjelpte sidan til i huset; ho tente seg kost og husvere paa den maaten. Og vilde nokon tala med henne um kallet hennar — og det var det mange som gjorde — so tala ho fritt ut um dette, og la ikkje dulsmaal paa noko no.

Eg fekk snart tinga meg inn i eit hus attmed, og fekk no sjaa nær ved alt som sidan hende.

Med ein gong spurdest det, at det var kome til byen ei ung gjente, som Gud hadde kalla til aa frelsa Frankrike. Folk flest kom strøymande i flokkevis til, og vilde sjaa henne og tala med henne, og so snart dei fekk sjaa den fagre og elskelege unge gjenta, vart dei halvt hugvende, og naar dei hadde høyrt kor aalvorlegt ho tok det og skyna kor ærlegt ho meinte det, trudde dei heilt. Dei folk, som hadde best raad, heldt seg burte og dreiv gjøn med dette; men dei hev det no altid med det.

Hertil kom, at folk drog seg til minnes ein gamal spaadom av Merlin for væl so aatte hundrad aar sidan, og den sa at lenge etter, i framtidi eingong, skulde Frankrike gaa tilgrunne ved eit kvende, men eit kvende skulde sidan reisa landet upp att. Frankrike var no for fyrste gongen heilt øydelagt — og det ved eit kvende, Isabella av Bayern, den laake dronningi i landet. Og tvillaust hadde Gud sjølv kalla denne fagre og hjartereine unge gjenta til aa fullbyrda resten av spaadomen.

Dette sette endaa større kveik i folk. Dei vart meir og meir uppøste, di lenger det leid, og fekk att baade von og tru. Og fraa Vaucouleurs kom baaredrag paa baaredrag av denne fengjande eldhugen fløymande ut over landet vidan ikring, trengde seg inn i alle landsbyar og sette ny kveik i landsens utpinte folk. Og fraa desse landsbyane kom det folk som sjølve vilde sjaa, og sjølve vilde høyra. Og dei fekk sjaa og høyra, og trudde gjorde dei.

Dei fyllte byen; dei meir en fyllte han. Vertshus og andre losihus var fullpakka, og endaa laut helvti av deim som til strøymde gaa utan tak over hovud. Men endaa kom dei like godt, midt paa vinteren som det var; for naar sjæli er utsvelt, kva kjærer menneskja seg daa um

mat og husvere, sosant dei berre fær sjælesvolten stillt.

Dag for dag voks den store tidarbylgja. Domrémy vart baade forbina og forstøkt, og sa til seg sjølv: "Kan det vera raad at dette underbarnet hev livt midt iblandt oss i alle desse aari, og me var for blinde til aa skyna det?"

Jean og Pierre tok ut ifraa landsbyen og vart likeso mykje paaglodde og ovunda, som vore dei kongar og sterfolk, og ferdi til Vaucouleurs vart reint ei kongeferd, for kvar dei kom, sanka folk seg ikring deim og vilde sjaa og helsa paa brørne til ei som englane hadde tala med, og som Gud hadde kalla til aa løysa Frankrike ut.

Brørne kom med helsing og velsigning fraa foreldri til Jeanne og lovnad um, at dei snart skulde koma etter sjølve og beda farvel med henne.

Med denne glade voni i hjarta gjekk ho paa nytt lag til hovudsmannen. Men han var ikkje likare no en han hadde vore sinn gongen. Ho vart leid seg, men miste paa ingen maate voni. Ho sa:

"Eg lyt koma att, solenge til du gjev meg hærmennerne; for so er sagt meg, og eg lyt lyda. Eg maa til kronprinsen, um eg so skal gaa dit paa knei."

Eg og dei tvo brørne var hjaa Jeanne kvar einaste dag og saag paa folk som kom, og høyrde kva dei sa. Og rett nok, ein dag kom herr Jean av Metz. Han tala med henne paa ein skjemtande maate, soleis som ein pratar med born, og sa:

"Kva er det du tek deg til her, vesle gjenta mi? Vil dei driva kongen ut or landet, trur du, so me alle skal verta engelskmenner?"

Ho svara honom paa sin logne stillfarande maate:

"Eg er komi hit og skal beda Robert av Baudricourt fylgja eller senda meg til kongen, men han ansar ikkje kva eg seier."

"Eg maa seia du er traa av deg. Eit heilt aar hev ikkje magta aa faa deg ifraa ynskjet ditt. Eg saag deg, sist du var her."

Jeanne svara lognt som fyrr:

"Det er ikkje noko eg ynskjer; det er sovore eg hev sett meg fyre. Han føygjer meg nok tilslutt. Eg kan venta."

"Aa, det er ikkje verdt du er for viss paa det, barnet mitt. Slike hovudsmenner er vrange folk aa ha med aa gjera, ser du. Um han no ikkje gjer som du bed um —"

"Han gjer det nok. Han er nøydd til. Han lyt, anten han vil eller ei."

Mannen tok til aa verta aalvorsam no; ein saag det paa andlitet hans. Jeanne tala i fullt aalvor, og det fengde. Det gjekk altid so, at folk som byrja med aa skjemta med henne, enda med aa tala i aalvor. Dei gaadde snart dy-

ter i henne, som dei ikkje hadde drøymt um. Og so var ho so aalvorsam og fast som eit fjell, og det døyvde all flir og garpeskap. Herren til Metz fall i tankar eit bil; so sa han i fullt aalvor:

"Lyt du plent til kongen so snart? — Det vil seia, eg meiner —"

"Fyre paaske lyt eg dit, um eg so skal slita foterne ut til knes!"

Ho sa dette med slik døyvd eldhug, at ein skyna, det kom fraa hjarta. Ein kunde sjaa paa adelsmannen, at det gav etterljod hjaa honom. Det lyste upp i augo hans, og han sa djupt aalvorleg:

"Gud veit, at eg tykkjer du skulde faa hærmennerne. Eg er viss paa, det verre vilde koma godt ut av dette. Kva er det so, du sidan vilde gjera? Kva hev du tenkt deg til?"

"Aa frelsa Frankrike. Eg er sett til aa gjera det. Ingen annan i heile verdi, korkje kongar eller hertugar eller anna folk, kan løysa Frankrike ut; einast eg kan hjelpa."

Dette kom so underleg saart og vemelegt, at den gode adelsmannen vart reint klokt. Eg saag det godt. Jeanne vart no væl so laagmælt, og la til: "Men eg vilde mykje helder vera heime og spinna hjaa ho mor, for ikkje stend hugen min til dette verket, men eg lyt gjera det, naar Herren vil det."

"Kven er herren din?"

"Det er Gud i himmelen."

Daa la herren til Metz seg paa kne, paa gamal riddarvis, og la handi si i Jeanne si, til teikn paa truskap, og han gjorde eid paa, at med Guds hjelp vilde han sjølv fylgja henne til kongen.

Dagen etterpaa kom herr Bertrand av Poulengy, og han med gjorde eid og gav riddarordet sitt i pant paa, at han vilde bida paa henne og fylgja henne, kvarhelst ho gjekk.

Same dagen, ut paa kvelden, vart det stort røre i byen — for det ordet gjekk, at hovudsmannen sjølv vilde vitja den unge gjenta i det fatigslege husveret hennar. Dermed var alle gatur og smog um morgonen fullstappa av folk som venta og vilde sjaa, um so underleg ein ting verkeleg kunde henda.

Og hende gjorde det. Hovudsmannen kom ridande med drust og dramb og stort fylgje, og det spurdest allstad ikring, so det vart ei heil røre. Folk som var noko hogt paa straa, bisna paa dette, og heldt upp med aa flira aat Jeanne; ho kom i det heile ein god mun i veret ved dette.

Hovudsmannen hadde kome til det, at anten maatte Jeanne vera ei trollheks, eller og eit heilagmenne. Og no hadde han sett seg fyre at han vilde finna ut, kvaslag ho var. Dermed hadde han med seg ein prest, som skulde driva develen ut or henne, um so var, at han var der til husar. Presten las lestri si,

men fann ingen devel. Han berre gjorde Jeanne vondt utan aa turva det, for han hadde nyst fyreaat havt henne til skrifte, og burde ha visst, um han i det heile visste noko, at devlar ikkje toler aa vera i skriftestol, men set i fæle yl og stygge eidar, kvar gong dei lyt fram for ein som Herren hev innvigd.

Hovudsmannen gjekk heim att, tvilraadig og fortenkt; han visste ikkje si arme raad med dette. Og medan han tenkte og gruvla, leid og skreid dagane, og 14. februar var komen. Daa gjekk Jeanne upp paa borgi, og sa:

"I Guds namn, Robert av Baudricourt, du drygjer for lenge med aa senda meg, og no er stor skade skjedd, for idag hev franskehæren tapt eit slag attmed Orleans, og verre vil det gaa um du ikkje snart sender meg til honom."

Hovudsmannen vart fortustra over sovoren tale, og sa:

"Idag, barn, i d a g? Koss kan du vita, kva som er hendt paa den kanten idag? Det gjeng minst aatte—ti dagar fyrr me fretter noko derifraa."

"Røysterne mine hev meldt meg det, og sant er det. Eit slag vart tapt idag, og du gjer gale som hefter meg soleis."

Hovudsmannen gjekk att og fram paa golvet eit bil; han smaaprata med seg sjølv og sette av og til i ein dugeleg eid. Tilslutt sa han:

"Høyr her! Gakk i fred, og vent solenge! Syner det seg, at du hev sagt sant, skal eg gjeva deg brev og senda deg til kongen; men elles ikkje."

Daa sa Jeanne fust:

"Gud vere lova, daa er ventetidi snart over. Um ni dagar kjem du med brevet til meg."

Folki i Vaucouleurs hadde lenge gjeve henne ein hest og vaapen og hærklæde som ein annan soldat. Ho hadde inkje høve til aa prøva hesten og sjaa, um ho kunde rida paa han, for ho laut fyrst og fremst bia tolugt og kveikja mod og von i alle deim som kom og vilde tala med henne, og faa deim til aa laga seg istand, um dei sidan skulde trengjast til aa frelsa fedrelandet. Til dette gjekk kvar einaste stund paa dagen. Men det gjorde ikkje noko. Det beid ingenting, som ikkje ho kunde læra, og det paa stuttaste tidi. Det skulde nok hesten hennar faa røyna fyrste gongen ho sette seg uppaa han.

Men brørne hennar og eg laante hesten solenge og skiftest til aa læra og rida paa honom. Og me lærde aa bruka sverd og andre vaapen samstundes.

Den tjugande kalla Jeanne den vesle hæren sin saman — dei tvo riddarane og dei tvo brørne hennar og meg — og heldt eit lite krigsraad. Nei, noko krigsraad var det ikkje — det er ikkje rette namnet — for ho spurde oss ikkje tilraads, ho berre gav order. Ho stakk ut for

oss den vegen ho vilde ta til kongen, og gjorde det plent som hadde ho vore væl heime i landkunna. Og ferdaplanen var lagd som han var, for at ho skulde sleppa so mykje som raad var aa ferdast igjenom faarlege eller hærtekne grender — noko som synte, at ho kunde den politiske landkunna si likeso godt som den fysiske, endaa ho ikkje hadde gjenge so mykje som ein dag paa skule, og sjølvsagt var heilt utan lærdom.

Eg vart forbina, men so tenkte eg med meg, at røysterne hennar maatte ha sagt henne det. Men daa eg tenkte meg betre um, skyna eg, at so var det ikkje. Ho nemnde alt i eitt kva den og den hadde fortalt, og daa forstod eg, at ho hadde spurt ut alle desse framandfolki som hadde kome og vitja henne, og av det ho fekk ut or deim hadde ho sanka seg ei mengd med verdfull kunnskap. Dei tvo riddarane var fulle av undring over kor godt vit ho hadde og kor makelaus sløg ho var.

Ho sa ifraa, at me maatte bu oss paa aa ferdast um natti og sova um dagen paa løyndestader, for mest heile ferdi vaar vilde gaa gjenom fiendeland.

Ho bad oss og aa halda dult, kva tid me reiste, for ho vilde smetta seg avstad i all løynd. Elles kunde det verta stort folkeupplaup, naar me reiste, og daa hadde fienden strakst njosn i det, og kunde leggja seg paa lur etter oss. Tilslutt sa ho:

"No stend det ingenting att, utan aa seia dykk kva dag me tek avstad, so de kan bu dykk itide og slepp aa gjera noko i siste liten. Me reiser den 23. ved elleve-tidi um kvelden."

Dermed fekk me gaa. Dei tvo riddarane var forstøkte — og fortenkte med. Og herr Bertrand sa:

"Endaa um hovudsmannen verkeleg skriv brev og sender oss avstad, so er det ikkje sagt han gjer det paa den tid ho seier. Koss kan ho daa vaaga aa nemna dagen. Det er vaagalt aa slaa fast dagen, so uvisst som alt er no."

Eg sa:

"Naar ho hev sagt den 23., so kan me trygt lita paa henne. Røysterne hennar hev sagt det, vil eg tru. Me gjer best i aa lyda henne."

Me so gjorde. Foreldri til Jeanne fekk bod um aa koma fyre den 23., men kvi denne tidi var sett, kunde me sjølvsagt ikkje godt seia.

Heile dagen den 23. saag ho upp med lengt i augo kvar gong det kom framandfolk inn; men foreldri hennar viste seg ikkje. Likevel misste ho ikkje modet, men vona alt fort. Men daa kvelden kom sløktest tilsist all von, og taarune kom tiplande; men ho turka deim burt, og sa:

"Det skulde vel so vera daa, veit eg. Eg lyt bera det, og bera det skal eg."

Herren til Metz freista aa trøysta henne, og sa:

"Hovudsmannen sender ikkje nokon bod; kanhenda kjem dei imorgo, og —"

Lenger kom han ikkje, for ho tok frami, og sa:

"Kva hjelper det! Me reiser ikveld klokka elleve."

Og soleis gjekk det. Klokka ti kom hovudsmannen med vaktmenner og kyndelberarar, og gav henne eit ferdafylgje av hærmenner, væl væpna og paa gode hestar, tilliks med hestar og vaapen aat meg og brørne hennar, og til Jeanne sjølv flidde han eit brev aat kongen. So tok han av seg livgjordi og sverdet sitt og knepte det med eigne hender kring livet paa henne, og sa:

"Du sa sant, barn. Slaget v a r t tapt den dagen du sa. Og no hev eg halde det eg lova. Gakk so, og maatte det skje til det beste!"

Jeanne sa takk, og han gjekk sin veg. Det tapte slaget var den vidspurde ulukka som i soga kallast herringsslaget.

Alle ljos i huset vart strakst sløkte, og eit lite bil etter, so snart gatune hadde vorte myrke og folketome, stiltra me oss igjenom deim og ut vestporten, og sidan sprengde me avstad i tanande renn burtetter landevegen.

---

## Tridje bolken.

Me var fem og tjuge mann sterk, alle væl utreidde. Me reid tvo og tvo i rad, Jeanne og brørne hennar i midten, Jean av Metz i fyreenden, og herr Bertrand heilt tilslutt. Riddaren hadde fenge den plassen for aa meinka nokon fraa aa røma — no i det fyrste. Um tvo=tri timar vilde me vera i fiendeland, og daa torde nok ingen seg til aa røma undan.

Smaatt um senn fekk me høyra ynking og stynjing, graat og skjelling fraa ymse kantar av fylgjet, og daa me spurde etter, kva dette var, frette me, at seks av mennerne vaare var bønder som aldri hadde sete paa hesterygg fyrr, og no hadde vondt for aa halda seg i salen, og attpaa tok dei til aa verta baade saare og styrde av dette uvande arbeidet. Hovudsmannen hadde teke deim med magt i siste liten og nøydt deim inn i rekkjune, so talet skulde verta fullt, og kvar av deim hadde fenge attmed seg ein gamal vælrøynd soldat som hadde order til aa hjelpa deim aa halda seg i salen og drepa deim, um dei freista paa aa røma.

Desse arme devlane heldt seg i ro so lenge dei var god til, men no verkte dei so uselegt i kvar den lem, at dei laut gjeva pina luft. — Men me var komne innum fiendegrensune no, so det

var ingi raad med deim; dei laut avstad. Men Jeanne sa, at vilde dei sjølv vaaga voni, kunde dei faa lov aa fara heimatt. Dei valde aa vera med oss. Me laut no sagtna farti og fara varlegt, og dei nye mennerne vaare vart tilsagde aa halda sorgerne sine for seg sjølve og ikkje setja heile fylgjet i faare med gaulingi si.

Daa det tok til aa lysa av dag, reid me langt inn i ein skog, og snart laag heile flokken, paa vaktmennerne nær, i djup svevn trass i den kalde marki og den iskalde snøen.

Eg vakna ved middagsbil etter so tung ein svevn, at eg i det fyrste ikkje rett sansa, kvarhelst eg var, eller kva som hadde hendt. Men so klaarna det for meg, og eg kom alt ihug. Som eg laag der og tenkte over alt det underlege som hadde hendt dei siste par maanadane, skaut den tanken seg med eitt i hugen min, til største undring for meg sjølv, at ein av Jeanne sine spaadomar hadde likevel ikkje slege til; for kvar var Noel og Paladinen som skulde slaa seg ilag med oss i ellevte timen? For no, ser de, hadde eg vorte vand med aa venta at alt det Jeanne sa, maatte henda. Fortenkt og leid meg let eg upp augo. Og kven annan skulde vel staa der og stydja seg uppetter eit tre, kven annan en Paladinen! Kor ofte hender ikkje det: ein tenkjer paa eit menneskje eller talar um honom; og best det er stend mannen ljoslivande framfyre ein, endaa ein ikkje drøymde um, at han var attmed. Det ser so ut, som den ting at han var attmed fekk ein til aa tenkja paa honom; so det kanhende ikkje er so stort eit treff likevel, som folk trur. Men koss det no er eller ikkje er med den ting. Der stod alt ist Paladinen og saag ned paa meg og venta paa, at eg skulde vakna.

Eg vart urimeleg glad daa eg fekk sjaa honom, og spratt upp som ein ball, treiv honom i handi og drog honom med meg eit stykke utanfor legeret — medan han halta verre en nokon krypling — og so spurde eg:

"Men kvar i verdi kjem du ifraa? Og koss kom du til aa jumpa akkurat upp i legeret vaart? Og kva tyder det, at du gjeng med soldatklæde? Fortel meg alt ihop."

Han svara: "Eg var i fylgje med dykk inatt."

"Nei vel!" (For meg sjølv sa eg: spaadomen slær nok til, kor som er — alvist helvti av han.)

"Visst var eg so. Eg skunda meg fraa Domremy, det snøggaste eg rann, so eg skulde naa i dykk og faa vera med dykk paa ferdi. Og i siste liten var det. Sant aa seia var eg for seint ute, men so lenge tigga og bad eg hovudsmannen, um eg maatte faa sleppa med, til han

vart klokt over slik djerv offerhug i fedrelandet si sak — desse ordi bruka han — og so føygde han meg og let meg faa sleppa med."

Tenkte eg med meg: Dette er lygn. Han er ein av dei seks, som hovudsmannen i siste liten med magt persa til aa fylgja med. Eg visste det, for Jeanne hadde spaatt, at han skulde verta med i den ellevte timen, men ikkje godviljugt. — Høgt sa eg:

"Eg er so glad for at du kom. Det er ei stor sak, og i tider som desse burde ingen sitja heime."

"Tenk sitja heime! Eg var ikkje god til aa sitja heime, eg, meir en torekilen til aa liggja gjøymd i skyerne, naar stormen dreg honom ut."

"Slik skal ein tala! No kjenner eg deg att."

Han lika dette.

"Det er gildt aa sjaa at du kjenner meg. Det er sume som ikkje gjer det. Men dei skal nok snart koma til aa gjera det. Dei skal nok læra aa kjenna meg, fyrr krigen er til ende."

"Det same trur eg. Eg er viss paa, at kvarhelst det er faare paa ferde vil du verta aatgaadd."

Han tok det for gjøl og pusta seg upp som ei blaase.

"Ja," sa han, "sosant eg kjenner meg sjølv rett — og det trur eg nok eg gjer — so skal eg nok gjera so kjerrekarsstykke i denne krigen, at du tidt og ofte skal lota minnast desse ordi."

"Eg tvilar ikkje paa det. Nei men um eg gjer."

"Det vert ikkje so greidt for meg, med di eg berre er vanleg soldat. Men landet skal nok likevel høyra gjete meg. Vore eg sosant der eg høyrde heime, vore eg i plassen for La Hire, Saintrailles eller Bastarden av Orleans — no ja, eg seier ikkje meir, eg er ikkje av det pratande slaget soleis som Noel Rainguesson og hans like, gudskjelov. Men det vert daa altid noko — noko spildernytt her i verdi — at ein vanleg soldat gjer seg meir namngjeten en alle desse tilsamans."

"Nei men veit du, venen min," sa eg, "dette er eit makelaust hugskot, du der hev fenge. Du skynar visst ikkje sjølv, kor godt det er. For ser du, aa vera vidspurd general, kva er vel det? Ingenting. Soga yrer og kryr av slike; det er raadlaust aa halda namni paa deim ut ifraa kvarandre, so mange er der. Men ein vanleg soldat, som gjer seg namnkunnig — han vart noko for seg sjølv. Han vart den store lysande maanen paa ein himmelkvelv, yrande full av smaa tallause stjerneprikkar. Hans namn vilde koma til aa minnast, so lenge verdi stod! Seg meg noko, kven hev sett deg paa denne tanken?"

Han var nær ved aa sprekka, so

kaut vart han, men han freista daa aa laast som ingenting. Han slo avvisande ut med eine handi, og sa likesælt:

"Pytt, det er ingenting, det. Eg hev tidt slike tankar, og større med. Dette var daa ingenting."

"No er eg daa so forundra. Hev du verkeleg funne paa dette av deg sjølv?"

"Eg skulde so tru. Og der er flust upp av same slaget, der dette kom ifraa" — han bankar seg med fingen paa panna og nyttar høvet til aa skuva huva ned paa eine sida, so han skulde sjaa rett morsk ut, — "eg tarv ikkje laana tankar, eg, likso Noel Rainguessson."

"Medan me talar um Noel, naar var du sist ilag med honom?"

"For ein halv time sidan. Han ligg og søv som ein stein derburte. Han var med oss inatt."

Eg kjende noko varmt for bringa, som vilde upp, og eg sa til meg sjølv: No er eg daa so trygg og glad; eg skal aldri tvila paa spaadomane hennar meir. Høgt sa eg:

"Det var gildt aa høyra. Eg vert reint byrg av landsbyen vaar. Det finst nok ikkje den ting som kan halda løvehjarto vaare heime i slike stortider, skynar eg."

"Løvehjarta! Kven — det reivebarnet? Han — han tigga som ei bikkje um aa sleppa. Gret og sa, han vilde heim til mor si. Han løvehjarta! — Slik ein mjølsekk!"

"Kjære folk, eg meinte, han baud seg til sjølv, kan du vita. Gjorde han ikkje det daa?"

"Aa jau, sameleis som ein byd seg til aa verta hengd. Ser du, daa han frette, at eg vilde fara heiman ifraa og sjaa og koma med i krigen, bad han, um han maatte faa fylgja med meg og sjaa paa folket og alt levenet som var i byen. Ja, me kom sovidt i tide og fekk sjaa alle kyndlane som kom i rad og rekkje ut or borgi, og so sprang han burt aat, og hovudsmannen tok daa baade honom og fire til. Han tigga um aa faa sleppa, og eg bad um eg maatte koma med i plassen hans, og tilslutt gav hovudsmannen meg lov til aa vera med, men vilde ikkje sleppa Noel, for som var; for han vart harm paa honom avdi han for aat som ein baansunge. Eg maa elles seia, det var god kar aa faa i kongstenesta: han vil eta for seks og renna for sekstan. Eg kan so lite med slike kretur som hev ni rombar og berre eit harehjarta i bringa."

"Nei men dette var daa nytt for meg. Det var leidt aa høyra. Eg meinte, det var reint ein støvar."

Paladinen saag tykkje paa meg, og sa:

"Eg skynar ikkje koss du kan tala soleis, neimen um eg gjer. Det er ikkje

so, eg mislikar fyren, det gjer eg ikkje. Eg hev ikkje det minste imot honom soleis. Eg likar honom, og hev vore kamerat med honom heilt fraa den tid me laag i vogga; men eg lyt daa faa seia kva eg meiner um lyti hans, og det same kan han saa gjera um mine, um eg hev nokon. Det kan godt henda, eg det hev; det er slett ikkje so utrulegt, det. Men eg tenkjer nok, dei kan tola aa leggjast i dagen, for som er. Ein stovar! Jau sant, sa'n! Du skulde ha høyrt kvss han ylte og skreik og bar seg inatt, avdi han vart so saar, naar han reid. Kvi vart ikkje eg saar, naar eg reid? Pøh — eg sat likso fast i salen som hadde eg vore fødd paa hesterygg. Og likevel var det fyrste gongen eg sat paa ein hest. Alle desse gamle soldatane undra seg over, kor glup eg var til aa rida; dei hadde aldri set maken, sa dei. Men han — honom laut dei halda fast heile tidi, elles hadde han dotte av."

Eimen av morgonsmat kom snikjande burt aat oss. Paladinen vedra baade blid og nøgd, og kom seg upp i ein fart. Han laut av og sjaa til hesten, sa han, og hinka avgarde.

Paa botnen var det ein godsleg og blidlynd rise, som det ikkje fanst vondt i; for det er ikkje vandare i, um ein gjøyr, sosant ein berre ikkje bit, og det er ikkje noko vondt i aa vera eit asen, sosant ein berre skryter og ikkje slær ut med bakbeini. Dersom denne digre kjøthaugen tottest ha ei tunge som stødt gjekk som ho var smurt — kva so? Det var ikkje paa vondt meint, og fraa fyrst av var det ikkje hans eigi skuld, dihelder. Det var Noel Rainguesson sitt verk; han hadde funne ut dette lytet hjaa honom, gjeve det næring og uppelska det, berre for moro skuld. Fjaag og lettlynd som han var, laut han altid ha einkvan til aa gartast med og gjera narr av; og Paladinen var som skapt til dette. Dermed erta og terga han honom upp, og skrepte av honom til andre tider, solenge til Paladinen vart reint skakkjøyrd. Noel vilde helder vera saman med Paladinen en med nokon annan i verdi, og Paladinen visste ikkje det menneskje han ikkje helder vilde vera saman med en med Noel Rainguesson. Alt som tidast var dei ilag, men det var av same orsak, som at ein jamt ser uksen og kleggen ilag.

Det fyrste eg saag meg syn til det, leitte eg upp Noel. Eg helsa honom velkomen i flokken vaar, og sa:

"Det var gildt av deg, at du vart med, Noel."

Han blunka med auga, og svara:

"Ja, det var so. Men eg kan ikkje taka all æra for dette aaleine. Eg fekk hjelp."

"Kven hjelpte deg, seier du?"

"Hovudsmannen."

"Koss daa?"

"Jau no skal du høyra, koss det var til fraa fyrst til sist. Eg kom ifraa Domrémy og vilde sjaa paa alt folket, som var paa føterne, og alt det andre spetaklet; for eg hadde aldri set noko slikt fyrr, skynar du, og no hadde eg hove til det; men eg hadde slett ikkje tenkt meg til aa gaa med i krigen. Eg naadde att Paladinen paa vegen og let honom faa vera i fylgje med meg resten av vegen, endaa han slett ikkje var huga paa det, og sa det beint ut; og medan me no stod der og myste og glodde paa hundlane til hovudsmannen kom dei og treiv oss og fire til, og stappa oss inn i rekkjerne; paa den maaten kom eg til aa verta med. Men naar alt kom til alt, er eg ikkje noko større leid for det, for det vilde vorte fælt kjeidsamt heime i landsbyen utan Paladinen."

"Koss tok han det? Var han nøgd?"

"Eg trur helst, han var glad for det."

"Koss daa?"

"Jau, avdi han sa, han ikkje det var. Han vart reint teken over hals og hovud, ser du, og det er lite rimelegt at han i den farten kunde finna paa aa seia sant. Ikkje for det at eg trur, han nokortid vilde bry seg med det, det trur eg ikkje, nei. Han er so innbarka med aa ljuga, at han vilde ha betaling for aa seia sant. Dermed so er eg viss paa, at naar han sa, han ikkje var glad, so var han det."

"Trur du, han vart svært glad?"

"Ja, det er eg viss paa, han vart. Han ylte som ei bikkje og brølte paa mor. Han sa, han var so klen med helsa, og ikkje kunde han rida helder, so han kom til aa døy paa fyrste turen. Men han saag ikkje ut til aa vera fullt so klen, som han let um. Det stod ei svær vintunne der, som fire mann snaudt var god til aa lyfta. Hovudsmannen vart harm, og han sette i ein eid som fekk dumba til aa risa høgt i lufti, og forpligta seg paa, at anten fekk Paladinen taka tunna paa nakken, eller so skulde han laga hakkemat av honom og senda honom heim i ei korg. Paladinen gjorde det, og dermed slapp han med i hærmannsflokken utan meir spetakkel."

"Ja, naar so er, skynar eg væl, at han maa ha vore glad til. Koss greidde han turen inatt?"

"Aa, paalag som eg. Um han belja eingrand meir, so var ikkje det noko større aa seia paa; han hev so mykje digrare kropp, ser du. Me heldt oss i salen, avdi me fekk lukke til. Og like saare er me idag baae tvo. Han vil helst setja seg ned, og det er ei smaksak; eg vil helder staa."

---

## Fjorde bolken.

Me vart no kalla saman, og Jeanne for oss væl over. So heldt ho ein stutt liten tale, og sa som so, at jamvel det grove krigshandverket greidde ein best, um ein for sømelegt aat og korkje drakk eller banna, og ho for sin part vilde ikkje vita av noko slag utoeskap i hærflokken sin. Sidan let ho dei urøynde næmingane faa seg ein halv times tid til aa øva seg i aa rida, og sette ein av dei gamle vælrøynde soldatane til aa læra deim. Det var nok eit løglegt syn aa sjaa paa, men me lærde daa noko, og Jeanne var nøgd med oss og let væl. Ho øvde seg ikkje sjølv, men berre sat rak som eit ljos paa hesteryggen og saag væl etter. Det var meir en nok for henne, skynar de. Ho fylgde so væl med, at ho sidan kunde nytta ut det, ho soleis hadde lært.

Me reid no tri næter i rad og kom paalag tri-fire mil kvar natt. Me fekk rida i fred og ro. Ingen tok paa oss. Dei meinte me var krigssluskar som var ute paa røvarferd. Landsfolk er berre glad dess, at slike folk stryk framum utan aa stana.

Men det var stride turar, for som var, og alt anna en hugnadsame, for bruer var det faae av, men di fleir av aa-ar og elvar, og naar me laut over deim, fann me, at vatnet var fyrgjeleg kaldt. Sidan laut me leggja oss til kvild, vaate som me var, paa isande kald jord og sova oss varme, um me det kunde, for det vilde vore vaagalt aa kveikja upp varme. Jamvel dei sterkaste og trottugaste av oss vart veike og slitne av dette, men det gjorde ikkje Jeanne. Ho var like rak og spræk, og hadde same eld i augo. Me laut berre undrast paa dette; for det var uraad for oss.

Men hadde me havt det stridt fyrr, so veit eg ikkje kva eg skal kalla dei fem næterne som sidan fylgde, for rideturane var likso trøytesame, og laugi likso kalde, og attaat vart me sju gonger paatekne av fiendar og misste tvo næmingar og tri utlærde soldatar. Det hadde kome ut, at jomfruva fraa Vaucouleurs var paa vegen til kongen med ein liten hærflokk, og alle vegar var stengde no og væl gjætte.

Desse fem næterne tok mest modet ifraa fylgjet. Verre endaa vart det ved noko Noel kom etter og strakst melde for Jeanne. Sume av folki hadde freista aa grona ut, koss det kunde ha seg, at Jeanne var like spræk og sjølvtrygg, medan jamvel dei traustaste karane i laget vart slitne av ferderne og vart baade grinutte og leide. Der ser ein, koss folk kan ha augo og likevel ingenting sjaa. Heile sitt liv hadde desse karane set sine eigne kvinfolk gaa i ok saman med ein

ukje og draga plogen ute paa marki, medan dei sjølve kjøyrde. Og dei hadde sagte havt andre døme paa at kvende er mykje meir toluge og held betre ut en karfolki — men kva hjelpte det, at dei alle hadde set dette. Ingen verdens ting. Dei var likevel over seg av undring, meddi ei gjente paa syttan heldt betre ut en vælrøynde krigsfolk. Dei tenkte helder ikkje over, at ei stor sjæl som hev sett seg eit høgt maal, kan gjera ein veik likam sterk og traust. Og her hadde me den største sjæli i verdi fyre oss; men kva visste dei um det, kreturi! Nei, dei skyna ingenting, og dei tala likso faavist som dei tenkte. Dei heldt paa og antrast um dette seg imillom, ein gong Noel høyrde paa, og kom til det, at Jeanne var ei trollheks, og hadde krafti si og modet sitt fraa Satan. Dermed la dei raad upp um aa drepa henne, det fyrste dei kunde koma til.

Aa ha slike meinraader uppe midt iblandt oss, var mindre en hugnadsamt, og riddarane bad Jeanne um lov til aa hengja upprørsmennerne. Men ho vilde ikkje paa nokon maate. Ho sa som so:

"Korkje desse mennerne eller nokon annan kan taka livet mitt, fyrr verket mitt er fullgjort, og kvi skulde eg daa ha deira blod paa mine hender? Eg vil seia dette til deim og setja deim rette. Kall deim fram."

Daa dei kom, sa ho dette til deim so rett og slett, som vore det raadlaust aa tvila paa noko, naar ho sa det. Mennerne vart baade forundra og forstokte, daa dei høyrde henne seia noko sovore paa slik ein sjølvtrygg maate. Men gjekk sjølve talen inn paa deim, so vart dei ikkje mindre forstokte over det ho sa til slutt. Jeanne snudde seg til upphavsmannen og sa til honom med sorg i maalet:

"Det er synd, at du skulde leggja raad upp um aa taka livet av eit anna menneskje, naar du sjølv er so nær dauden, som du er."

Hesten til denne same mannen snaava og fall over honom i den fyrste aai, me laut over den natti, og mannen drukna, fyrr me naadde i honom. Me hadde ikkje fleire slike meinraader.

Den natti laag fienden paa lur etter oss baade her og der, men me slapp igjenom, utan at nokon vart drepen. Ei natt til, og so vilde me vera over fiendegrensa, um lukka var god, og me beintfram lengta etter at det skulde verta myrkt, so me kunde koma oss iveg att. Fyrr hadde me altid meir eller mindre kvidt oss for aa leggja avstad ut i myrkret og stilla og frjosa oss forderva i elvane og verta ettersette av fiendeflokkar; men denne gongen berre stunda me etter aa koma avstad og faa ein ende paa det, endaa me tottest skyna at det vilde verta vrangare aa slaa seg igje-

nom inatt en nokon gong fyrr. Og iktje nok med det, men paalag ei mil framfyre oss gjekk det ei breid aa med ei skrøpeleg trebru over. Det hadde falle baade regn og slette heile dagen igjenom, og me var gruveleg forvitne etter aa finna ut, um me var i fella eller ei. Hadde isfvullen sprengt brui burt, kunde me trygt seia, me sat so ille i det, at all von var ute.

Sosnart det vart myrkt reid me i rad og rekkje ut or skogen der me hadde halde oss gjøymde, og tok iveg att. Fraa den tid me tok til aa møta fiendar, hadde Jeanne altid ride i brodden, og denne plassen hadde ho no med. Daa me hadde ride ein fjordungveg, vart det berre snøslette og snøslaps, og det piska rett i andlitet paa oss som svidande svipeslag. Eg ovunda Jeanne og riddarane som kunde lata att visiret og gjøyma hovudet inne i hjelmen plent som i ei øskje.

Best det er, høyrer me ut or myrkret tett attmed oss eit kvasst maal som seier:

"Stans!"

Me so gjorde. Eg totteſt skilja ut ein myrk klump burti myrkret og fann ut at det maatte vera ein flokk hærmenner tilhest; men viss paa det kunde eg ikkje vera. Ein mann kom ridande burt og sa morskt til Jeanne:

"No, eg maa seia, du hev teke det med ro. Kva hev du so funne ut? Er ho enno attanfyre, eller er ho fyre oss?"

Jeanne svara lognt som ho plae:

"Ho er enno attanfyre."

Framandkaren høyrdest eingrand blidare ut no. Han sa:

"Er du viss paa dette, kaptein, so hev du ikkje spillt tidi. Men er du viss paa dette? Koss veit du det?"

"Avdi eg hev set henne?"

"Set henne? Set jomfruva sjølv?"

"Ja, eg hev vore i legeret hennar."

"Er det raad! Kaptein Raymond, du lyt orsaka, at eg tala til deg paa denne maaten her istad. Du hev gjort eit stort karsstykke, hev du. Kvar hadde ho legeret sitt?"

"I skogen, ikkje meir en ein fjordungveg herifraa."

"Det var daa godt. Eg var rædd me enno var attanfyre; men no daa me veit ho er bak oss, er alt væl. Daa er ho i klemma. Me tek og hengjer henne upp. Du skal faa hengja henne sjølv. Ingen hev betre gjort seg fortent til aa rydja dette satansbarnet ut or jordi."

"Eg kan ikkje fulltakka deg. Fær me berre sosant tak i henne, skal eg —"

"Um me gjer? Eg skal nok sjaa til det. Du tarv ingen hugse ha i so maate. Eg vil berre kika eingrand paa henne, sovidt eg fær sjaa koss denne satansungen ser ut, som hev sett landet slik

paa ende, og sidan kan galgen ha henne. Kor mange mann hev ho?"

"Eg talde berre atten, men ho hev kanhenda havt tvo-tri vaktmenner ute."

"Er det det heile? Det tek folki mine i ein einaste glefs. Er det sant, at det berre er ein gjentunge?"

"Ja, ho er ikkje meir en sytten aar."

"Det er reint utrulegt! Er ho tjukkfalli eller mjaa?"

"Mjaa."

Offiseren tenkte seg um eit bil, og sa so:

"Ferde ho seg til aa brjota upp?"

"Ikkje daa eg sist saag henne."

"Kva gjorde ho daa?"

"Ho tala rolegt med ein offiser."

"Rolegt? Gav ho ikkje order?"

"Nei, ho tala likso rolegt som me tvo no."

"Det er godt. Ho kjenner seg trygg, men det gjer ho gale i. Hadde ho ikkje kjent seg trygg, vilde ho vore vimsutt og uroleg — dei er slik, kvinfolki, naar det er faare paaferde. Og meddi ho ikkje gjorde seg reide til aa flytja legeret —"

"Ho gjorde alvist ikkje det, sist eg saag henne."

"— og stod og prata i ro og mak, so syner det, at ho ikkje likar dette veret. Aa ferdast nattetider i snøslaps og slut er ikkje noko for smaa skitungar i syttanaarsalderen. Nei, ho vert nok verande, der ho er. Og takk skal ho ha for det. So slær me leger, me med; betre plass en her finn me ikkje. Lat oss gaa igang med det."

"Er det so, du plent vil, so lyt me sagte gjera det. Men ho hev tvo riddarar med seg. Dei kunde nøyda henne til aa taka avstad, iser um det skulde letna med veret."

Eg vart reint forstøkt, og utolug etter aa sleppa vel ut or denne skora, og eg vart over all maate arg og leid meg, avdi Jeanne no gav seg til aa gjera faaren endaa større — men eg tenkte likevel som so, at ho visste vel sjølv best, kva ho hadde fyre. Offiseren sa:

"No ja, um so er, er me her og stengjer vegen."

"Ja, dersom dei kjem denne vegen, so. Men um dei no hev sendt ut spæjarar og finn ut, at dei gjer best i aa freista um dei kan naa brui gjenom skogen? Er det verdt me læt brui faa staa?"

Det var so ein kunde verta fælen av aa høyra paa henne.

Offiseren tenkte seg um eit bil, og sa so:

"Det er nok, um me sender ein liten flokk av og øydelegg brui. Eg hadde fyrst tenkt aa gjeva meg til der med heile hærmagti mi, men det trengst ikkje no."

Jeanne sa lognt:

"Fær eg lov, so skal eg gaa og øydeleggja brui sjølv."

Aa — no skyna eg, kva meining ho hadde havt med dette, og var fegen avdi ho hadde vore gløgg nok til aa finna paa det, og klaart hovud nok til aa tenkja det ut nettupp paa rette plass. Offiseren svara:

"Mitt løyve hev du, og takk attpaa. Naar du gjer det, so veit eg, det vert vælgjort; eg kunde altid sendt ein annan i din stad, men ingen betre en deg."

Dei helsa paa soldatvis til kvarandre, og me tok avstad att. Eg pusta lettare. Minst eit halvt sneis gonger hadde eg tott, eg høyrde hovslagi av hestane til den rette kaptein Raymond og folki hans, og eg hadde sete som paa næler, medan dei tvo prata. Eg pusta lettare, men kjende meg ikkje enno større trygg tilmode, for Jeanne hadde berre rett og slett sagt: "Avstad!" Dermed drog me oss berre seint avstad i gongefart. Reid i make framum ei endelaus rekkje av fiendar. Spaningi var ikkje til aa halda ut, men det stod ikkje so lenge paa, som væl var; for medsame fiendelurane bles til legring, gav Jeanne order til aa rida i traav, og det var ei stor lette. Ho hadde altid hovudet paa rette stad, skynar de.

Fyrr det vart gjeve order til aa slaa leger, kunde einkvan ha kome og spurt etter løyseordet, dersom me kom sprengridande burtetter; men no saag det berre ut som me var paa vegen til legerplassen vaar, og dermed slapp me umeinka framum.

Di lenger me kom, di fælslegare tottest fiendehæren aa vera. Kanhenda var det berre eit hundrad eller tvo, men for mine augo tottest det vera i tusenvis med fiendar. Daa me strauk framum dei siste av desse folki var eg hjarteleg glad, og di lenger me pløgde oss avgarde inn i myrkret paa hi sida, di betre kjende eg meg tilmode. Eg vart mest i godlaget den næste timen; daa fann me brui og saag, at ho enno var like heil, og daa vart eg fullglad. Me reid over og øydela ho, og daa kjende eg meg tilmode som — men det er plent uraad aa skildra, koss eg daa kjende meg tilmode. Ein lyt uppliva sovore sjølv ein gong, skal ein skyna, koss det kjennest.

Me hadde kvar stundi venta aa høyra hovslag av sprengridande hærflokkar etter oss, for me tenkte, den rette kaptein Raymond snart maatte koma att og finna ut, at den hærflokken, som dei hadde teke for hans, laut h[illegible]a jomfruva av Vaucouleurs til. Men [illegible] maatte ha vorte dugaleg forseinka, fo[illegible]a me tok paa ferd att paa andre sida [illegible] brui,

høyrdest ingen ljod bak oss, utan stormen som ulte i byskje og kjerr.

Eg sa, at Jeanne hadde hausta mykje vællæte som var kaptein Raymond tilkenkt, og at han sjølv kanhenda ikkje vart fullt so væl motteken, naar han kom att.

Jeanne sa:

"Det kjem utan tvil til aa gaa, som du seier, for hovudsmannen tok utan vidare for godt ein hærflokk, som kom rekande nattetider, og spurde ikkje etter løyseordet, diheldер. Og han vilde ha flege leger utan aa senda folk av og øydeleggja brui, um han ikkje hadde vorte tilraadt dette, og ingen er so snar til aa finna lyte hjaa andre som dei, som sjølve er aa lasta."

Herr Bertrand fann stor moro i den baanskne maaten Jeanne tala um raadet sitt til hovudsmannen paa, plent som ho hadde gjort honom ei stor teneст, meddi han paa den maaten slapp aa gjera ein stor bommert. Og sidan undra han seg over, kor makelaust ho hadde narra mannen, endaa ho ikkje hadde sagt eit ord som ikkje var sant. Jeanne tok seg nær av dette, og sa:

"Eg meinte, han narra seg sjølv. Eg lét vera aa seia sovore som var lygn, til honom; for det vilde ha vore gale. Men dersom han vart narra av dei sanningane eg sa, so var dei kanhenda ikkje stort betre en lygner, og daa var det gale gjort av meg. Eg skulde ynskja til Gud at eg visste, um eg hev fare rett aat eller ei."

Me sa, at ho hadde gjort plent rett, og at ein i krig hadde lov til aa bruka alle raader til aa hjelpa fram si eigi sak og gjera fienden skade. Men ho var ikkje fullnøgd med dette. Ho meinte sim so, at jamvel naar ei stor sak var i faare laut ein fyrst freista alle heiderlege raader. Jean sa:

"Du Jeanne, du sa sjølv til oss heime, at du skulde til farbror Laxart og stella kona hans; men du nemnde ikkje noko um, at du skulde lenger av, endaa du hadde tenkt deg til Vaucouleurs. Ser du der!"

"Ja, no ser eg det," sa Jeanne sorgfullt, "eg laug ikkje, men endaa so narra eg dykk. Eg hadde freista alle andre raader fyrst, men det var uraad aa sleppa avstad, og avstad maatte eg. Verket mitt kravde det. Eg for gale aat, skynar eg."

Ho tagde eit bil og tenkte over saki, men so la ho fast til: "men tingen i seg sjølv var rett, og eg vilde gjera det same upp att."

Det totteſt vera ein væl grannvoren skilnad, dette; men ingen sa noko. Hadde me kjent henne so væl som ho kjende seg sjølv, og som soga sidan synte henne fram for oss, skulde me ha visst, at ho hadde ei klaar meining med dette, og at ho og me andre ikkje kunde lik-

næst ihop paa same maate. Ho vilde ofra seg sjølv — og det beste i seg, det vil seia sin sanningskjærleik — for aa frelsa saki si; men helder ikkje meir: ho vilde ikkje kjøpa livet for den pris. Det var skilnaden millom henne og oss, som meinte at allslags svik var lovleg i krig, sosant ein berre hadde minste bate av det. Det ho sa, høyrdest ikkje noko større ut, den gongen, meddi me ikkje skyna kva ho meinte med det; men som ein ser, laag det noko i det, som gjorde det stort og fagert.

Best det var stilna vinden av, det slutta aa snøva, og var ikkje so kaldt lenger helder. Vegen hadde vorte til ei myr, og hestane stræva seg igjenom, steg for steg — det var raadlaust aa koma snøggare avstad. Tidi drog seg seint og tungt avstad, og tilslutt vart me so overtrøytte at me somna i salen. Ikkje alle faarane dihelder som truga oss, var god til aa halda oss vakne.

Denne tiande natti totteft lenger en nokor av hine, og den verste var det og, veit de, meddi faarane vart fleire di lenger me kom. Men me slapp fleire aatak no. Daa det langt um lenge tok til aa lysa av dag, saag me ei aa framfyre oss, og me visste det var Loire. Me reid inn i byen Gien, og no visste me, at me var i veneland og slapp meir strid med fiendar paa vegen. Det var ein herleg morgon for oss.

Me var ein sliten og uflidd flokk, som kom dragande inn i byen, og no som fyrr var Jeanne den sprækaste av oss alle baade paa kropp og sjæl. Alt i alt hadde me ride over tretten franske mil kvar natt og paa kranglutte og uselege vegar. Det var ei merkeleg ferd, og ho syner kva folk kan gjera, naar dei hev ein hovding, som veit kva han vil, og aldri gjev upp kva han hev sett seg fyre.

---

## Femte bolken.

Me kvilde oss ut og kveikte oss paa annan maate ei tvo-tri timar i Gien. Men no var det kome ut blandt folk, at det unge gjenta som Gud hadde sett til aa frelsa Frankrike, var i byen. Dermed vart det slikt eit renn til husar av folk som vilde sjaa henne, at me totte me gjorde likast i aa leita oss upp eit rolegare husvere. Dermed tok me iveg att, og stansa upp i ein liten landsby som heitte Fierbois.

Me var no paalag seks mil ifraa kongen som heldt til paa Chinon-borgi. Jeanne sa straks fyre eit brev til honom, og eg skreiv det. I dette seier ho, at ho hadde kome hundrad og femti mil med gode tidender til honom og bed um løyve til aa faa tala med honom og sjølv seia honom ærendet sitt. Ho legg til, at

endaa ho aldri hadde set honom, skulde ho likevel greia aa kjenna honom, um han var aldri so utklædd og ukjenneleg.

Dei tvo riddarane reid paa timen avstad med brevet. Fylgjet hennar sov heile ettermiddagen, og etter kveldsverdstid kjende me oss alle baade friske og sprække, helst daa den vesle flokken fraa Domrémy. Me hadde heile den hyggjelege skjenkjestova i landsby-vertshuset for oss sjølve, og for fyrste gong paa ti usleieleg lange samdøger var me fri baade skrekk og otte og strid og mas. Paladinen hadde braatt vorte seg sjølv att, og gjekk svinga att og fram paa golvet so kaut og struntem som ein paafugl. Noel Rainguesson sa:

"Eg maa seia det er makelaust den maaten han hev greidt aa føra oss hit paa."

"Kven?" spurde Jean.

"Paladinen, veit eg."

Paladinen lest aldri høyra.

"Kva hev han havt med det?" spurde Pierre d'Arc.

"Utan honom hadde me aldri vore her me er. Hadde ikkje Jeanne lite so paa honom, som ho gjorde, vilde ho aldri ha greidt aa halda modet uppe. Ho kunde nok lita paa oss med for mods skuld, men det er no varnæmet det kjem an paa i krig, og dette hev Paladinen meir en nokon annan mann i landet — kanhenda meir en hundrad mann tilsamanlagde."

"No trur eg nok du held paa og gjer deg sjølv til narr, Noel Rainguesson," sa Paladinen. "Det var likare du tok den lange tunga di og sveivde rundt um halsen og stakk tippen inn i øyra, so slapp du kanhenda aa koma upp i noko uføre."

"Eg visste ikkje av, at han hadde betre varnæme, han en andre folk," sa Pierre "for varnæme kjem av godt vit, og han hev ikkje betre vit han en me andre, det eg trur."

"Nei, der fer du gale. Varnæme hev ikkje stort med vitet aa gjera; det er ei kjenslesak mest. Det veit me, for hadde det havt med vitet aa gjera, vilde det til dømes ha merka faare, naar det verkeleg var faare paa ferde, medan —"

"Høyr paa den tosken, koss han vasar ihop!" sa Paladinen.

"— medan det gode varnæmet, som hev med hjarta aa gjera, vardast altslag so mykje betre, kjenner til dømes paa seg og kan undvikja faare, som ikkje er til, dihelder. Soleis som hin kvelden i skodda, daa Paladinen tok øyro paa hesten sin for fiendelansar og i all hast kom seg av og kleiv upp i eit tre —"

"Det er lygn! Lygn utan minste skugge av orsak. De lyt agta dykk alle ihop, so de ikkje trur kva denne vondtenkte slarvekoppen spinn upp; han hev

i aarevis gjort seg fyre, det beste han hev kunna, med aa skjemma ut det gode namnet mitt, og det vert vel ikkje lenge, so gjer han likeeins med dykk. Eg steig av og knepte salgjordi mi fastare — gjev eg maatte døy paa flekken, um det ikkje var som eg seier — og so fær de tru det eller lata vera aa tru det, plent etter som de sjølve vil."

"Der ser de sjølv, korleis han er. Han kan aldri tala rolegt um nokoslag, men fyk strakst upp i eit foreitrande sirne og vert grov. Han hev ikkje rart minne, som de høyrer. Han kjem ihug, at han sprang av hesten, men gløymer alt anna, jamvel treet. Men det er so rimelegt. Han laut plent koma ihug at han kom seg av hesten, meddi han var so vant til dette. Han gjorde det altid, naar han høyrde vaapenlarm der framme."

"Kvi valde han altid ei slik tid til det?" spurde Jean.

"Neimen um eg veit det so væl! Han meiner det var for aa kneppa att sadelgjordi. Eg derimot trur, det var for aa kliva upp i eit tre. Eg saag honom eingong kliva upp i ni tre paa ei einaste natt."

"Du saag vel det, ja! Eit menneskje som kan ljuga so grovt, fortener ikkje anna en svivyrdnad. No spør eg dykk alle ihop. Trur de, kva denne ormen her seier?"

"Alle tottest vera brydde, og visste ikkje, kva dei skulde seia. Berre Pierre svara, og drog svært paa det:

"Eg — ja, sanneleg um eg veit, kva eg skal seia. Det er misann so vrangt so. Det høyrest ikkje væl ut aa seia til ein mann, at ein ikkje trur honom, naar han seier eitkvart for visst, og likevel lyt eg seia, so grovt som det høyrest, at eg er ikkje god til aa tru, at du kleiv upp i ni tre."

"Ser du der, Noel Rainguesson!" sa Paladinen, "der høyrer du. Kor mange trur so du, at eg kleiv upp i, Pierre?"

"Berre i aatte."

Den laatten som no kom, gjorde Paladinen reint kvit av sinne, og han sa:

"Eg ventar, til mi tid kjem. De skal nok faa dette att, alle ihop, det lovar eg paa."

"Terg honom endeleg ikkje upp," bad Noel. "Han er som ei løve, naar han vert uppegla. Eg saag sagte det etter det tridje aataket. Daa alt var over, saag eg han kom fram or buskjet og tok paa ein død mann mott aaleine."

"Det er ei lygn til. No varar eg deg aat, at du ikkje gjeng for vidt. Du skal snart faa sjaa, eg tek paa ein livande ein, dersom du ikkje tek deg ivare."

"Det er vel meg du meiner? Dette er tyngre for meg aa høyra en aldri so mange vondord. Ikkje aa skyna paa velgjerdsmannen sin —"

"Velgjerdsmann, sa du! Kva hev eg deg aa takka for, um eg maatte spyrja?"

"Du kan takka meg for, at du enno er ilive. Eg stod millom trei og fienden og heldt deim i tusenvis ifraa, med' dei tyrste etter blodet ditt. Og dette gjorde eg ikkje, avdi eg vilde syna modet mitt. Eg gjorde det, avdi eg var glad i deg, og ikkje kunde liva utan deg."

"Nei — no er det nok! Eg vil ikkje vera her lenger og høyra paa slike skamlause ting. Eg kan halda ut lygnerne dine, men kjærleiken din orkar eg ikkje. Den lyt det sterkare mage en min til aa greia. Og fyrr eg gjeng vil eg berre seia dykk ein ting. Meddi de smaa stymperane skulde taka dykk betre ut og vinna so mykje meir heider, gjøymde eg paa heile ferdi burt mine eigne storverk. Eg gjekk altid fremst i fylgjet, der striden brann heitast, so de ikkje skulde sjaa meg og missa modet, naar de gaadde koss eg gjekk paa fienden. Eg hadde tenkt eg vilde havt dette for meg sjølv, men no nøyder de meg til aa seia det. Spør de etter kva vitne eg hev, so ligg dei der burte langs etter vegen me hev fare. Vegen var myrlend og vaat, eg la lik nedi til fyll. Landet var armt, eg gjødsla det med blod. Gong paa gong bad dei meg, um eg ikkje vilde halda meg lenger attende, meddi hærfylgjet vaart ikkje slapp fram for alle liki mine. Og endaa kjem du, din uselege lygnhals, og seier eg kleiv upp i trei. Haa!"

Dermed gjekk han ut, væl so struntten og stiv som han plae; for alle storverki han hadde skrøna ihop, hadde sett honom paa godlag att.

Dagen etter steig me tilhest og stemnde mot Chinon. Orleans laag bak oss no, og verkte i det engelske strupetaket. Um Gud vilde, skulde me snart gjera heilt ikring og koma og hjelpa deim.

Fraa Gien hadde dei snart frett alt til Orleans, at bondegjenta fraa Vaucouleurs var paa vegen, og send av Gud til aa jaga engelskmennerne burt. Denne tidendi sette heile byen paa ende og kveikte ny von hjaa folk — den fyrste ljosstrimen desse armingane hadde havt paa fem maanadar.

Dei sende strakst sendemenner til kongen og bad honom tenkja væl over denne saki, og ikkje i likesæle støyta denne hjelpi ifraa seg. Desse sendemennerne var longe framkomne til Chinon den tid daa me tok i vegen.

Daa me var halvvegjes til Chinon komne, raaka me burti endaa ein fiendeflokk. Best det var, kom dei setjande ut or skogen og beint paa oss, og fjølgmente var dei. Men me var ikkje lenger dei næmingane me hadde vore ti-tolv dagar fyreaat. Me var vande med slike eventyr no. Hjarta sat ikkje lenger i halsen paa oss, og ikkje skolv me paa

handi helder. Me hadde lært oss til altid aa vera reide til strid, altid aarvakne og budde paa alt som maatte henda. Me vart ikkje meir utav det daa me fekk sjaa desse folki, en hovdingen vaar vart. Fyrr dei fekk tid til aa ha seg ihop, hadde Jeanne gjeve order til aatak, og dermed sette me innpaa deim, so det susa etter. Dei venta aldri paa oss; dei snudde ryggen til og spreiddest til alle kantar, og me pløgde oss igjenom deim, som det hadde vore straamenner. Dette var siste gongen me raaka fiendar paa den ferdi, og det rimelegaste er, at det var sjølve ministeren og godevenen til kongen, De la Tremouille, som hadde lagt denne fella for oss.

Me tok inn i eit vertshus, og snart kom heile byen strøymande og vilde faa ein glimt av møyi.

Aa, for ein kjeidvoren konge, og for nokre kjeidvorne folk han hadde! Dei tvo traust riddarane vaare kom strakst til oss, trøytte og utoluge, og sa ifraa, koss det hadde gjenge. — Baade dei og me stod — som det sømer seg folk naar dei talar med kongar, eller deim som stend over kongar — solenge til Jeanne vart brydd av dette merket paa vyrdnad og bad oss sitja ned. Ho hadde enno ikkje vore god til aa venja seg med det, endaa me hadde bruka aa gjera det, alt sidan den dagen ho fyresa, kva tid den uselege upprørsmannen skulde døy, og soleis synte, daa som so mange gonger fyrr, at ho var utsend av Gud. Herren til Metz sa no til Jeanne:

"Kongen hev fenge brevet, men dei vil ikkje lata oss faa honom i tale."

"Kven kan forbjoda det?"

"Ingen forbyd det; men der er trifire som stend honom nærmast — komplottmakarar og svikarar kvar ein av deim — og dei brukar alle slags meinraader og freistar paa alle vis med lygner og paaskot aa faa draga saki ut. Verst av desse er Georges de la Tremouille og den reven, den erkebispen av Rheims.

Solenge dei held kongen fast i lætje og narreskap er dei store menner og hev mykje aa seia. Men skulde han nokontid taka seg saman og slaa eit slag som ein mann for krune og land, er deira stjorn tilende. Og so lenge berre dei trivest og hev det godt, bryr dei seg syttan um at kruna gjeng i hundane og kongen tilliks med den."

"Du hev tala med andre en desse, veit eg?"

"Ikkje av hirdi — nei, hirdi er berre slave av desse ormane og agtar paa kvart ordet dei seier; ho gjer som dei gjer, tenkjer som dei tenkjer, og talar som dei talar. Dermed er heile flokken kald imot oss og snur seg ifraa oss, naar me kjem. — Men me hev tala med sendemennerne fraa Orleans. Dei var harme

og sa: Det er eit under aa sjaa, at ein mann som er so ille stedd som kongen vasa burt tidi soleis som han gjer, og sjaa alt han eig gaa so reint tilgrunne og aldri leda so mykje som ein fing for aa stansa ulukka.

Skulde nokon ha set paa maken! Her sit han innestengd i denne kraai som er att av riket hans, som ei rotte i fella. Kongeslottet hans er denne myrke gravi av ei borg, der veggeteppi heng i fillur og all husbunaden er i ustand. I skatterometet sitt hev han fyrti mark og ikkje ein skiling meir, sosant Gud liver! Ingen hær, ikkje liknelse til hær, dihelder. Og so gjeng denne krunelause kongen her tilliks med alle narri sine og stasar seg til i silkeklæde meir gloande en ein finn ved noko anna kongehov i kristendomen. Og endaa so veit han, han veit at naar byen vaar fell — og falla gjer han, sosant det ikkje med det alrafyrste kjem hjelp — daa fell heile Frankrike. Han veit, at naar den dagen kjem, vil han vera landlyst og røming, og bretlandsbanneret vil svaga over arveriket hans. Han veit alt dette. Han veit at den trugne byen vaar slæst reint aaleine imot sott og sveltedaude og fiendesverd og stræver med aa stansa denne ulukka. Og endaa so vil han ikkje slaa eit slag for aa berga oss, han høyrer ikkje bønerne vaare, han vil ikkje sjaa oss for augo, dihelder.' Dette sa sendemennerne, og dei visste ikkje si arme raad."

Jeanne sa mildt:

"Det er stor synd, men dei maa ikkje gjeva upp voni. Kronprinsen vil snart høyra paa deim. Hels deim det."

Ho kalla mest altid kongen for kronprinsen. For henne var han ikkje konge, fyrr han hadde vorte krynt."

"Me skal seia dette til deim, og daa vil dei verta glade, for dei er visse paa, du kjem ifraa Gud. Erkebispen og herket hans hev paa si side borgherren, ein gamal vælrøynd general som heiter Raoul av Gaucourt. Det er ein bra mann, men han er soldat og ingenting anna; han hev ikkje minste vit paa andre ting. Han kan ikkje faa inn i hovudet sitt, at ein bondegjente som ikkje er upplærd til krig, kan taka sverd i hand og vinna siger der dei beste generalane i Frankrike no i femti aar hev lide nederlag. Dermed dreg han berre i det graasprengde munnskjegget sitt og flirar."

"Naar Gud er med hev det lite paa seg um handi som ber sverdet hans er stor eller lita. Det vil han nok sjølv med tidi skyna. Er det ingen der i Chinonborgi som held med oss?"

"Jau vermor til kongen, Jolande, dronningi av Sisilia. Ho er klok og god i seg. Ho tala med herre Bertrand."

"Ho held med oss, og ho hatar dei andre som forlokkar kongen," sa Ber-

trand. "Ho var hjarteleg forviti og gav meg minst tusen spursmaal, som eg laut svara paa, so godt eg kunde. So vart ho sitjande reint fortenkt og grona paa det eg hadde sagt, til eg ottast ho ikkje vilde vakna meir. — Men, langt um lenge sa ho, meir liksom for seg sjølv en til meg:

"Eit barn paa syttan aar — ei gjente — bondefødd — ulærd — ukjend med krig og vaapenbruk — smaalaati mild og bljug av seg — og endaa so kastar ho fraa seg hjurdingstaven, klæd seg i hærmannsklæde og slær seg igjenom hundrad og femti mil fiendeland. Aldri gjev ho upp voni, aldri syner ho seg rædd. Og tilslutt kjem ho — endaa det for henne maa staa gruveleg age og støkk av ein konge — og vil gaa beint til ein slik ein og seia: Ver ikkje rædd, Gud hev sendt meg til aa berga deg. Kvarhelst kunde ho fenge mod og tru til noko sovore utan av Gud sjølv? Ho vart paa nytt lag sitjande i tankar. So sa ho: Og anten ho so kjem fraa Gud eller ei, so er det noko i hjarta hennar som lyfter henne høgt uppum alle dei menneskje som liver i landet no um stundar — for i henne er den løyndomsfulle magti som set mod i soldatane og hugvender flokkar av uselege stakkarar, so dei vert til ein vælskipa hær med djerve soldatar som gløymer kva rædsle er, solenge ho er med deim — soldatar som gjeng i slag med lysande augo og song paa lippa og susar over valen som ein stormvind — det er den aand som kan berga landet, og den aaleine, ho kome kvarhelst ho vil ifraa! Men i henne bur ho, det trur eg visst, for kva anna kunde ha halde uppe dette barnet paa den lange ferdi, so ho korkje ansa faarar eller slit. Kongen maa tala med henne — og tala med henne skal han!"

Med desse gode ordi fekk eg gaa, og eg veit ho vil halda lovnaden sin. Dei vil nok meinka henne so godt dei kan,, beisti, — men tilslutt fær ho nok viljen sin."

"Gjev berre ho sosant var kongen," sa den andre riddaren fust. "For det er liti von til dess, at kongen sjølv kan vekkjast upp or dvalen sin. Han hev lenge sidan gjeve upp all von og tenkjer berre paa aa gjeva upp alt og røma til eit framandt land. Sendemennerne seier, at han er forgjord; det er kasta trolldom over honom, difor vert alt so vonlaust. Og ei gaate er det med honom, det seier alle."

"Eg kan løysa den gaata," sa Jeanne sjølvtrygt. "Eg veit kva det er som rest honom, og han veit det sjølv med, men elles ingen utan Gud. Naar eg fær tala med honom, skal eg fortelja honom noko som vil driva all sut ifraa

honom, og daa vil han retta seg upp som ein mann."

Eg var mest ende paa, so forviten var eg etter aa faa greie paa, kva det var ho vilde fortelja honom. Men ho sa ikkje meir, og det var ikkje aa venta helder. Ho var berre eit barn, veit de. Men ho var ingi skravlebytte som brydde seg um aa gjera seg stor i andre sine augo. Ho kunde tigja med det ho vilde tigja med, som alle verkeleg store menneskje kan.

Dagen etter vann dronning Yolande ein siger over kongsvaktmennerne, for endaa dei gjorde kva dei kunde for aa meinka det, fekk ho likevel laga det so, at kongen dagen etter tok imot dei tvo riddarane. Og dei gjorde det beste dei kunde ut av dette møtet. Dei fortalde kongen um kva for ei lytelaus, fager gjente Jeanne var, og kor stor og høgbore eit sinn ho hadde, og dei baade tigga og bad honom at han maatte lita paa henne og tru at ho var sendt for aa berga landet. Dei bad, at ho maatte faa sleppa til aa tala med honom. Og han stod paa nippen til aa føygja deim i dette, og lova, at han skulde tenkja over saki og leggja det over med raadsherrane sine. Det tok reint til aa sjaa ljost ut.

Tvo timar etter vart det røre i byen, og vert vaar kom farande upp og sa ifraa, at no kom det ein flokk med høge prestar og kyrkjefolk beinast ifraa kongen — ifraa sjølve kongen, maavita! Tenk for ei ære paa det vesle fatigslege vertshuset hans! Han var so overgjeven, at han mest ikkje fekk ord fyre seg. Dei kom beinast fraa kongen og skulde tala med drosi til Vaucouleurs.

So flaug han nedfyre troppi i ein fart og kom um eit bil baklenges inn til oss att og bukka seg til jordi for kvart steget framfyre fire vyrdelege bispar og deira fylgje.

Jeanne reis upp, og me stod alle mann. Bispane kom seg tilsæte, og eit bil vart ingenting sagt, for det høyrde deim til aa tala fyrst, og dei vart so forsigna daa dei fekk sjaa dette barnet som longe hadde gjort so mykje braak i verdi og brydt slike storfolk som deim sjølve her ned i det fatige vertshuset, at dei lite fann ord for seg. — Men so sa talsmannen deira til Jeanne, at dei visste ho hadde eit ærend til kongen, og no fekk ho skunda seg og seia ifraa kva ho vilde, utan kunstar og utan fleire ord en turvande var.

Eg for min part var mest ikkje god til aa løyna kor glad eg vart — bodskapet vaart skulde naa fram til kongen — endeleg! Og same gleda stod aa lesa i andlitet paa dei tvo riddarane og paa brørne til Jeanne. Og eg v it at dei alle bad stilt for seg sjølv — likeins som eg gjorde — at den agen som

me hadde for desse høge storfolki og som vilde ha snørt ihop strupen paa oss, so me ikkje fekk eit ord fram, ikkje maatte nauda henne noko, men at ho maatte finna høvelege ord for ærendet sitt og bera det fram paa beste maate her som so mykje stod paa spél.

Aa kjære folk, kor lite budde me var paa det som no hende! Me berre stod og gapte med anden i halsen, daa me fekk høyra kva svar ho gav.

Ho stod audmjukt framfor deim med bøygt hovud og henderne ihopknepte paa bringa, for ho synte altid Guds vigde tenarar all sømeleg vyrdnad.

Daa talsmannen hadde sagt det han vilde, lyfte ho hovudet og saag deim alle rolegt inn i andlitet, ikkje meir fortustra over aa staa framfor slike storfolk, en ei prinsesse vilde ha vore, og ho sa beintframt og smaalaate som ho plae:

"De lyt orsaka meg, høgvyrde herrar, men eg hev berre ærend til kongen og ikkje til nokon annan."

Mennerne vart so forstøkte dei misste baade munn og mæle; dei vart myrkraude i andlitet av harm, og talsmannen sa:

"No daa! Gjer du narr av kongen rett upp i aasynet og negtar aa seia ærendet ditt til dei tenarar han sjølv hev sett til aa bera det fram."

"Gud hev sett berre ein til aa taka imot bodskapet hans, og daa hjelper det ikkje kva andre seier. Eg bed dykk so vent, at de hjelper meg til aa faa krunprinsen i tale."

"Hald upp med dette vaset og kom fram med bodskapet ditt. Seg det no strakst, og øyd ikkje meir tid paa dette."

"De fer gale aat, høgvyrde fedrar i Gud, og det er ille. Eg hev ikkje kome hit for aa tala, men for aa fria ut Orleans og fylgja kronprinsen til Rheims, hans eigen gode by, og setja kruna paa hovudet hans."

"Er det dette bodskapet du sender kongen?"

Men Jeanne svara berre paa sin beintframme maate:

"De lyt orsaka, eg paa nytt lag talar dykk tilrette — men eg hev ingi bodskap aa senda til nokon."

Daa reiste sendemennerne fraa kongen seg upp i fullt sinne og ut bar det med deim utan eit ord meir. Baade me og Jeanne la oss paa kne det bilet dei strauk framum.

Me var tunge um hjarta nokon kvar. Det dyre høvet var kast burt. Me skyna oss ikkje paa Jeanne, ho som til denne tid hadde bore seg so klokt aat. Tilslutt tok herre Bertrand mod til seg og spurde henne kvi ho ikkje hadde nytta dette gode høvet til aa naa fram til kongen, men hadde lete det gaa seg forbi.

"Kven er det som hev sendt deim hit?" spurde ho.

"Kongen."

"Kven fekk kongen til aa senda heim?" Ho venta paa svar, men fekk ikkje noko. Me tok longe so smaatt til aa skyna kva ho tenkte paa — dermed svara ho sjølv:

"Raadsherrane til kronprinsen fekk honom til det. Er dei fiendar av meg og kronprinsen si sanne vælferd, eller er dei vener?"

Fiendar," svara herre Bertrand.

"Dersom ein vil ha eit bodskap trygt og væl frambore, vél ein daa svikarar og uvener til aa senda det med?"

Eg saag, det var me som hadde vore faavituge her, og ho vis. Dei andre med saag det, og ingen visste eit ord aa seia. Dermed heldt ho ved:

"Dei hev berre lite vit, desse som la denne fella for meg. Dei meinte dei skulde faa høyra bodskapet mitt og tykkjast bera det rett fram, men likevel vrida eingrand paa det, so det ingen merknad gjorde. No veit de, at den eine parten av ærendet mitt er einast dette — ved ord og fyretalar aa faa kronprinsen til aa gjeva meg hærmenner og senda meg i krigen. Dersom ein fiende bar dette ærendet fram med dei rette ordi, plent dei same ordi, og ikkje gløymde ute eit einaste eit, men lét ute den magti som ligg i augo som bed for seg og tonen som gjev ordi liv, kva nytta det so alt ihop — kven vilde verta overtydd av eit sovore bodskap? Ver berre tolug! Kronprinsen vil nok snart høyra paa meg. Ver ikkje rædd!"

Herren til Metz nikka fleire gonger paa hovudet og mulla for seg sjølv:

"Ho hadde rett og var vis som altid, og me var berre nokon faamingar, um eg sjølv skal seia det."

Plent likeeins tenkte eg, og det same gjorde visst alle som der var tilstades. Ein slags heilag age kom over oss, medan me tenkte paa, koss denne ulærde gjenta som hadde vorte teki so reint braatt og uventa, likevel hadde vore god til aa skilja ut kva som laag under dei sløge raadgjerderne til kongsraadane og slaa deim av marki. Forundra og forstøkte over dette vart me tagalle og sa ikkje meir. Me visste fraa fyrr, at ho var stor i alt som hadde med mod og tolmod, truskap i smaatt og i stort, aa gjera — i det heile i alt som gjer ein soldat framifraa. Men no tok det so smaatt til aa gaa upp for oss, at kanhenda var vitet minst likso storlagt som hjarta hennar. Me vart fortenkte staaande.

Kva Jeanne den dagen gjorde bar longe frukt dagen etterpaa. Anten kongen vilde eller ei, laut han faa vyrdnad for ei ung gjente, som kunde staa so fast paa sitt, og det imot slike storfolk. Og han synte denne vyrdnaden sin i verk og ikkje berre i høviske og tome

ord. Han flutte Jeanne ut av det fatigslege vertshuset og hyste baade henne og tenarane hennar i Coudray-borgi, og sjølv bad han borgfruva, kona til gamle Raoul av Gaucourt, taka seg av henne og lydast um henne.

Som var aa venta, verka denne kongenaaden paa dei andre med. Alle dei fornæme herrane og damerne ved hovet tok til aa flokkast dit og vilde sjaa og høyra denne underfulle møy-soldaten som heile verdi tala um, og som hadde sagt beint nei til det kongen paala henne. Jeanne hugtok deim alle, søt og beintfram som ho var. Og so tala ho so makelaust godt for seg. Alle dei beste og vitugaste iblandt deim skyna, at det var noko stort ved henne; ho var ikkje som folk flest; ho livde likson i ei høgare og reinare luft en andre menneskje. Og vidt og breidt gjekk gitordet um henne.

Ho fekk seg altid vener og talsmenner paa denne maaten. Korkje høg eller laag kunde høyra ljoden av maalet hennar ogſ jaa henne inn i andlitet, og sidan gaa likesæl burt att.

---

Sette bolken.

No ja — kva som helst for aa drygja tidi ut. Kongsraadet raadde kongen ifraa aa vera for braa i denne saki. Tenk, kongen vera for braa i noko!

So sende dei ei nemnd av prestar — altid prestar — til Lorraine og skulde fretta etter kva ord Jeanne hadde paa seg derheime — og dette vilde draga ut i fleire vikur, kan ein vita. De ser, kor vande paa det dei var. Det var plent som naar det var varme i eit hus og ein mann kom og baud seg til aa sløkkja, at folk ikkje vilde sleppa honom til, fyrr dei hadde havt bod burt i eit framandt land og høyrt etter, um han altid hadde halde sundagen heilag.

Soleis drog dagane seg avgarde, seint og keidvore for oss unge paa mange maatar; men me hadde daa ei stor von, likevel, som heldt oss uppe — me hadde aldri set nokon konge, og no skulde me faa sjaa ein verkeleg livande ein; det var eit syn me ikkje kom til aa gløyma, solenge me livde. Dermed livde me kvar dag i stor spaning, og det heldt oss uppe. — Det bar elles so til, at dei andre kom til aa venta lenger en eg i so maate. For ein dag fekk me den store tidendi, at orleans-sendemennerne tilliks med dronning Yolande og riddarane vaare tilsamans hadde vorte raadsherrane for sterke og hadde fenge telt kongen til aa tala med Jeanne.

Jeanne tok denne veldige tidendi med ro, og forliste ikkje hovudet av den grunn. Men med oss andre gjekk det

anleis. Me kunde korkje eta eller sova eller gjera nokon verdsens bidige ting, so upp i under var me, avdi dette store verkeleg skulde henda.

I tvo heile dagar tilende gjekk dei tvo adelsmennerne vaare i stor otte for Jeanne si skuld. Kongsstemna skulde vera um kvelden, og no var dei rædde for, at Jeanne skulde verta vitskræmd av all ljosken fraa alle kyndlane, av alle dei høgtidsame hirdskikkane, dei glimande bunaderne og all annan glans og glim. Laut dei ikkje væl ottast, at ei stakkars lita bondegjente, som ikkje var vand med slike ting, vilde verta reint forstøkt og berre verta til laatt og løgje for alle folk.

Eg for min part kunde ha trøysta deim i so maate. Men eg hadde ikkje lov til aa tala. Var det rimelegt, at Jeanne vilde verta fortustra av denne godtkjøps-glansen, dette leikety-spelet med den vesle kongen og hans stakkars hertugar og greivar — ho som hadde stade andlit til andlit med himmelfyrstane, Guds eigne tenarar, og set engelflokkane deira, som dei hadde i fylgje, burtetter himmelkvelven, millionar paa millionar, lik ein endelaus ljosstrime, ein glans som av soli, naar ho blindar augo vaare med straalane sine. Aa nei, eg hadde ingen hugse for Jeanne i so maate.

Dronning Yolande vilde gjerne, at Jeanne skulde gjera det godt baade hjaa konge og hird. Dermed vilde ho plent klæda henne i dei dyraste klædi som tenkjast kunde, baade med glimesteinar og anna. Men i dette fekk ho ikkje viljen sin, for Jeanne kunde aldri faa seg til aa spjaaka seg soleis ut, kan ein vita, ho som var ein gudstenar, utsend i so aalvorlegt ærend som ho var.

Daa tenkte den gode og naadige dronningi ut den einfelde, men undersfagre bunaden, som eg hev tala um so tidt til dykk. Jamvel den dag idag kan eg ikkje tenkja paa han utan eg vert klokt som av mild og herleg strengeleik. Den bunaden var fager som ein draum — fager som ein tonestraum, ein saag med augo og klokteste av til dei inste hjartestrengjerne. — Ja, ho var som ein fager draum, Jeanne, naar ho gjekk i den bunaden.

Ho gjøymde kjolen all sin dag, og gjekk med han fleire gonger i liknande høve. Og kjolen er til den dag idag og vert gjøymt i skatteromet i Orleans tilliks med tvo sverd hennar, banneret hennar og andre ting som hev vorte helgalutar, avdi dei eingong hev høyrt henne til.

Paa avtala tid kom hertugen av Vendome, ein høg hirdmann, i gildaste festbunaden sin med eit langt fylgje etter seg av tenarar og hjelpesmenner, og skulde fylgja Jeanne til kongen. Dei

tvo riddarane vaare og eg vart med, avdi me var tenarane hennar.

Daa me kom inn i den store festsalen var alt soleis som eg longe hev fortalt. Nedigjenom stod det vaktmenner i rad og rekkje i glimande vaapenklæde og blanke spjot. Baae sidur av halli var som ein blomehage, slik fargeglans var der av alle dei dyre riddarbunaderne. Det var ein drust og ein dramb, som kunde gjera nokon kvar ør i hovudet. Og ljosken fraa tvo hundrad og femti kyndlar fyllte halli med eit hav av ljos. — Paalag midt i halli var det ein vid, open plass, og for enden av den stod kongstruna med trunhimmel uppover, og paa truna sat det ein mann med krune paa hovudet og kongssepter i hand. Han var herleg klædd og straala av baade gull og glimesteinar.

Hadde Jeanne vorte utestengd, so lenge raad var, so fekk ho no ei vælkome, som berre dei høgste folk i riket vart ute for. — Ved inngangsdøri stod det fire utroparar i rad, staseleg klædde, med lange sylvlurar for munnen. Det bilet Jeanne og greiven kom framum, bles dei alle samstundes i luren, og ettersom me kom uppetter, bles dei eingong til for kvar femti fot me gjekk — seks gonger alt ialt. Dei gjæve riddarane vaare vart baade byrge og glade; dei gjekk so rake som ljos, og tok seg framifraa godt ut. Dei hadde ikkje venta at den vesle bondegjenta vaar skulde faa slik ei vælkome.

Jeanne gjekk tvo alner etter greiven, og me kom tvo alner etter henne att. Daa me var paalag ei aatte—tie steg ifraa truna stansa me upp. Greiven bøygde seg djupt, og nemnde namnet paa Jeanne. So bukka han paa nytt log, og gjekk burt paa plassen sin millom ein flokk hirdmenner attved truna. Eg glodde paa mannen, som paa truna sat, til augo stod stive i hausen, og hjarta mest stansa av berre age.

Alle andre saag paa Jeanne og vart upp i under. Det var, som saag dei eit gudesyn, og i alle augo stod aa lesa: "Kor søt ho er — nei kor yndefull ho er — plent som eit gudekvende."

Alle stod med halvopen munn og berre saag og saag. Det var beste merket paa, at desse folki som sjeldan gløymde seg burt, no for ein gongs skuld ikkje hadde tanke for anna en det eine dei stirde paa. Dei stod fjetra, og visste lenge ikkje til seg.

Men um eit bil sansa dei seg, og risste hildringi av seg, plent som ein smaatt um senn driv burt ei snikjande sveivnthyngsle. No saag dei paa Jeanne paa ein heilt annan maate. Dei var mest ende paa, so forvitne var dei etter aa sjaa, koss ho no vilde fara aat — og dei hadde nok si eigi løynde orsak

til dette. Dermed var alle augo paa Jeanne. Og dette var det, folk fekk sjaa:

Ho helste ikkje, gjorde ikkje so mykkje som bukka med hovudet, dihelder, men stod tagall og saag upp mot truna. Anna gaadde me ikkje, det fyrste.

Eg saag burt paa herren til Metz og vart forstøkt, daa eg vardest kor bleik han var. Eg kviskra til honom:

"Kva er det, mann! Kva er det?"

Han kviskra attende so laagt, at eg mest ikkje kunde høyra det:

"Dei hev gjort som ho ymta um i brevet og vil lura henne! Ho tek imist, og so fær dei flira aat henne. Det er ikkje kongen, som sit der."

Daa gløste eg burt paa Jeanne att. Ho stod enno og saag upp imot truna, men no tottest eg sjaa, at det synte jamvel paa rygg og aksler, kor forvilla ho var. No snudde ho hovudet so smaatt og lét augo fara langs med heile radi av staaande hirdmenner, til dei feste seg ved ein ung mann i helder ring bunad. Daa lyste det braatt upp i andlitet hennar, og ho sprang burt og kasta seg for foterne paa honom, tok honom um knei og ropte med det mjuke syngjande maalet, som naturen hadde gjeve henne i voggegaave

"Gud av sin naade gjeve deg eit langt liv, du kjære, gode kronprins!"

Ende over seg av undring og fagnad sa herren til Metz:

"Ved Guds skugge, dette er eit stort under!" So krasa han mest kvart bein i handi paa meg av berre glede, risste paa den svære haarmaani si og sa: "No! Kva hev no desse vantrugne dokkemennerne aa seia til godt!"

Imedan sa den unge mannen i dei stygge klædi til Jeanne:

"Nei, du tek imist, barnet mitt, eg er ikkje kongen. Der sit han," sa han og peika upp mot truna.

Riddaren vart myrk aa sjaa til, og han mulla baade i sorg og harm:

"Det er ei skam, at dei fer soleis aat med henne. Hadde han ikkje kome med denne lygni, vilde ho ha greidt seg. Eg vil gaa og ropa ut for heile halli —"

"Ver der du er!" kviskra eg og herre Bertrand samstundes, og so vart han verande.

Jeanne rørde seg ikkje fraa plassen, men saag like fegi upp mot kongen, og sa:

"Nei, naadige prins, du er kongen, og ingen annan."

Herren til Metz kjende seg no trygg att og sa:

"Sanneleg, ho gissa ikkje, ho visste det. Men koss kunde ho no vita det? Det er eit stort under. Eg er trygg for henne no, og eg vil ikkje leggja meg upp i det meir, for eg skynar, ho greier alt mykje betre, en eg vilde gjort det sjølv."

Desse ordi hans gjorde, at eg ikkje

fekk tak i sumt av samrøda millom Jeanne og kongen; men det næste kongen spurde um, fekk eg likevel høyra:

"Men lat meg so høyra, kven du er, og kva du vil?" sa han.

"Dei kallar meg Møyi fraa Vaucouleurs, og eg er send til deg og skal seia deg, at den Himmelske Kongen vil, du skal krynast og salvast i Rheims, din eigen gode by, og heretter vera hovudsmann under Himmelkongen, som er den rette kongen i Frankrike. Og Hans vilje er det, at du set meg i arbeid og gjev meg hærmenner." Um eit lite bil la ho til, og augo blenkte — "for so skal eg fria ut Orleans, og knekkja den engelske hærmagti."

Det lægjande andlitet paa den unge fyrsten vart eingrand aalvorsamare, daa desse djerve ordi kløyvde lufti og kom som ein frisk gufs fraa slagmarki innover denne sjukelege hirdflokken. Smilen kvarv burt, og han vart fortenkt. Um eit bil vinka han hirdi av, og alle drog seg ifraa, so dei tvo fekk talast tvoeine ved. Riddarane og eg drog oss burt i hin enden av halli og gav oss til der. Me saag, Jeanne reiste seg upp, og no vart ho og kongen staaande og tala med kvarandre.

Heile hirdi hadde vore mest ende paa, so nysikne hadde dei vore etter aa sjaa, koss Jeanne vilde greia seg. Ja ja, no hadde dei set, at ho verkeleg gjorde kva ho lova i brevet, og eit under var det, det totte alle. Og ikkje mindre forbina var dei, daa dei saag at ho ikkje kom det minste utav det ved all drust og dramb ikring seg, men var væl so logn og sjølvtrygg, no ho tala med ein konge, som dei sjølv nokontid hadde vore, endaa dei hadde røynt seg i dette baade tidt og jamt.

Dei tvo riddarane for sin part var over all maate byrge av Jeanne, men dei hadde godtso misst baade munn og mæle. Dei var ikkje paa nokon maate god til aa skyna, koss ho kunde greia seg so væl igjenom denne svære prova, og aldri so mykje som gjera eit einaste lite mistak.

Samrøda millom Jeanne og kongen var lang og aalvorsam, og dei var baae laagmælte. Me var ikkje god til aa høyra eit ord; men me hadde augo i hovudet og kunde sjaa koss kongen tok det. Og best det var, vardest baade me og alle, som inne var, eit stort umskifte hjaa kongen; det kom so braadt og hev vorte umsnakka i alle sogebøker og minneskrifter sidan. Alle som saag paa, skyna at det tydde noko; men kva som laag i det, visste sjølvsagt ingen den gongen. — Best det er, maa vita, ser me kongen risster av seg all likesæla si, og retter seg upp som ein mann, og han ser samstundes over all maate forbina og forundra ut. — Det var som hadde

Jeanne sagt honom noko, som var mest for godt til aa tru, noko som sette mod og kveik i honom med det same.

Det gjekk lange tider, fyrr me kom etter, kva ho hadde sagt. Men no veit me det, og kallverdi veit det. Det gjekk fyre seg soleis, maavita — ein kan lesa seg til det i alle sogubøker: Kongen spør Jeanne etter eit jærteikn. Han vil gjerne tru paa henne og kallet hennar, og paa røysterne hennar, at dei er av Gud og eig kunskap, som er duld for menneskja. Men koss kan han gjera dette, minder desse same røysterne paa ein usvikeleg maate provar, at dei er av Gud?

Det er daa, at Jeanne svarar:

"Eg skal gjeva deg eit jærteikn, og du skal aldri meir turva tvila. Du ber ei løyndeleg otte i di sjæl, som du ikkje talar um til noko menneskje — ein tvil som syg ut alt mod og fær deg til aa tenkja paa, um du ikkje likeso godt skal gjeva alt upp og roma landet. Akkurat no hev du bedt stilt med deg sjølv um at Gud i sin naade vil stilla denne tvilen, endaa um det daa skulde syna seg, at du ingen kongsrett aatte."

Det var dette som sette kongen i slik undring; for det var som ho hadde sagt, og kven kunde vita um hans eigi løyndelege bøn utan Gud aaleine? Dermed sa han:

"Jærteiknet er godt nok. Eg veit no, at desse røysterne er av Gud. Dei hev sagt sant i dette. Hev dei sagt meir, so seg det — og eg skal tru deim."

"Dei stiller denne tvilen, og eg kjem med deira eigne ord til deg, og det er desse: Du er lovleg erving etter kongen, far din, og rette ervingen til riket! Gud hev sjølv sagt det. Lyft no hovudet og tvil ikkje lenger, men gjev meg hærmenner og slepp meg til aa gjera verket mitt."

Det at ho sa, han var egtefødd, det var dette som strama honom upp og gjorde ein mann av honom, for ei stund daa, meddi det tok burt all tvil um, at han ikkje skulde vera av kongeburd.

Og kunde berre einkvan ha teke dei avstyggelege raadsmennerne hans og hengt deim upp, so han væl hadde vorte fri deim, vilde han ha sagt ja til det Jeanne bad um, og sloppe henne i veg. — Men nei, desse kreturi var ikkje enno døyvde; dei kunde altid greia aa seinka oss endaa eit bil.

Me hadde vorte byrge av aa sjaa kva heider dei synte Jeanne, daa ho kom inn — det var, som skulde ho vore av høg adelsburd — men den byrgskapen var ingenting imot den me hadde, daa ho for. Hadde dei fyrste gongen synt henne same heider som dei beste storfolk, so heidra dei henne no, som vore ho ei prinsesse av kongeleg burd. — Kon-

gen sjølv leidde Jeanne i handi nedigjenom den svære salen alt ned til døri, medan den stafelege kongshirdi stod og bukka og skrapa etterkvart dei kom framum, og utroparane bles i sylvlurane, so det ljoma i alle veggjer.

Ved døri skildest kongen ifraa henne med mange naadige ord, og han bøygde seg djupt ned over handi hennar og kysste ho. Altid — or alle lag, høge eller ringe — gjekk ho burt rikare paa heider og vyrdnad, en daa ho kom.

Og kongen gjorde meir en det. For han sende oss attende til Coudray-slottet med eit stort fylgje av kyndelberarar og sin eigen heidersgarde — dei einaste soldatane han aatte. Og strame og strake karar var det, og stafeleg gjekk dei klædde, endaa dei ikkje hadde set snurten av loni si, sidan dei kom til verdi.

Dei underi som Jeanne hadde gjort hjaa kongen var longe spurde, og alle vegar var so stuvande fulle av folk som vilde faa ein glimt av henne, at me med naudi slapp igjenom. Tala saman var plent uraad, for det var ikkje oyrens ljod aa faa for alle fagnadropi som fylgde oss lik eit stormver heile vegen.

---

## Sjuandebolken.

Daa Jeanne fortalde kongen, kva det var for ein løyndom, som inst i hjarta pinte honom, kvarv alle tvil burt. Han trudde paa, at ho var send av Gud, og hadde han daa fenge vore i fred, vilde han strakst ha sendt henne iveg i det store ærendet hennar. Men han fekk ikkje vera i fred. Tremouille og den heilage reven fraa Rheims kjende sin mann. Alt det dei trong um aa seia, var dette — og so det gjorde dei:

"Naadige herre konge, du seier, at røysterne hennar gjenom henne hev openbaga ein løyndom, som einast du sjølv og Gud aaleine kjende til. Men koss veit du, at ikkje røysterne hennar er av Satan, og at Satan talar igjenom henne? — Er kanhenda ikkje Satan væl inne i alle menneskjens løyndomar og brukar han ikkje kunskapen sin til aa oydeleggja sjælerne? Det er ei faarleg sak, naadige herre konge, og du gjer best i aa ikkje vera for braa i denne saki."

Det var nok. Den vesle sjæli til kongen skrukna ihop som ei tom blaase, av skrekk og otte, og han tok paa flekken ut ei nemd av bispar, som skulde vitja Jeanne kvar einaste dag og fritta henne ut, solenge til dei kom etter, kvar hjelpeaanderne hennar høyrde heime, anten i himmelen eller i helvite.

Kongsfrenden, hertugen av Alencon, som i tri aar hadde vore krigsfange hjaa engelskmennerne, hadde i desse dagar vorte utløyst mot aa lova ein stor sum i løysepengar. Og sosnart han høyrde gjete Moyi — for folk tala ikkje um anna heile landet over — kom han til Chinon og vilde sjaa med eigne augo, kva slags menneskje det var. Kongen sende bod etter Jeanne og gjorde henne kjend med hertugen. Ho sa paa sin beintframme maate:

“Velkomen skal du vera. Di meir franskt blod me fær med oss i denne saki, di betre.”

So kom dei tvo i prat saman, og det gjekk som det altid plae gaa. Daa dei skildest var hertugen venen og talsmannen hennar.

Jeanne gjekk i messe paa slottet dagen etter, og sidan aat ho middag ilag med kongen og hertugen. Kongen tok meir og meir til aa setja pris paa henne og finna hugnad i aa røa med henne. Og inkje under, um so var, for han som alle andre kongar fekk aldri vita, kva folk retteleg meinte og tenkte; dei berre gjølte for honom og tala honom etter munnen; og det vert i lengdi trøytesamt aa høyra paa. Men Jeanne prata so fritt og skuldlaust, ærlegt og ope, utan baktankar. Ho sa akkurat det som sveiv henne i hugen, og sa det greidt og beintframt. Ein kan skyna, at for kongen var dette som friskt, kaldt kjeldevatn for tyrste lippur imot heitt, kvæve myrvatn.

Etter middagen laut ho syna kongen og hertugen, kor god ho var til aa rida og bruka lanse, og hertugen vart so forsigna over, kor glup ho var, at han gav henne ein gild, svart stridshest.

Kvar dag kom bispenemndi til henne, og spurde henne ut um røysterne og verket hennar, og gjekk sidan til kongen og sa ifraa. Men all denne utspæjingi hjelpte lite. Ho sa so mykje som ho sjølv fann raadelegt, og helder ikkje meir. Trugsmaal og sløgd var burtkasta paa henne. Trugsmaali aldri ansa ho, og fellune dei sette for henne, gjekk ho ikkje i. Ho tala fritt og ope, men ikkje meir en ho sjølv vilde. Ho visste, at bispane var sende av kongen, og at deira spursmaal var kongen sine, og soleis laut svarast paa. Men endaa fortalde ho kongen paa sin baanskne maate, ved hans eige bord, at ho svara berre paa det ho sjølv fann for godt.

Bispane kom tilslutt til det, at dei ikkje kunde seia, anten Jeanne var send av Gud eller ei. Dei var vare av seg, maavita. Det var tvo sterke parti ved hovet no, og dei vilde ikkje støyta noko av deim. Dermed sette dei seg likeso godt upp paa vaglet att, og lesste byrdi paa andre aksler. No skal de høyra, koss dei for aat. Dei sa ifraa, at denne

saki var deim for vrang, og raadde kongen til aa søkja raad hjaa dei høglærde og vidgjetne lærdomsdoktarane ved universitetet i Poitiers. Dermed drog dei seg sjølve ut av saki og let etter seg dette vesle skotsmaalet av Jeanne; dei sa, ho var ei "blidsleg og einfeld lita hjurdinggjente, opi og beintfram, men ikkje mykje pratande av seg".

Det var so det; til deim sa ho ikkje eit ord for mykje. Men hadde dei set henne i Domremy i gamle dagar, so vilde dei truleg funne ut, at ho kunde lata munnen gaa likeso snøgt som nokon annan, sosant ho ikkje gjorde einkvan skade med pratet sitt.

Dermed laut me avstad til Poitiers og halda ut tri lange keidvorne vikur der, medan det arme baanet dagstødt vart fritta ut paa kryss og tvers framfyre ein heil flokk — krigshøvidsmenner? Med di ho var komi og bad um ein hær til aa fora mot engelskmennerne. — Nei, var det likt seg! Det var ein heil flokk prestar og munkar — høglærde vriumpeisar, namngjetne professorar i teologi! Dei kunde ha sett ned ei militærnemnd til aa røyna ut, um denne vesle djerve soldaten vaar kunde truast til aa føra ein hær. Det hadde der vore meining i. I staden sette dei ein hop heilage vriumpeisar og frasemakarar til aa finna ut, um soldaten var gudfrygtig nok og fullrett i trui. Rottune heldt paa aa eta upp huset, men dei gav seg ikkje til aa fara over tenner og klør paa katten og sjaa koss dei var; dei berre hadde hugse for, um det var ein heilag katt.

Jeanne var likeso trygg og logn framfor denne gruvelege domstolen med alle dei kjoleklædde lærde folki der, som vore ho berre aaskodar og ikkje sjølv paa forhøyr. Der sat ho aaleine paa forhøyrsbenken so logn og trygg som heime i si eigi stove, og sette domarane reint i villreide, meddi ho var so heilt ukunnig og ulærd, som ho var. Det vart til sjuande og sist hennar sterkaste skjold og verje, at ho ingenting hadde lært. For no kunde dei koma med dei lærdaste og sløgaste slagord or vitskapsbøkerne sine — Jeanne skyna ikkje eit ord av det heile og ansa det ikkje meir en flugesurr. Ho visste kva ho var sett til, og det var henne nok.

Ho svara fritt ut paa alt dei spurde um, og ho fortalde um aandesyni ho hadde havt, og kva englane hadde sagt til henne. Og ho fortalde det paa ein slik truverdig og livande maate, at jamvel dei harde, sjølvkloke domarane gløymde seg burt og vart sitjande andsloppne og lydde paa. Vil de ha andre vitnemaal en mitt, so blad etter sogubøkerne og sjaa kva ein av desse same domarane hennar med eid vitnar paa "uppreisingsdagen". Han seier ho tala "beintframt og med stor ynde".

Sytten aar gamal var ho, berre sytten aar, og aaleine paa forhøyrsbenken. Men ho var ikkje rædd. Ho saag fritt upp paa denne flokken med lærde doktarar i lov-vitskap og kyrkjelære, og hugstal deim alle, ikkje med nokonslags tillærde kunster, men berre med dei trollraaderne som laag i eit varmt, rikt hjarta og ein eldhug som smitta paa alle ho tala med.

Som eg longe hev sagt, kunde ho korkje lesa eller skriva. Ein dag plaga dei henne so lenge med allslags vridne spursmaal og tome tankeføringar or den og den lærde dokterboki, til ho langt um lenge vart leid, og sa kvasst:

"Eg er ikkje god til aa skilja a fraa b. Men det veit eg, at eg er send av Gud i himmelen og skal fria Orleans ifraa engelskmennerne og kryna kongen i Rheims, og alt det de fer og vasar med, kjem ikkje saki ved."

Ein kan vita, det maatte vera harde dagar for henne, dette, og for alle, som hadde med saki aa gjera. Men verst var det for henne, for ho hadde ingi kvilenykt. Ho laut altid vera tilstades og sitja der time etter time, medan baade den eine og den andre av forhøyrsmennerne hennar kunde gaa ut, um han vart trøytt, og kvila seg eingrand. Men endaa saag ein aldri paa henne, at ho vart trøytt, og sjeldan kom ho paa ulag. Til vanleg var ho logn og tolug og slost so gløgt i ordstriden med desse lærde herrane, at dei aldri fekk noko tak paa henne.

Ein dag kom ein dominikan-munk med eit spursmaal som fekk alle til aa kvessa øyro. Eg for min part skolv, der eg sat, og tenkte med meg, at denne gongen er det ute med henne, arme ting, for dette greider ingen aa svara paa. Den sløge munken tok soleis tilords — og lést vera plent likesæl som inkje ver:

"Du held fast ved, at Gud vil fria Frankrike ut or engelsk vald?"

"Han vil so."

"Og no vil du ha hærmenner, so du kan faa fria ut Orleans, høyrer eg?"

"Ja — di fyrr, di helder."

"Gud er allmegtig og kan gjera alt Han vil, er det ikkje so?"

"Du veit daa det. Kven tvilar paa det?"

Daa lyfte dominikanen braatt hovudet og slengde dette spursmaalet ut:

"Svar meg daa paa ein ting. Naar so er, at han vil fria ut Frankrike, og hev magt til aa gjera, kva han vil, kva bruk hev du daa for hærmenner?"

Det vart eit heilt røre daa hæm sa dette, alle stakk fram hovudet og sette handi upp for øyra, so dei betre skulde høyra, kva ho kunde finna til svar paa dette. Og dominikanen vagga sjølvgodt paa hovudet og saag seg sjaagt ikring i salen; han totte nok sjølv, han hadde sagt noko overlag godt, og det same totte

hine. Men Jeanne vart ikkje fortustra. Ho var like logn og stød i maalet, som ho plae, daa ho svara:

"Han hjelper deim som hjelper seg sjølve. Frankriksonerne lyt strida ut slagi, men Han vil gjeva sigeren."

De skulde ha set, for ei ljosstrime av undring og vællæte som la seg over alle andlit. Jamvel dominikanen sjølv saag ut til aa lika, at meisterstøyten hans vart so væl mott. Og eg høyrde ein vyrdeleg bisp, som mulla for seg sjølv: "Ved Gud, barnet seier sont. Han vilde, Goliath skulde drepast, og han sende eit barn som dette her til aa gjera det!"

Ein annan dag hadde spurnaden drege so lenge ut, at alle saag svevnuge og trøytte ut so nær som Jeanne. Daa gav bror Séguin, professor i teologi ved universitetet i Poitiers, ein sur og iver mann, seg til aa plaga Jeanne med alle slags bitande spursmaal paa det stygge limoges-maalet sitt — han var burte fraa limoges-kanten, maavita. Tilslutt sa han:

"Koss kunde det ha seg, at du skyna desse englane? Kva maal tala dei?"

"Fransk."

"Nei lell! Det var daa gildt aa høyra at maalet vaart er so heidra! Godt fransk?"

"Ja — framifraa."

"Framifraa, tenk! Ja, du veit det sagte, du. Det var kanhenda endaa betre en ditt eige maal — heh?"

"Det — det kan eg ikkje seia noko um," sa ho og tagde eit bil. So la ho til, mest som for seg sjølv, "men det var no altid væl so godt som det maalet du sjølv talar!"

Eg visste ho hadde ein skjelm bak øyra, daa ho sa dette, endaa ho saag truskuldig nok ut. Alle mann hikstelog. Bror Séguin vart tykkjen og sa morskt:

"Trur du paa Gud?"

Jeanne svara tilgjort likesæl:

"Ja det var væl!"

Bror Séguin vart reint ifraa seg, og hauga spitord paa spitord over henne, og tilslutt enda han med dette:

"Du som hev so fast ei tru paa Gud — eg seier deg, at Gud hev ikkje vilja nokon skulde tru paa deg utan eit jærteikn. Kvar er jærteiknet ditt — syn oss det, seier eg!"

Daa vart Jeanne harm. Ho spratt upp fraa plassen sin og svara fust:

"Eg hev ikkje kome til Poitiers for aa gjera teikn og underverk. Send meg til Orleans, so skal de faa jærteikn nok. Gjev meg hærmenner — faae eller mange — og slepp meg avstad!"

Det var so det gneistra or augo hennar! Det vesle heltekvendet! Tykkjer de ikkje, de ser henne? Det vart ei fagnadroping, som ingen ende vilde ta, og ho sette seg ned att, baade raud og

skjug, for ho kunde so lite med aa stikka seg sjølv fram.

Heilt fraa fyrst av var ho gjest hjaa fruva til Rabateau, ein raadsherre i parlamentet i Poitiers. Og der i huset kom alle dei fine damerne i byen kvar einaste kveld og tala med Jeanne. Og ikkje berre desse, men alle dei gamle lovlærde, raadsherrane og lærde mennerne i parlamentet og ved universitetet kom, dei med. Og desse aalvorsame mennerne, som var vande med aa vega kvart minste ord paa gullvigt, kom kveld paa kveld og kveld paa kveld. Og for kvar stund som gjekk vart dei meir og meir hildra av Jeanne; ho vann deim over til seg, smaatt um senn med den løyndefulle magti ho hadde over folk. Alle som ein gav dei seg over og sa: "Dette barnet er sendt av Gud."

Um dagen var Jeanne under tvang og fekk ikkje koma stort til ords. Men um kvelden var det annleis. Daa hadde ho domarane sine attmed seg og fekk tala fritt med deim, og daa var ho ovanpaa. Det kunde ikkje enda paa meir en ein maate, det. Alle dei meinraader og feller dei sette upp for henne um dagen, var som blesne burt um kvelden. Paa slutten vann ho domarane sine over til seg, og domen vart til bate for henne, utan at so mykje som ein mann røysta imot.

Det var eit syn aa sjaa retssalen, daa retsformannen las domen upp. Salen var stuvande full av menneskje. Heile byen, so mange som berre kunde faa sleppa inn, var tilstades og høyrde paa. Det var mykje stas og stor høgtid, som det plae vera i slike høve. Langt um lenge vart domen upplesen, og daa var det so stilt inne, at kvart ordet høyrdest lengst burt i salen:

"Ved dette lyser me ut for alle folk, at Jeanne d'Arc, Møyi kalla, er god kristen og katolik. At det ingenting finst ved henne korkje i ord eller gjerd som er trui imot. Og at kongen baade kan og bør ta imot den hjelpi ho byd. For aa støyta den attende vilde vera aa synda imot Den heilage Ande, og soleis gjera seg uverdig til Guds naade og hjelp."

Domsmennerne reis upp. Og no vart det ein storm av fagnadrop som ingen ende vilde ta. Av og til døyvde det av, men so tok det til paa nytt lag, gong paa gong. Jeanne var eg ikkje lenger god til aa sjaa. Ho kom burt i folkesvarmen som strøymde ikring henne, ynskte henne til lukke, og bad Guds velsigning ned over baade henne og fedrelandet. No var landsens sak endeleg lagt i dei smaa barnehenderne hennar.

---

## Aattande bolken.

Ja det var ein stor dag, dette! Ho hadde vunne — endeleg. Det var eit stort mistak av Tremouille og dei andre som vilde henne vondt, at dei lét henne faa lov aa halda dei "kveldane" sine. —

No kom og den prestenemndi att som var send til Lothringi og skulde røyna ut kva ord Jeanne hadde paa seg derburte — det vil seia, so lyddest det. I røyndi skulde dei berre trøyta henne ut og seinka henne paa alle maatar, til ho gav upp alt ihop. No kom desse sendemennerne att og sa ifraa, at ho hadde det beste ord paa seg alle stader. Me tok til aa faa medbør no, var det likt til. —

Domen valde eit veldigt røre. — Frankrike, som so lenge hadde vore daudt, vakna til nytt liv, sosnart denne tidendi vart spurd utover. Medan folk fyrr lunka unna, berre ein tala um krig, kom dei no strøymande i svære flokkar og slost um aa koma med under "Møyi" sitt banner, og ljomen av krigssongar og trumbeslag fyllte lufti. Eg laut minnast kva ho eingong hadde sagt heime i landsbyen vaar, den gongen eg vilde prova for henne, at landet ikkje stod til aa berga meir, og at ingenting kunde vekkja folk upp or den daudedvalen dei var i:

"Dei høyrer trumbune — dei svarar; dei gjeng i krig!"

So er sagt for eit gamalt ord, at ulukkune aldri kjem ei um gongen, men altid i flokk og fylgje. For oss vart det likeeins med lukka. Daa me fyrst fekk vinden med oss, bles børen jamt. Prestane hadde soleis lenge havt sine store tvil um kyrkja burde lata ein kvendesoldat faa gaa i mannsbunad. Men no gav dei dom i dette spursmaalet. Tvo av dei lærdaste kyrkjemenner paa den tidi var domsmenner. Dei kom til det, at naar Jeanne fyrst "laut gjera manns arbeid, var det rett og rimelegt, at ho gjekk i ein bunad som høvde aat arbeidet."

Det var ein stor ting dette, aa faa lov av kyrkja til aa klæda seg som mann. Men det største stend enno att aa fortelja um. Same dagen, som domen fall, vart det sendt bod til kongen um utfallet, og tidleg i graaotten um morgonen dagen etter høyrde me høg lurlaat i gatune. Ut flaug me, for soleis bles dei berre naar kongen hadde eitkvart som skulde gjerast kjent.

Medan me sprang, kom folk strøymande ut or kvart eit hus i byen, karfolk, kvende og born. Alle var dei uppøste og forvitne; flestalle berre halvklædde; dei knepte att klædi medan dei sprang. Lurblaastren heldt paa, til heile byen var paa føterne.

Tilslutt naadde me burt paa torget, som no var stuvande fullt av folk, og hogt uppe paa bilætstytta der stod utroparen og tenarane hans ikring honom. Med hogt klaart maal ropte han kongsbodi utover heile plassen:

"Vita skal de, alle mann, og gjeva gaum paa det, at den høge, den namngjetne Charleis, av Guds naade konge av Frankrike, hev funne for godt aa gjeva sin hogt-elska tenar Jeanne d'Arc, Møyi kalla, titel, jærteikn, magt og myndе som øvste general og hærforar for franskehæren" —

Her flaug tusen hattar og huvur i lufti, og mugen sette i ein storm og fagnadrop, som ingen ende vilde ta. Men tilslutt fekk utroparen ord for seg att, og heldt ved:

— "og hev nemnt ut ein prins av sjølve kongehuset, hertugen av Alencon, til aa vera lytnant og stabsoffiser hjaa henne!"

Dermed slutta han, og no tok stormen til paa nytt, og fagnadropi fløymde som tunge baaredrag burt igjenom, og naadde tilslutt inn i kvar einaste gate og smog i byen.

Øvstegeneral i franskehæren med ein prins av blodet under seg! Igaar var ho ingenting — idag var ho dette. Igaar var ho ikkje so mykje som sersjant, ikkje korporal, ikkje vanleg soldat diheldеr — idag var ho med eit einaste slag paa toppen. Igaar hadde ho ikkje noko aa seia over den laagaste nymæmingen i hæren, idag er hennar minste ord lov aat La Hire, Saintrailles, Bastarden av Orleans og alle dei andre gamle velrøynde hovdingane. Soleis gjekk eg og tenkte med meg sjølv. Eg freista aa setja meg inn i dette nye og utrulege som hendt var.

Tankane mine sveiv attende i tidi og feste seg ved eit minne — eit minne som enno stod so livande i hugen som vore det hendt igaar — og so svært langt attende i tidi laag det no ikkje helder — berre fraa dei fyrste dagane av januar. Det var ei bondegjente eg kom ihug, langt burte i heimbygdi si; ho hadde ikkje enno fyllt sytten aar, og baade ho og bygdi hennar var likso ukjende, som hadde dei vore paa andre sida av verdenshavet. Ho hadde kome over ein stakars heimløysing einkvanstad og teke han med seg heim — ein liten graa kattekjetling som var mest utsvelt. Og no hadde ho gjeve han mat og gjort seg godven med honom, til han hadde lagt seg til aa sova i fanget hennar, medan ho sat og batt paa eit par grove hosur og tenkte og drøymde — ja kva ho soleis sat og drøymde um, var det nok ingen som skyna — den gongen.

Og no hadde kjetlingen snaudt fenge stunder til aa verta katt, men gjenta var longe overgeneral for alle franskehærane,

og kunde bjoda og raada over ein kongeleg prins, og ut or den vesle burtgjøymde landsbyen var namnet hennar floge upp som ei sol, og spurdest over heile Frankrikes land og rike. Det var so ein kunde verta or av aa tenkja paa alt dette. Det tottest vera so reint burt i hyr og heim, det heile — ein draum, som ein snart laut vakna upp or.

---

## Niande bolken.

Det fyrste Jeanne gjorde etter ho hadde vorte general, var aa seia fyre eit brev til dei engelske hovudsmennerne i Orleans og telja deim til aa gjeva upp dei forti dei hadde teki og ha seg ut or Frankrike det snøggaste dei vann. Ho maatte ha tenkt alt dette ut fyreaat og lagt over med seg sjølv kos ho vilde ordleggja seg, for ordi strøymde fraa lippune utan stans og laga seg til kroftig og inntrengjande tale. — Elles er det ikkje so visst ho det hadde, for ho var altid snartenkt og hadde lett for aa tala; og ho tamde seg i dette dag for dag.

Dette brevet skulde sendast straks ifraa Blois. — Folk, mat og pengar strøymde inn i mengde, og Jeanne gjorde Blois til upplagsstad for hæren og sende bod etter La Hire; han skulde ha tilsynet med alt dette.

Den store Bastarden — han som var ætling av hertughuset og hovudsmann i Orleans — hadde i mange vikur masa paa, at Jeanne snart maatte koma til Orleans, og no kom det ein annan sendemann, gamle d'Aulon, ein gamal paalitande hærforar, med same bodet. Kongen nemnde honom ut til hushovmeister aat Jeanne, og bad henne sjølv ta ut dei folk ho vilde ha ikring seg; samstundes sa han ifraa, at dei skulde reidast sømeleg ut, med vaapen, bunad og hestar.

Imedan hadde kongen sett dei slinkaste handverkarane i Tours til aa laga Jeanne nye, fine hærklæde. Vaapenkjolen var av finaste staal, rikt slegen med sylvplatur, pryda med bilætskurd, og blenkte som ein spegil.

Røysterne til Jeanne hadde sagt henne, at det laag eit eldgamalt sverd gjøymt einkvanstad bak Heilag-Kathrine-altaren i Fierbois, og ho sende herren til Metz etter det. Prestane hadde aldri høyrt gjete eit sovore sverd, men dei leitte daa etter det paa den staden som Jeanne hadde sagt. Og rett nok, der fann dei det, nedgrave i jordi. Der var ingi slire paa, og rusta var det; men prestane blenkte det uppatt og sende det til Tours, for me stod paa vegen dit. Dei ferde og til ei slire av raudt fløyel,

og folk i Tours laga ei til, som var av klæde med gull paa. Men Jeanne hadde etla dette sverdet til stridssverdet sitt. Dermed la ho burt dei gilde slirune og fekk seg ei av ledr istaden. Folk flest trudde, at dette sverdet eingong hadde høyrt Karl den store til, men det var noko, ingen med vissa kunde vita. Eg vilde slipa det gamle sverdbladet aat henne; men ho sa, det trongst ikkje, for ho kom aldri til aa drepa nokon med det. Ho berre vilde gaa med det til jærteikn paa magti si.

I Tours gjorde ho rit til banneret sitt, og ein skotsk maalar som heitte James Power laga det aat henne. Det var av finaste kvitaste silke, med lange silkefrunsur. Bilætet av Gud Fader var maala paa det; han truna i skyerne og heldt verdi i si hand. Tvo englar laag paa kne framfyre honom og rette liljur uppimot honom. Innskrifti lydde: Jesus, Maria. Paa rangsida var avteikna franskekruna, bori av tvo englar.

Ho lét og ferda til eit mindre merke. Paa det var avteikna ein engel som baud liljur til Heilag Maria Møy.

I Tours var det liv og leven no. Alt i eitt høyrde ein trumbeslag og vill krigsmusik, alt i eitt fotslagi av hærmenner som i rad og rekkje drog gjenom gatune — det var nynæmingar som skulde til Blois. Hoysting og song og fagnadrop fyllte lufti natt og dag. Byen var full av framandfolk, gatur og vertshus var overfyllte, alle stader hadde de det anvint med aa ferda seg til og t i krig, og kvar ein snudde seg, var de berre glade andlit aa sjaa.

Rundt um huset, der Jeanne held til, var det altid ein heil kyrkjemuge a folk som vona aa faa ein glimt av de nye generalen, og naar dei det fekk, vor det ei fagnadroping som ingen ende vild ta. Men det var elles berre ein hend gong dei fekk timen av henne, for h hadde so anvint med aa leggja plana tilrette for hærferdi, gjeva order, skikk sendemenner avgarde, og i dei smaastunderne ho sidan fekk att, laut ho tala med alle storfolki som sat og venta paa henne inne i stova. Me gutane saag mest aldri noko til henne, ho hadde altid so mykje aa gjera.

Me var so ymist i lag — stundom hadde me som ei lita von, stundom ikkje; for det meste ikkje. Ho hadde ikkje teke ut tenarskapen sin enno — det var dette som pinte oss. Me visste ho vart overhengd med bøner um plassar hjaa henne, bøner fraa storfolk og storfolksøner. Ho kunde fylla dei ringaste plassane med rike adelsfolk — folk som vilde vera ei god ryggstød for henne. Vilde det under slike høve vera klokt aa velja oss? Me var ikkje god til aa sjaa ljost paa tilveret, soleis som alle folk i byen elles. Av og til prata me oss imillom og drøfte

den vesle kansen me hadde. Men Paladinen, stakkar, vilde helst sleppa dette pratet, for um me stundom hadde som ei lita von, me andre, hadde han slett ingi. Noel Rainguesson hadde helder ikkje noko større imot aa sleppa aa tala um dette, utan naar Paladinen var tilstades, for daa dreiv han paa, berre paa trass, for aa terga honom.

Eingong me kom inn paa dette, sa Noel:

"No fær du ikkje sjaa so uglad ut, Paladin. Eg hadde ein rar draum no inatt. Eg totte du var den einaste av oss, som fekk plass. Det var ingen høg post, berre ein slags ærendsvein eller sovore — men likevel!"

Paladinen tok seg saman og vart mest fjaag.

"Eg skulde ynskja, det gjekk soleis. Trur du verkeleg, det gjer det?"

"Visst gjer det so; eg er mest altid sanndrøymd."

Paladinen vart no reint upp i eit egse. Han gjekk att og fram paa golvet og bygde det eine luftslottet gildare en hitt. — Men med eitt var all gleda som stroki av honom, og han vart reint ut av seg.

"Aa nei," sa han vonlaust, "det skjer nok aldri dette. Eg hadde reint gløymt burt det vaset i Toul, hin gongen daa eg hadde henne for retten. Eg hev halde meg ute av syne so mykje eg hev kunna dei siste vikune; eg vona ho skulde gløyma og tilgjeva det — men det er raadlaust. Ho kan ikkje det, veit du. Og likevel var det ikkje mi skuld. Eg sa, ho hadde lova aa gifta seg med meg, det sa eg, men det var dei andre som hadde sett meg upp, det kan eg gjera min eid paa." Det digre kreturet var mest paa graaten. So tok han seg saman, og la til: "Det er den einaste lygni eg i mitt liv hev sagt, og —"

Daa vart det ein laatt og eit leven paa oss andre, so den digre lygnhalsen mest drukna i denne flaumen. Og fyrr han kom seg tilords att, kom ein av tenarane til d'Aulon og sa, me skulde burt i hovudkvarteret til Jeanne. Me skunda oss upp, og Noel sa:

"Kva sa eg! Eg kjenner det likson paa meg. Ho nemner ut honom, og me andre skal berre dit og sjaa paa, og syna honom vyrdnad. Kom an!"

Men Paladinen var rædd, han torde ikkje, og so gjekk me ifraa honom.

Strakst etter var me framme, og vart viste burt aat Jeanne, fram um ein heil flokk av glimande hærklædde offiserar. Jeanne helsa blidslegt paa oss og sa, at ho hadde gjeve oss alle postar hjaa seg, for ho vilde ha alle gamlevenerne sine ikring seg. Me vart baade gilde og glade, og overlag forundra, for ho vilde heidra oss paa denne maaten, ho som kunde fenge slike storfolk istaden;

men me fekk likfom ikkje ord fyre oss, ho var so høgt over oss alle no.

Ein for ein kom me fram og tok imot embætsbrevi vaare hjaa d'Aulon, chefen vaar. Me hadde alle fenge heidersposter. Dei tvo riddarane stod hogast, so kom dei tvo brørne hennar. Eg vart skrivaren og fyrste vaapensveinen hennar, og ein ung mann som heitte Raimond var andre vaapensveinen. Noel vart sendemann hjaa henne. Ho hadde og tvo utroparar og dertil sin eigen prest, som heitte Jean Pasquerel. Fyreaat hadde ho nemnt ut kjøkemeister og tenarar under honom.

No gløste ho ikring seg og sa:

"Men kvar er Paladinen?"

Herre Bertrand sa: "Han meinte visst, du ikkje hadde havt bod etter honom, naadig-general!"

"Nei men det var daa gale! Faa honom hit strakst!"

Paladinen kom inn audmjukt nok. Han vaaga seg ikkje lenger en berre so-vidt inn um dori. Der stansa han og saag baade forstøkt og rædd ut. Men Jeanne tala godslegt til honom, og sa:

"Eg heldt auga med deg paa vegen. Du var klen i det fyrste, men tok deg upp. I gamle dagar var du svær til aa skrøyta, men der er godt manns-emne i deg, og eg vil sjaa og faa det fram."

Det var reint gildt aa sjaa kvss det lyste upp i andlitet til Paladinen daa ho sa dette.

"Vil du fylgja der eg gjeng fyre?" spurde ho.

"Inn i varmen!" sa han; og eg tenkte med meg sjølv: "Misann høyrdest det ikkje ut, som han meinte det. Du skal gjerne sjaa ho skapar denne storskrøytaren um til ein helt. Eg tvikar ikkje paa, ho greier kva det skal vera."

"Ja so liter eg paa det," sa Jeanne. "Sjaa her — tak merket mitt. Du skal rida ilag med meg i kvart einaste slag, og naar Frankrike er berga, so fær du meg merket attende."

Han tok imot banneret som no er ein av dei dyraste eignaluterne etter Jeanne d'Arc, og han skolv i maalet av øsne, daa han sa:

"Skulde eg nokongong koma til aa vanheidra dette tillitsyrket mitt, vonar eg at kameratane mine her vil gjera meg den største veneteneste dei daa kan gjera meg: at dei høgg meg ned paa timen. Dette paalegget gjev eg deim her, og eg veit dei vil ikkje draga seg undan, um so gale skulde skje!"

---

## Tiande bolken.

Noel og eg vart ilag attende — i fyrstningi heilt tagalle baae tvo; me var so overgjevne. Tilslutt fekk Nrel ord for seg, og sa:

"Den fyrste skal verta den siste og den siste den fyrste — som skrive sterd. Men jamen var dette eit høgt lyft for den svære uksen vaar," sa han.

"Ja, det er visst. Eg er so overgjeven. Det var største og vigtigaste posten av deim alle."

"Det var so. Her er mange generalar, og fleire kan ho nemna ut. Men der er berre ein merkesmann. Det er den plassen som fell mest i augo av alle. Tvo hertugsøner søkte um aa faa honom, som me veit. Og so kjem denne digre blaasa, og han fær plassen. Kan du skyna deg paa sovore?"

"Ja, eg trur det. Du hev sagte gaatt, at øvste riddaren vaar er ein klok mann, som altid hev tankane med seg. Ein dag me reid ilag, tala me um Jeanne, og so sa han: "Men den største av alle gaavune hennar er det synske auga." — "Det synske auga," sa eg, min saaming eg var, "det hev me vel alle, veit eg." — "Nei," sa han, "det er faae, som eig det."

So greidde han betre ut um kva han meinte. Han sa, at det vanlege auga ser berre utsida av ein ting og dømer etter det. Men det synske auga ser heilt igjenom altslag og les innst inn i hjarta paa folk og vert var ting derinne, som ingen skulde ha drøymt um, som berre hev augo som folk flest. Han sa, at det største militære flogvit laut gaa under, sosant det ikkje aatte det synske auga, det vil seia dersom det ikkje kunde sjaa tvers igjenom folk og velja tenarane sine. Hærføraren med det synske auga ser at den mannen er god til aa leggja planar for hærferderne, den andre er best til aa gaa paa, den tridje derimot er seig og held lenge ut. So set han kvar mann paa rette plassen, og vinn; medan hærføraren utan synskt auga set mennerne sine paa galne postar og taper.

Dette som han sa um Jeanne var so sant som det var sagt, det skyna eg. Daa ho berre var ei lita smaagjente og det ein kveld kom inn ein rekesant, tok baade far hennar og alle me andre honom for ein fark, men ho saag lenger en til fillune hans og skyna det var ein reideleg mann.

Daa eg for lenge sidan aat til middag hjaa hovudsmannen av Vaucouleurs, totte eg ikkje, at dei tvo riddarane vaare var noko større tess, endaa eg sat ilag med deim og tala ved deim i fleire timar. Jeanne var inne i fem minuttar og korkje tala med deim eller høyrde deim tala, men ho merkte deim straks ut for dei trauste, gjæve karane, dei si-

dan hev synt seg aa vera. Og kven hev ho sendt bod etter til aa halda styr paa denne dundrande rampen med nynæmingar i Blois, dette røvarbølet med rekefantar av verste slaget — jau ho hev bodsendt Satan sjølv, det vil seia La Hire — dette militære stormveret, denne gudlause buldrebamsen, dette eldsprutande berget som spyr eiter og galle og bannar so det stend i ein røyk ikring honom. Veit han, koss han skal taka slik ein ulande develflokk? Ja, betre en nokon annan mann i landet, for han er overdevelen sjølv han, og kan greia deim alle tilhope. Honom set ho til hovudsmann i Blois, solenge til ho sjølv kjem dit. Og so? Ja sidan vil ho sjølv greia med deim, og faa deim so milde som lamb, eller so kjenner eg henne kleint. Det vert eit syn aa sjaa denne ljosalven i dei kvite vaapenklædi sine midt i denne mykdungen, denne gudlause rampen, som hev søkt saman fraa alle kantar av landet."

"Ja, La Hire, tenk!" sa Noel, "helten vaar i alle aar! Det skal verta gildt aa faa sjaa honom. Eg lengtar etter aa faa høyra honom banna."

"Det same gjer eg. Eg vil helder høyra honom banna, en andre folk beda. Det er den mest fritalande mannen som finst, og samstundes den truskuldigaste. Eingong han fekk skjenn avdi soldatane hadde vore so grove til aa stela og røva etter vegane, svara han, at d e t t e var daa ikkje noko aa tala um; det plae vera verre elles. Han er akkurat mannen til aa vera hovudsmann i Blois. — Jeanne hev teke honom ut med det synske auga sitt, ho, ser du. — Likeeins er det med Paladinen. Eg hev altid tott, han var den største blaasa og den grovaste ljugarfanten i landet. Men Jeanne ser nok meir i honom en me gjer. Og so er der ein ting til. Naar eit menneskje som Jeanne d'Arc seier til ein mann, at han er ein helt, so t r u r han det sjølv. Og so e r han dermed ein helt, det er saki."

"Der trefte du det!" sa Noel. "Ho hev fenge baade ein skapande munn og eit synskt auga i voggegaave. Frankrike laag kuva og aatte ikkje mannsmod lenger. Jeanne d'Arc hev tala, og frankriksønerne stampar avstad i krig med lyft hovud og mod i barmen."

Eg vart no bodsend og skulde skriva eit brev for Jeanne, som ho sa fyre. Heile dagen og natti etterpaa hadde skreddarane og smedane det anvindt med aa gjera oss nye vaapenklæde. Me vert staselege aa sjaa til, anten me var i hærbunad eller ei, helst daa Paladinen. Han var sagte ein stram kar, naar han gjekk i kvardagsklædi sine, som var sydde av dyre, fargeglimande klædeemne. Men naar han var i hærbunaden sin med

svagande fjører og silkeskjerf baade her og der, var han reint som eit kilderi aa sjaa til.

Me stod no paa tur til Blois. Det var ein klaar, fager morgon, me tok avstad. Daa det stafelege fylgjet vaart kom ridande, tvo og tvo, med Jeanne og hertugen av Alencon i brodden, og d'Aulon og den digre merkesmannen dinæst, tok me oss grumt ut, kan de tru. Me pløgde oss igjenom folkemugen som stod so tett som ein mur paa baae sidur, og fagna oss. Jeanne helsa tilhøgre og tilvinstre, soli skein so bjart paa den blanke sylvhjelmen hennar, og folk tok til aa skyna, at eikvar storhending i verdenssoga stod fyre. Det vart ein storm av fagnadrop so veldig, at ein kunde kjenna lufti, koss ho risste. Langt burt i gata høyrde me dei døyvde tonane av lurar og trompetar, og saag ei sky av lanseknigtar koma dragande; det var heidersgarden vaar. Den tok oss att, og hærfylgjet var no fulltallegt. Jeanne d'Arc tok ut paa si fyrste hærferd.

---

## Ellevte bolken.

Tri dagar etter var me i Blois. Aa, det legeret der, det gjøymer eg i minnet som ein kosteleg skatt. Orden? Det var ikkje meir orden blandt desse røvarane en det er hjaa vargar eller hyænur. Dei gjekk ylande og brølande ikring, drakk og tura, banna og svor og moroa seg med allslags vill leik. Og plassen var full av høgmælte, lauslynde kvende, og dei var ikkje det grand likare en mennerne til aa dundra og halda leven.

Midt inne i denne ville rampen fekk Noel og eg for fyrste gongen timen av La Hire. Han var plent soleis som han hadde stade fyre oss i vaare kjæraste draumar. Han var høg og stor og rak som ein hærmann skal vera, klædd i staal fraa topp til taa, med ein svagande fjørdusk paa hjelmen og eit digert sverd ved sida.

Han var paa vegen og skulde helsa paa Jeanne, og som han kom burtigjenom legeret, slo han til ljod og melde ifraa, at Møyi var komi, og at han ikkje vilde, øvstegeneralen skulde sjaa slikt som dette. Han hadde sin eigen maate aa faa orden tilvegar paa. Han gjorde det med neveslag tilhøgre og tilvinstre. Svor og banna gjorde han samstundes, so det lyste ikring honom, og kvarhelst neven hans naadde burti, datt ein mann isvime.

„Fa'n ta dykk!" sa han, „her gjeng dei og sjauar og bannar, so det er ei skam, og so er øvste hærføraren ventande kvar stundi. Rett deg upp, mann!" Og dermed slo han mannen i svime. Kva han meinte med aa retta seg upp, var etter dette ikkje godt aa skyna.

Me fylgde helten til hovudkvarteret og glodde, som vilde me sluka honom med augo. Eg kom ihug kos Jeanne eingong i Domrémy eingong tok Paladinen i skule avdi han tala so lett um slike storkarar som La Hire og Bastarden av Orleans, og kos ho sa, at kunde ho berre ein einaste gong faa staa langt ifraa og sjaa deim sovidt, vilde ho vera meir en sæl. — Her skulde me tilslutt faa sjaa ein av desse heltane. Og kva ærend kom han i? Det var, so ein snaudt vilde tru det. Men sant var det. Han kom og vilde bøygja seg djupt for henne, og høyra kva ho ynskte aa setja honom til.

Medan han paa denne milde, still-farande maaten fekk røvarflokken sin til ro, steig me fram og fekk ein glimt av alle dei store hærførarane, som var møtte upp inni hovudkvarteret. Det var seks namngjetne offiserar, fagre, trauste karar i staselege hærklæde; men høgadmiralen av Frankrike var den venaste av deim alle og tok seg best ut.

Daa La Hire kom inn, kunde ein sjaa paa honom, kor forbina han vart, avdi Jeanne var so ung og ven, og Jeanne smilte so blidt aat honom, at ein skyna, ho med vart glad, avdi ho endeleg skulde faa møtast med denne ungdomshelten sin. La Hire bukka djupt, og heldt ein fin liten tale aat henne, mest utan ein einaste eid i, og ein saag at desse tvo lika kvarandre paa flekken.

Helsingi var snart overstadi, og dei andre gjekk. Men La Hire vart verande att, og han og Jeanne sette seg til der; dei drakk eit bikar vin ilag, og dei tala og log saman plent som vore dei gamle vener. Og um ei stund gav ho honom nokre paalegg, som mest tok pusten ifraa honom. For det fyrste sa ho, at alle desse lauslynde kvendi fekk sjaa og ha seg ut or legeret, det snøggaste dei vann; ikkje ei av deim fekk lov aa vera att. Dinæst fekk soldatane halda upp med denne drikkingi og turingi; ho vilde ikkje sjaa drukne folk for auga. Og kvar mann skulde lyda den som stod over. Men verst var det, ho sa tilslutt. La Hire reint hoppa, der han sat, so utruleg forstøkt vart han:

"Kvar den som vil vera under merket mitt, lyt skrifta for presten og fraa forlating for all synd. Og alle som vil sleppa til og verta soldatar lyt gaa i kyrkja tvo gonger um dag."

La Hire mælte ikkje eit ord paa væl so eit minutt; han var ikkje god til. Men tilslutt sa han, reint utav seg:

"Aa søte baanet mitt, dei er longe innskrivne i helvite, alle desse arme gutane mine. Gaa i kyrkja og høyra messe! Snille deg, dei vil beda oss baae reisa til helvite fyrst!"

Soleis heldt han paa, og tigga og bad so tunnt fyre seg, og kom med lange

underlege eidar innimillom, som sette Jeanne slik paa laatten, at ho ikkje visste si arme raad. Ho log og log, so som ho ikkje hadde lædt paa mange aar, ikkje sidan ho var barn heime i Domrémy. Det gjorde reint godt aa høyra henne.

Men ho heldt paa sitt, og den gamle hærføraren laut gjeva seg. Ja ja, sa han, naar so var, at ho plent vilde det, so laut han sjølvsagt lyda, og gjera det so godt han kunde. Og so kveikte han seg med ein ny salve med eidar og forbanningar og forpligta seg paa, at dersom nokon mann i legeret negta aa gjeva upp synderne sine og liva sømelegt og kristelegt, so skulde han slaa hovudet av paa honom.

Daa laut Jeanne læ att. Men ho vilde ikkje gaa med paa den slags hugvending. Ho sa, dei fekk gjera det friviljugt.

La Hire sa, at det same meinte han. Han vilde ikkje slaa ihel dei som hugvende seg med det gode, men berre dei som var stirrige.

Men det hjelpte ikkje kva han sa — han fekk ikkje lov til aa slaa nokon ihel — Jeanne vilde ikkje paa nokon maate. Ho sa, at dersom ein truga ein mann med vondt, um han ikkje gjorde som ein vilde, daa hadde han ikkje lenger fridomen sin; og ho vilde, alt skulde gaa med det gode.

So drog soldaten ein tung sukk, og sa han skulde seia ifraa um messa, men han tvila paa, det beid ein mann i legeret som vilde setja sine bein i kyrkja. Nei, ikkje meir en han sjølv kom til det. Daa fekk han eit slag til, for Jeanne sa:

"Nei men kjære mann, du lyt daa gaa, veit du!"

"Eg? Det er ikkje raad. Det er daa den skire galskap."

"Aa langtifraa. Du lyt i kyrkja tvo gonger um dag."

"Drøymer eg? Eller er eg full — eller høyrer eg ikkje rett? Misann vilde eg ikkje helder fara beinast ned i —"

"Det er det same med plassen du vilde til. Imorgo lyt du til for fyrste gongen, og sidan gjeng det lettare. Ikkje sjaa so reint ulukkeleg ut. Um ei tid vil du beintfram lika det."

La Hire freista aa sjaa ljosare paa det, men fekk det ikkje til. Han sukka og pusta som ein kval, og sa tilslutt:

"Ja ja, eg skal gjera det for di skuld, men fyrr eg vilde gjera det for nokon annan, bannar eg paa, at —"

"Men du skal ikkje banna! Det lyt du venja deg av med!"

"Venja meg av med det! Det er uraad! Eg bed so inderleg. Aa general — det er morsmaalet mitt, det, skynar du."

Han tigga og bad so tunnt um

nægde, at Jeanne tilslutt laut lata honom faa lov til aa sverja ved staven hans, jærteiknet paa hærførarskapen hans. Men dei andre kjære eidane sine laut han gjeva upp.

Han lova, at han vilde sverja berre ved staven sin, naar ho var tilstades, og freista aa leggja band paa seg, mest raad var, til alle andre tider med. Men han fælte for, han greidde det, so gamal og innbarka som han var i denne uvanen — det einaste han hadde aa trøysta seg til paa sine gamle dagar.

La Hire gjekk derifraa væl so spak, som daa han kom. Han hadde mest vorte mjuk og mild tilsinns, um ein kan bruka slike ordlag um slik ein traa, gamal bjørn. Noel og eg tenkte, at sosnart han kom ut derifraa og ikkje hadde Jeanne over seg, vilde dei gamle syndderne hans faa magti med honom, so han han ikkje vilde gaa i kyrkja. Me stod tidleg upp, og vilde sjaa.

Jau, gjekk gjorde han. Det var plent utrulegt, men avstad bar det med honom, stiv og strak og morsk som galdt det livet. Han freista aa sjaa so gudeleg ut, som raad var, han berre murra og banna som ein gast, naar han meinte ingen høyrde paa. Det var eit døme til paa, koss alle som fekk skoda inn i augo til Jeanne d'Arc vart som hugstolne, og laut sidan lyda henne all sin dag.

Satan sjølv var hugvend, og dermed fylgde hitt av seg sjølv. Jeanne reid att og fram i legeret. Og aldri so snart fekk den ville soldatflokken sjaa den unge bjarte skapnaden i dei skinande hærklædi med det søte andlitet smilande imot seg, so laut dei fyrst undrast og sidan falla ned og tilbeda. Ho var plent som ein engel, totte dei alle. Etterpaa kunde ho faa deim til, kva det skulde vera.

Paa tri dagar var legeret rudt og reint, og dette herket, desse røvarane som fyrr ikkje hadde vore til aa aga, gjekk no i kyrkje tvo gonger um dag som smlle born. Kvinfolki var burte. La Hire var mest som svimeslegen av alle desse underi; han var ikkje god til aa skyna noko av dette. Han gjekk ut or legeret kvar gong han plent laut banna noko lite. Slik var han — skrøpeleg av naturen, men med age for heilage plassar, og han totte, legeret hadde vorte som ei kyrkje no.

Hæren var ikkje til aa kjenna att. Soldatane tilbad Jeanne og vilde med glede gaa i dauden for henne. Dei berre brann etter aa sleppa til, og gaa paa fienden. La Hire hadde aldri i sitt lange liv set make til sovore. Det var uraad for honom aa finna ord for, kor glad og undren han var. Han hadde havt smaae tankar um hæren fyrr, men no var det ikkje ende paa kor byrg han

var av soldatane sine, og kor stor tru han hadde til deim. Han sa:

"For tvo-tri dagar sidan vilde dei ikkje ha vaaga aa taka paa eit hønse-vagl. Men no skulde eg gjerne sprengja helvitsportane med deim."

Jeanne og han var altid ilag, og underleg tok dei seg ut imot kvarandre. Han var so diger og svær; ho so lita. Han var so graa og so langt paa livsvegen komen; ho so kløkkjande ung. Han var so brunsteikt og full av ær i andlitet; ho so bjart og ljos, raud og kvit og blømande som ein roseknupp. Ho var so blid og mild, og han so morsk. Ho so rein og skuldlaus; han ei ukjure, som faae synder var framand for. Hennar auga var kjærlegt og medynksfullt; hans var kvasst som eldingen. Naar ho saag paa ein, var det som lyste ho Guds fred og velsigning over ein med det same. Med honom var det tvert um.

Dei reid gjenom legeret eit halvt sneis gonger um dag, vitja kvar einaste kraa, saag etter alt og bøtte det som rangt var. Og kvar dei kom, helstest dei med brakande fagnadrop. Dei reid side um side; han lik ei borg av rusta jarn, ho lik ei bilætstytte av sylv. Og naar dei hugvende røvarane og villmennerne fekk timen av deim, sa dei:

"Sjaa der kjem dei — der er Satan og gudsengelen!"

Alle tri dagane me var i Blois, stræva Jeanne med aa føra La Hire til Gud — aa frelsa honom or syndetræl-domen, aa anda inn i det stormfulle hjarta hans kristendomsfreden, den fred som gjeng over vit og skyn. Ho tala for honom, ho tigga, ho bad, at han maatte beda til Gud. Han stod imot dei tri dagane me var der, og bad so ynkeleg, at han maatte faa sleppa — faa sleppa berre denne eine, umogelege tingen. Alt anna skulde han gjera — alt slag — ho kunde berre seia ifraa — han vilde gaa igjenom elden for henne paa fyrste ordet — men dette, berre dette laut ho spara honom for, for han kunde ikkje beda, hadde aldri bedt ei bøn og visste ikkje koss han skulde faa ei til, helder; han fann ikkje ord, sa han.

Og likevel — vil de tru det — sette ho jamvel denne utrulege tingen igjenom. Ho fekk La Hire til aa beda. Ja tenk, han vart staaande framfyre henne, knepte ihop dei jarnklædde hender og bad ei bøn. Og ordi var ikkje laante; dei var hans eigne. Han hadde ingen havt til aa hjelpa seg med deim helder. Og soleis lydde bøni hans:

"Gode Herre Gud, eg bed deg so vent, at du vil fara aat imot La Hire soleis som han vilde fara aat imot deg, um du var La Hire og han var Gud."*

---

* Denne bøni hev vorte stoli mange gonger i dei siste sire hundrad og sytti

So sette han hjelmen paa seg att og gjekk ut or teltet so vælnøgd med seg sjølv som kvar den vilde vera som hadde greidt seg ut or ei vrang og flokutt sak til glede og undring for alle partar. Hadde eg visst, han hadde halde bøn, vilde eg ha skyna, kvi han kjende seg so ovanpaa. Men dette var uraad for meg aa vita.

Eg kom nettupp i det same inn i teltet, og saag honom traava ..garde paa denne maaten, og staseleg tok han seg ut, det gjorde han. Men daa eg kom innanum teltdøri, stansa eg forstøkt og skunda meg utatt, for eg totte eg høyrde Jeanne graata — graata som hjarta vilde sprengjast sundt. Men eg tok nok imist den gongen. Log gjorde ho — skrattlog av bøni til La Hire.

Det var fyrst seks og tredive aar etterpaa, at eg kom etter dette; og daa — aa, daa laut eg berre graata so saart, so saart, alt etter som bilætet av denne fjaage skuldlause ungdomen steig fram i minnet or lengst-lidne tider. For det hadde kome ein dag imillom, daa laatten, denne gudsgaava, var viken burt ifraa meg og aldri kom att meir her i livet.

---

aar, men ho skriv seg ifraa La Hire, og stend uppteikna i det franske riksarkivet. Umsetj.

Tolvte bolken.

Me tok iveg att, fjølgmente og med stor drust og dramb. Me stemnde mot Orleans. Fyrste parten av den store draumen til Jeanne skulde no uppfyllast. Det var fyrste gongen, at nokon av oss nynæmingane hadde set ein hær, og synet tok oss med velde. Og nokon kvar kunde verta uppglødd som saag den endelause rekkja bugta seg burtetter vegen som ein veldig orm med blenkjande reist.

Jeanne reid i brodden med fylgjet sitt. Etterpaa kom ein flokk med prestar under kross-banneret og song Veni Creator. Etter deim att ein glimande skog av spjot og lansar. Kvart korps for seg hadde til førarar dei store Armagnac-generalane La Hire, marsken av Boussac, herren til Retz, Florent av Illiers og Poton av Saintrailles.

Kvar var seig og morsk paa sin maate, men La Hire var basen for deim alle. Elles var dei namngjetne villstyringar alle ihop, som so lenge hadde vore vande med aa setja seg utover all lov og rett, til dei ikkje lenger visste kva lydnad var, um dei nokontid hadde visst det.

Kongsbodet til deim hadde lydt soleis: "Lyd øvstegeneralen i alle ting. Gjer ingenting, minder ho veit um det og hev sett dykk til det!"

Men kva hjelpte det aa seia so-

vore. Desse lovlause fuglane kjende ingen lov. Dei lydde sjeldan kongen. Dei lydde honom aldri minder det trefte so til, at dei vilde det same som han. Vilde dei lyda Møyi meir, tru? Aa, for det fyrste vilde dei rett og slett ikkje vita, koss dei skulde fara aat med aa lyda korkje henne eller nokon annan, og for det andre kunde dei sjølvsagt ikkje i aalvoro lyda henne i krigssaker — henne, ei lita bondegjente paa sytten aar, som hadde lært seg upp i krigshandverket med — aa gjæta bølingen.

Dei hadde ikkje minste tanke paa aa lyda henne utan der deira eigi gode røynsle sa, at ho hadde rett. Og kunde ein seia noko større paa deim for dette? Nei, det tykkjer eg ikkje. Gamle krigsvande generalar er praktiske folk, som ikkje fer med tatl og tull. Dei hev vondt for aa tru, at uvitande baansungar skal duga til aa leggja gode krigsplanar og styra ein hær. Ingen general i verdi kunde her tenkt anleis um Jeanne, fyrr ho dreiv engelsmennerne ut or Orleans og greidde so væl det store Loire-felttoget.

Meinte dei daa, at Jeanne ingi nytte var til? Nei, so langt derifraa. Dei sette pris paa henne plent som den gode moldi set pris paa soli — dei trudde fullt og fast at ho kunde faa saadet til aa veksa fram; deira arbeid, ikkje hennar, vart det daa aa faa grøda i hus. Dei hadde ein djup og inderleg vyrdnad for henne og meinte ho hadde noko overnaturlegt ved seg, som kunde magta ting, dei ikkje kunde — blaasa livsens ande og mod inn i forkuva og daude hærlikam og skapa soldatane um til heltar.

Dei meinte som so, at **med** henne var dei alt, utan henne ingenting. Ho kunde setja kveik og eld og glod i soldatane og gjera deim budde til aa slaast — men kjempa ut slagi sjølv? Nei, det vart deira sak. Dei, generalane skulde leida slagi, Jeanne skulde gjeva deim sigeren. Soleis tenkte dei. Det vart paa ein maate ei umskriving av det svaret Jeanne for ei tid sidan hadde gjeve dominikan-munken.

Dermed var det fyrste dei gjorde aa narra henne. Ho hadde klaart fyre seg koss ho meinte aa gaa fram. Ho hadde tenkt seg til aa gaa beinast paa Orleans fraa nordsida av Loire. Og ho sa ifraa um dette til generalane. Dei sa til seg sjølv: "Denne planen er reint burt i natti — det er mistak nummer eitt. Kva anna var aa venta av dette barnet, som aldri hev vore i krig fyrr."

I all løynd sende dei bod til Bastarden av Orleans. Han med skyna strakst, kor vitlaust dette var — iminsto stod det soleis for honom — og raadde generalane til aa umgaa ordren eitkorleis.

Dei gjorde det paa den maaten, at dei narra Jeanne. Ho leit paa desse

folki og drøymde ikkje um svik. Dermed saag ho seg ikkje væl nok fyre. Men det vart ein god lærepening for henne; ein annan gong agta ho seg betre.

Kvi var Jeanne sin plan so vitlaus fraa hærførarane sin synsstad, men ikkje fraa hennar eigen? Avdi ho var meint paa aa taka Orleans-borgi med storm, medan dei vilde kringsetja fiendane og svelta deim ut — ein plan som vilde trengja mange maanader til aa lukkast.

Engelskmennerne hadde bygt eit gjerde av sterke smaaborger kringum Orleans — festningar som stengde alle portane i byen so nær som ein. For dei franske generalane var tanken um aa vilja kjempa seg framum alle festningar og soleis føra hæren inn i byen, plent burt i natti; dei trudde fullt og fast at dette var snøggaste maaten aa øydeleggja heile hæren paa. Det er ikkje t il um, at dette var vitugt tenkt av deim. Det var berre ein ting, dei ikkje tok med i rekningi, og det var, at engelskmennerne no var vitskræmde plent — dei var so visse paa, at Møyi var i samlag med hinmannen sjølv. Og at dei franske soldatane var fulle av mod og eldhug. Jeanne vilde ha greidt aa taka dei engelske festningane so lett som ingenting. Men det skulde ikkje verta enno paa ei stund. Med svik og meinraader lurde dei henne denne gongen.

I legeret den natti sov ho paa marki i full hærbunad. Det var kaldt i veret og ho var mest likso stiv som vaapenkjolen sin um morgonen daa me tok iveg att; for jarn duger lite til sengebreidsle. Men so glad og fjaag var ho av aa endeleg vera paa veg til krigsskodeplassen, at gleda snart fekk tina henne upp.

For kvar fjordungveg ho kom, voks gleda og eldhugen i henne. Men tilslutt naadde me fram til Olivet, og daa var det harmen som tok henne. For daa skyna ho det peket dei hadde gjort henne — elvi laag millom oss og Orleans.

Ho var mest huga paa aa taka paa eit av dei tri utanverki som laag paa vaar side av aai og soleis tvinga seg fram til brui innanfyre (greidde ho dette, vilde det vera ute med engelskmennerne med det same). Men den inngrodde otten generalane hennar hadde for engelskmennerne kom over deim att, og dei tigga og bad henne, at ho ikkje maatte freista paa dette. Soldatane derimot vilde gjerne røyna seg. Men det vart daa tilslutt so, at ho føygde generalane denne gongen. Dermed tok me iveg att og stogga ein plass rett imot Chécy, paalag ei mils veg ovanum Orleans.

Dunois, Bastarden av Orleans, kom med stort fylgje av riddarar og borgarar ut or byen og tok imot Jeanne. Det var enno so det brann og æste i Jeanne etter det péket dei hadde gjort henne, og ho var ikkje i lag til aa tala mildt aat

nokon, ikkje eingong til krigsavgudane sine fraa barnsdoms aar. Ho ja berre:

"Er du Bastarden av Orleans?"

"Eg er so, og overlag glad er eg for at du er komi."

"Og er det du, som hev raadt generalane mine til aa narra meg burt paa denne sida av aai, istadenfor aa føra meg beinast til Talbot og engelskmennerne?"

Han vart skjemd og kunde ikkje finna eit ord til svar. Med mykje stoting og harkling og orsaking fekk han tilslutt fortalt kva grunnar han og krigsraadet hadde havt til sovore aatferd.

"I Guds namn," sa Jeanne, "Guds raad er visare og tryggare en dykkar. De meinte, de skulde narra meg, men de hev narra dykk sjølve, for eg kjem med den beste hjelpi ein kringsett by nokortid aatte. Det er Guds eige hjelp Han sender dykk, ikkje for mi skuld, men avdi Han sjølv so tykkjest. Han hev medynk med Orleans og vil hjelpa den arme byen. Mat aat det utsvoltne folket hev me med oss, men baatane er nedanfyre aai, og motvind er der, so dei ikkje slepp upp. Vil du no i Guds namn seia meg, du som er so vis, kva du og dette krigsraadet ditt hev tenkt paa, som laga vanske der det ingen var."

Dunois og dei hine stota og hakka, men gav seg tilslutt, og laut gaa ved, at eit stort mistak var gjort.

"Ja, eit mistak er gjort," sa Jeanne, "og tek ikkje Gud sjølv seg paa aa gjera arbeidet for dykk og snur vinden og soleis gjer godt att det de hev gjort gale, so kan ingen annan hjelpa her."

Sume av desse menneskja tok no smaatt um senn til aa skyna, at um ho var aldri so urøynd i krig og ulærd i alt anna, so hadde ho likevel makelaust godt vit og sundt skyn, og at ho ikkje var den som let seg faastast med, um ho av naturen var aldri so søt og blid.

Og um eit bil hjelpte Gud deim av sin naade, og snudde vinden for deim. No kom alle baatane upp, lødde med mat av alle slag, slagtefe og anna, til den utsvelte byen. Jeanne hadde sett soldatar upp utfyre murane, det bilet baatane for framum, so ikkje engelskmennerne fraa St. Loup-utanverket skulde faa skjota baatane isøkk. So tok Jeanne paa Bastarden att.

"Du ser denne hæren her?"

"Ja."

"Det er deg og raadet ditt aa takka at soldatane er her?"

"Ja."

"Vil du so i Guds namn seia meg, um dei kan gjera større nytte her en um dei laag paa havsens botn?"

Dunois freista so smaatt aa orsaka seg, men Jeanne tok frami, og sa:

"Svar meg berre paa ein ting, min gode mann — er hæren til nokor nytte

paa denne sida av aai, eller er han det ikkje?"

Bastarden laut gaa ved, at det var han ikkje — det vil seia, ikkje etter den feltplanen ho hadde lagt.

"Og endaa du visste dette, gjorde du deg so djerv, at du ikkje lydde order. Men naar no hæren lyt over paa hi sida, vil du so seia meg, kofs me skal faa han dit?"

Det var raadlaust aa koma ifraa, at mykje arbeid var spillt til ingen nytte. Og Dunois laut gaa ved, at det ingen annan maate fanst til aa retta paa mistaket en aa senda soldatane heile vegen attende, alt til Blois, og so lata deim derifraa fylgja hi side av aai fram til Orleans, soleis som Jeanne heilt fraa fyrst av hadde meint.

Hadde det vore ei onnor ung gjente som hadde vunne slik ein siger over ein gamal vælrøynd general, vilde ho truleg ha yppa seg eingrand og vore kaut og byrg av det — og ikkje kunde ein ha sagt so mykje um det helder — men Jeanne tok det ikkje paa den maaten. Ho slapp or seg eit ord eller tvo um, kor syrgjelegt det var, at so mykje tid laut spillast, og gjekk strakst igang med aa gjeva order til atterferdi. Det var tungt for henne aa sjaa soldatane gaa; ho saag dei var ved godt mod og fulle av eldhug, og med deim i ryggen skulde ho gjerne ha vaaga seg imot heile den megtige Englands-hæren.

Sosnart dette var fraasеggjort og storparten av hæren reide til aa fara, tok ho Bastarden og La Hire tilliks med eit fylgje paa tusen mann med seg og tok ned til Orleans; heile byen gjekk i feber og verkte etter aa faa sjaa henne. Det var ved aattetidi um kvelden, at ho og fylgjet hennar kom ridande inn i byen burtetter Burgund-gata, og fremst av alle reid Paladinen med merket hennar.

Ho sat paa ein kvit hest og heldt i handi det heilage sverdet fraa Fierbois.

De skulde ha set byen daa. Det var som svarte sjøar av folk, som lysande stjernehimlar av berre kyndlar. Velkomstropi braka som toreskrall gjenom lufti. Kyrkjeklokkune ringde utan stans, og kanonerne dundra laust. Det var, so ein kunde tru, at domedag var komen. Kvarhelst ein saag, timde ein i myrkret bleike andlit med munnar som stod vidopne etter fagnadropi og kinn som var vaate av taarur.

Jeanne brytja seg langt um lenge veg igjenom den tætte folkehopen; den vesle vaapenklædde skapnaden lyste som ei sylvstytte uppum menneskjehavet. Folk ikring henne káva og stræva, og saag gjenom taarur upp til henne, som vore ho ein engel, send ifraa Gud. Og heile tidi var det einkvan som kysste føterne

paa henne, og dei som ikkje slapp burttil, var glade um dei fekk koma nær hesten hennar. Og so kysste dei fingen sin etterpaa.

Ingenting av det Jeanne gjorde, slapp aa verta aatgaadd. Alt ho gjorde vart tala um og fagna. Folk prata um henne utan stans.

"Sjaa der — no smilar ho — ser du?"

"Der tek ho av den vesle hjelmen med fjøri paa — kor fagert og nett ho gjer det."

"No klappar ho ei kone paa hovudet med handsken sin."

"Aa, ho maa vera fødd paa hesterygg — berre sjaa kor makelaust fint ho rid."

"Sjaa der var det ei kone som lyfte eit barn upp til henne — ser du, der kysser ho barnet — aa, er ho ikkje plent som ein gudsengel?"

Det lange flagrande merket hennar vart ute for ei uheppe; det tok varme i frunsune burt i ein kyndel. Ho halla seg fram over hestehalsen og sløkte varmen med henderne.

"Ho er ikkje rædd korkje eld eller nokoslag!" ropte folk, og sette i slike fagnadrop, at heile jordi tottest bivra.

Ho reid burt i domkyrkja og takka Gud, og folk trengde seg inn etter henne og bad ilag med henne.

Etterpaa tok ho ut att og reid igjenom folkehopen og kyndelhavet burt aat Jaques Boucher, skattmeisteren hjaa hertugen av Orleans. Hjaa fruva hans skulde ho vera gjest den tid ho var i byen og hava den unge dotteri til kamerat og ven.

Men folkeropi var ikkje til aa stansast. Dei heldt paa heile natti, og gledesklokkune kima og ringde utan stans.

Jeanne d'Arc var endeleg naatt so langt, at ho skulde faa røyna seg. Og reide var ho.

---

## Trettande bolken.

Reide var ho. Men enno laut ho slaa seg tiltols eit bil og venta til ho hadde fenge ein hær aa arbeida med.

Um morgonen — det var laurdag 30. april 1429 — spurde ho etter, kva som hadde vorte av den sendemannen som hadde bore brev og bod fraa henne til engelskmennerne — det same brevet ho hadde sagt fyre i Poitiers. Her er ei avskrift av det. Det er eit merkelegt skriv av mange grunnar. For det fyrste er det so makelaust beintframt; det gjeng laust paa saki med ein gong. Og so er det slik magt og mynde i det; ein ser, ho tvilar ikkje ein augneblink paa at ho verkeleg skal greia det veldige arbeidet som ho hev lagt paa seg sjølv — eller

som hev vorte lagt paa henne — um de helder so vil. Gjenom heile brevet tykkjest ein sjaa all krigsens drust og dramb og høyra trumbune dundra. Heile Jeanne si krigarsjæl ligg berr i det, og for ein augneblink gløymer ein burt den vesle milde hjurdinggjenta. Denne ulærde bondegjenta som var uvand med aa seia fyre brev av noko slag, en seia statsskriv til kongar og generalar, sa fram heile denne straumen av megtige ord so samanhangande og lett, som hadde ho ikkje teke seg anna til, fraa ho var lite barn.

"Jesus Maria.

Konge av England, og du hertug av Bedford, som kallar deg sjølv styrar av Frankrike. William de la Pole, jarl av Suffolk, og du Thomas, lordskattmeister av England, de som kallar dykk løytnantar hjaa ovannemnde Bedford — gjerer rett imot Kongen i himmelen. Flir til Møyi, som av Gud er send, lyklane til alle dei gode byane de hev teke og hærteke i Frankrike. Ho er send hit av Gud og skal setja rette kongshuset paa truna att. Og ho er reide til aa gjera forlik, sosant de gjer rett imot henne og giev upp Frankrike og betalar for det de hev øydelagd. Og de bogesveinar, krigsfelagar, riddarar og andre som ligg utfyre vaar gode Orleans by, gakk med dykk til dykkar eige land i Guds namn, eller vente daa aa fretta med det fyrste ifraa Møyi, som ikkje skal spara dykk. — Konge av England, gjer du ikkje dette, so er eg hærføraren, og kvarhelst eg finn folki dine i Frankrike, vil eg jaga deim ut, anten dei gjeng godviljug eller ikkje. Og lyder dei ikkje, vil eg drepa deim alle ihop, men gjer dei det, vil eg spara livet deira. Eg er komen hit, send av Gud, Himmelkongen, og skal jaga deg ut or Frankrike, trass i alle, som vil svika og gjera vondt imot fedrelandet. Tenk aldri, at du nokortid skal faa riket fraa Himmelkongen, son til Heilag-Maria. Kong Charles skal hava det, for so er Guds vilje, og so hev Gud sjølv sagt til Møyi. Trur du ikkje den tidendi Gud sender deg igjenom Møyi, so skal me møta deg og slaa djervt til og gjera slikt eit uppstyr som ingen hev hev høyrt maken til paa tusen aar. Ver viss paa, at Gud kan gjeva Møyi meir kraft en du kan gjeva soldatane dine. Og so skal me sjaa, kven som hev største retten, Himmelkongen eller du. Hertug av Bedford, Møyi bed deg, at du ikkje sjølv kallar øydeleggjingi nedover deg. Men gjer du rett imot henne, kan du enno koma til aa fylgja henne dit der franskmennerne skal gjera dei største helteverk, som enno er gjorde i kristen-riket, men vil du ikkje, skal du snart faa svida for synderne dine."

Meiningi med det siste er, at ho byd deim med seg paa krossferd til Heilag-landet.

Inkje svar hadde kome paa dette brevet, og sendemannen sjølv var ikkje snudd attende. Dermed sende ho no tvo utroparar med eit nytt brev, der ho talde engelskmennerne til aa taka burt fraa Orleans og paa timen senda attende sendemannen hennar. Men utroparane kom attende utan honom. Og dei hadde den helsingi med fraa engelskmennerne til Jeanne, at dei skulde snart faa tak i henne og brenna henne, dersom ho ikkje saag og kom seg undan, medan tid var, og "reiste heimatt og gjætte buskapen, so som ho var uppvand med."

Ho vart ikkje harm, men berre sa, det var synd, at engelskmennerne plent vilde draga ulukka over seg, endaa ho "gjorde alt ho kunde for aa faa deim livande ut or landet."

Best det var, kom ho paa noko, som ho meinte, fienden kunde gaa inn paa, og sa til utroparane sine: "Gakk attende og hels lord Talbot fraa meg og seg: 'Kom ut or festningsverki dine tilliks med heile hæren din. So skal eg møta deg med mine folk. Vinn so eg over deg, so gakk i fred ut or landet. Men slær du meg, kan du faa brenna meg, um du so vil'."

Eg høyrde ikkje paa dette, men det gjorde Dunois, og han hev fortalt det. Utbjodingi vart avvist.

Sundag morgon vara "røysterne" henne at, og ho sende Dunois til Blois, han skulde taka førarromet over hæren og skunda seg med den attende til Orleans. Det var paa høg tid. Daa han naadde fram, fann han Renault av Chartres og fleire andre av kongsfarkane der; dei freista aa gjera ugagn so godt dei kunde, og la seg paa alle maatar ivegen, so ikkje hærførarane skulde faa hæren fram til Orleans. Det var ein fin flokk, desse kongsfolki. Daa Dunois kom, freista dei aa faa telja honom over paa si side, men han hadde longe lagt seg paa tverke for Jeanne ein gong, og hadde enno i friskt minne, koss det gjekk; han var ikkje huga paa aa gjera sovore uppatt ein gong til. Dermed fekk han snart hæren paa veg att.

---

## Fjortande bolken.

Me som høyrde næraste krinsen hjaa Møyi til, livde som i eit æventyrland no desse dagane me venta paa at hæren skulde koma attende. Kvar einaste dag var me utbedne. For dei tvo riddarane vaare var dette ikkje noko nytt, men for oss unge bondegutane var det eit nytt og underfullt liv. Kvaslags post, um

han var aldri so liten, berre det var hjaa Vaucouleurs-møyi, gjorde mannen umtykt og søkt av alle. Dermed vart d'Arc-brørne og Noel og Paladinen som heime var fatige bondegutar, til fine herremenner her, som alle gjerne vilde vera ilag med.

Det var reint moro aa sjaa kor snart all styveskap og bondebljugskap braana av deim i dette milde solveret her, og kor lett dei tok etter altslag og kjende seg heime i den nye lufti. Paladinen var so lukkeleg som det er raad for nokon i denne verdi aa vera. Tunga gjekk paa honom dagen lang, og for kvar dag vart han gladare i aa høyra seg sjølv snakka. Naar han gjekk ikring i byen og folk kviskra: "Hyss — sjaa der kjem merkesmannen til Jeanne d'Arc!" so var det ikkje fritt, anna han briska seg, og det ikkje so lite helder.

Det var elles eit under med det menneskjet, koss han altid skulde ha lukka med seg. Ein dag han var ein tur i byen, fekk han høyra av ein fiskar, at engelskmennerne heldt paa med eitkvart burti utanverki paa hi side aai. Og um kvelden raaka han ein røming fraa Augustin-festningi; han kunde fortelja at engelskmennerne tenkte paa aa senda folk over, naar det vart myrkt, og gjera utanverki sterkare paa vaar side av aai, og dei gledde seg longe i fyrehandi til den store sigeren dei skulde vinna over oss. For dei var meinte paa aa taka paa Dunois og soldatane naar dei kom framum festningsverki, og dei tenkte so visst, at daa skulde dei øydeleggja heile hæren, no som "heksi" ikkje var med deim; for utan henne vilde ikkje franskehæren vera likare no en fyrr — soldatane vilde sleppa vaapni og røma sin veg, berre dei saag eit engelskt andlit.

Det var ved ti-tidi um kvelden, at Paladinen kom med denne tidendi og bad um aa faa tala med Jeanne. Eg var nettupp paa vakt daa, og tungt var det for meg, at ikkje eg sjølv hadde vore den, som kunde sagt ifraa um dette. Jeanne forhøyrde seg baade væl og nøgje um dette, og kom etter, at Paladinen hadde sagt sant. Daa sa ho til honom:

"Du hev gjort væl, og lyt hava so mange takk. Det kan henda du hev spara oss for ei stor ulukke. Namnet ditt skal ikkje gløymast, naar eg sender melding til kongen."

Han bukka djupt, og daa han reis upp, var han minst elleve fot høg. Med same han strauk framum meg, peika han fingrar etter meg, asenet!

Eg ynskte, Jeanne hadde set, koss han bar seg aat; men ho hadde berre tanke for, kva ho no skulde gjera. So bad ho meg henta riddar Jean av Metz, og eit minutt etter var han av burt til La Hire med order til honom og herren til Villars og Florent av Illiers, at

dei skulde melda seg hjaa henne um morgonen paa slaget fem tilliks med fem hundrad utvalde menner paa gode, utkvilde hestar. I sogebøkerne stend det halv fem, men det er ikkje sant, for eg høyrde sjølv, daa ho sa det.

Me var paa vegen akkurat paa slaget fem og møtte fortroppen av hæren millom seks og sju ein halv mils veg fraa byen. Dunois vart overlag glad, for soldatane tok so smaatt til aa verta skræmde og ottefulle no som dei var so nær dei engelske festningsvollane. Men no var all otte som stroken av deim, med same den tidendi naadde burtigjenom rekkjerne, at Møyi var komi, og det vart ei fagnadroping som ingen ende vilde taka.

Dunois bad henne stansa upp og lata heile hæren sleppa framum, so kvar mann sjølv kunde sjaa, at tidendi um at ho var tilstades komi, ikkje berre var ei skrøne som var sett ut for aa setja ny kveik i deim.

Dermed gav ho seg til burtpaa vegkanten tilliks med fylgjet sitt, og heile hæren sveipte framum, flokk for flokk, rette i ryggen og morske aa sjaa til, som krigsfolk skal vera, og fagnadropi skrellte gjenom lufti. Jeanne var heilt vaapenklædd, so nær som paa hovudet. Ho gjekk med den vesle fløylshuva med kvite strutsfjører i, som Orleans-byen hadde gjeve henne den kvelden ho kom — den same ho hev paa det bilætet som heng paa raadhuset i Rouen. Ho saag ut til aa vera paalag femten aar gamal. Naar ho fekk sjaa soldatar, rann altid blodet snøggare gjenom ædrerne paa henne, kveikte elden i augo og gav henne glod og farge i kinni. Det var helst daa, ein saag, at ho var for fager til aa vera av denne jord, eller at ho alvist var fager paa ein annan og skirare maate en andre menneskje.

Uppaa ei av vognerne som var lodde med mat og loty, laag det ein mann so lang han var paa ryggen; henderne hans var bundne med reip og likeso føterne. Jeanne vinka til offiseren som hadde tilsyn med vognerne; han kom burt og helsa.

"Kva er det for ein som ligg bunden der?" spurde ho.

"Ein fange, general."

"Kva hev han gjort?"

"Han er røming."

"Kva skal de gjera med honom?"

"Han skal hengjast, men det er so ulagelegt aa gjera det no paa ferdi, og det hastar ikkje helder."

"Fortel meg um honom."

"Det er ein god soldat; men so bad han um løyve til aa vitja kona si, som laag for dauden, sa han. Det kunde han ikkje faa lov til, og so strauk han utan lov. Imedan tok me paa ferdi, og fyrst igaarkveld naadde han oss att."

"Naadde han dykk att, seier du? Kom han av eigen fri vilje?"

"Ja, han kom av seg sjølv."

"Han røming! I Guds namn, kva tenkjer de paa! Send honom burt til meg."

Offiseren reid burt etter mannen, løyste føterne paa honom, men let henderne vera bundne som fyrr. Det var ein gasta kar — gode sju fot høg og som skapt til soldat. Andlitet var sterkt og breidt. Ei hurv med svart, ukjemba haar datt ned i panna, med same offiseren tok hjelmen av honom. Til vaapen hadde han ei diger øks i ei breid livgjord av ledr. Daa han kom burt og stod attmed hesten til Jeanne, gjorde det, at ho saag endaa mindre ut en vanlegt; for endaa han stod nedpaa marki, var hovudet hans jamhøgt med hennar eige. Han saag so inderleg sorgfull og nedbøygd ut; det var liksom all livshug var burte. Jeanne sa:

"Rett upp henderne!"

Mannen stod med bøygt hovud. Han saag upp, daa han høyrde det mjuke, venesæle maalet. Daa han lyfte henderne, rette Jeanne sverdet burt aat reipi hans, og vilde skjera dei sund. Men i det same sa offiseren forstøkt:

"Aa, general!"

"Kva er det?" sa ho.

"Han er daudedømd!"

"Ja eg veit det nok. Eg gjeng god for honom." Og so skar ho av reipi hans. Dei hadde skore seg inn i handleden hans, so han blødde.

"Aa stakkar!" sa ho, og ho fekk reint vondt av aa sjaa blodet med det same. Men ho tok seg i det og sa: "Fli meg eitkvart eg kan fetla handleden hans med, einkvan av dykk."

Offiseren sa:

"Aa, general, det sømer seg ikkje. Lat ein annan gjera dette."

"Ein annan? Nei, sofant eg liver! De lyt leita lenge, fyrr de finn einkvan som kan gjera det betre en eg; eg hev lagt so mangt eit fatl, eg, baade paa menneskje og dyr. Og hadde eg bunde denne mannen, skulde sovisst ikkje reipi ha skore seg soleis inn i kjøtet paa honom."

Mannen stod stilt og saag paa, medan han vart fetla, og glytte av og til burt paa Jeanne, plent som eit skræmt dyr, som vert væl medfare av ein det minst hadde venta, og freistar paa sin hjelpelause maate aa koma etter orsaki til denne uventa godleiken. Heile fylgjet hennar hadde gløymt burt hæren, som kom veltande framum, innsveipt i veldige dumbeskyer, og berre stod og rette hals og glodde paa Jeanne, som fetla saaret, plent som hadde dei aldri set so underlegt eit syn fyrr.

"Sjaa der," sa Jeanne tilslutt, fegi avdi ho hadde fenge det so godt til; "eg

trur ikkje nokon skulde gjort det betre — ikkje naame nær so godt eingong, tenkjer eg. Seg meg no, kva er det du hev gjort? Lat høyra, mann."

Kjempa sa:

"Det bar soleis til, vesle engelen min! Mor døydde fyrst, sidan dei tri smaa borni mine, eitt etter hitt, alle saman paa mindre en tvo aar. Dei svalt ihel; det gjekk andre folk likeeins — det var so Guds vilje. Eg saag paa, at dei døydde; Vaarherre var so god han let meg faa gjera det, og eg fekk deim sjølv i jordi. So var turen komen til arme kona mi. Eg bad um løyve til aa gaa heim til henne — ho som eg var so glad i, ho som var det einaste eg hadde att i verdi. Eg tigga og bad paa mine kne. Men dei vilde ikkje gjeva meg lov. Kunde eg lata henne døy, venelaus og aaleine? Kunde eg lata henne døy i den trui, at eg ikkje vilde koma til henne? Vilde h o ha late meg døytt og ikkje kome — sosant ho aatte føter aa gaa paa, endaa um ho sjølv sette livet til for det same? Jau ho hadde nok kome — ho hadde kome, um ho so hadde lote gaai gjenom varmen! Dermed gjekk eg. Eg naadde fram itide. Ho døydde i armane mine. Eg fekk henne i jordi. Men so var hæren longe faren. Eg stræva svært med aa taka deim inn att; men eg hev lange bein, og dagen er lang; tilslutt naadde eg i deim att."

Jeanne sa fortenkt, liksom ho tala til seg sjølv:

"Dette høyrest sant ut. Er det sant, kan det ikkje vera vandare i, um eg læt lovi sova denne gongen. D e r s o m det er sant, daa."

Ho snudde seg braatt til mannen og sa:

"Eg vil sjaa deg i augo — sjaa upp!"

Mannen so gjorde, og augo deira møttest. Jeanne saag ein augneblink granskande paa honom, og sa so til offiseren:

"Mannen skal ha grid. Du kan gaa."

So sa ho til mannen: "Visste du, at det var dauden, det, um du kom attende til hæren?"

"Ja," sa han, "det visste eg nok."

"Kvi gjorde du det daa?"

Mannen sa beintframt og greidt: "A v d i det var dauden. Ho var det einaste eg aatte. Eg hadde ingenting att."

"Jau, fedrelandet. Frankrike sine søner hev altid mor si. Du skal ikkje døy no. Du skal liva og tena fedrelandet."

"Eg vil tena d e g."

"Du skal strida for fedrelandet."

"Eg vil strida for d e g."

"Du skal vera fransk soldat —"

"Eg vil vera d i n soldat!"

"— du skal tena Frankrike med heile ditt hjarta og heile di sjæl —"

"Eg skal tena deg med heile mitt hjarta og heile mi sjæl. Eg hadde ingenting fyrr aa liva for. Men no vil eg liva for deg. Du er Frankrike for meg."

Jeanne smilte, ho vart baade glad og kløkt over desse ordi fraa ein stakkars ulærd soldat, og ho sa:

"Du skal faa det som du vil. Kva heiter du?"

Mannen svara og aldri so mykje som drog paa smilen:

"Dei kallar meg Dvergen, men eg meiner det maa helst vera i skjemt."

Daa laut Jeanne læ, og ho sa: "Det høyrest mest so ut, ja! Kva brukar du denne digre øksi til?"

Soldaten svara like stød — han kunde visst lite med aa læ, stakkaren:

"Til aa læra engelskmennerne aa vyrda Frankrike."

Jeanne log paa nytt, og sa: "Hev du lært mange upp til dette?"

"Ja, ikkje so reint faae."

"Skulde du ha hug til aa verta min eigen handgangne mann — vaktmann, sendemann eller sovore?"

"Ja, maatte eg det, so —"

"Det maa du. Du skal faa vaapenklæde og verta upplærd i tenesta. Tak ein av dei ledige hestane der og ver med i fylgjet mitt, naar me tek iveg att."

Paa den maaten fekk me tak i Dvergen, og ein gasta kar var det, det er visst. Jeanne tok honom i farti, men ho tok ikkje imist. Ingen kunde vera trugnare en han, og han var verre en den Vonde sjølv, naar han slapp seg laus med øksi si. Og so var han so svær, at Paladinen jamsides honom saag ut som ein vanleg kar. Han lika aa vera ilag med folk, og folk lika honom. Oss gutane vart han glad i fraa fyrste stundi, og riddarane vaare likeeins. Han var i det heile glad i alle menneskje. Men han var meir vyrk um veslefingen til Jeanne en um heile verdi tilsamanlagd.

Daa hæren hadde stroke framum, reid Jeanne fram i fyreenden, og soleis kom me ridande burt aat borgi. Men daa me skulde framum desse myrke festningsvollane og kunde sjaa hærfolk derinnanfyre som stod attmed kanonerne sine, reide til aa brenna deim av imot oss, daa kom det braatt slik ei underleg svimring over meg, at alt tottest svira rundt for augo paa meg. Og eg totte det var ikkje fritt anna dei andre gutane hekk eingrand med nebben, dei med.

Men Jeanne kjende seg som heime — som i Paradis, kan eg gjerne seia. Ho sat so strak som eit ljos paa hesteryggen, og eg saag ho var ikkje meir rædd en aldri det. Verst totte eg det var med denne stilla. Det var ikkje ein ljod aa høyra utan den taktfaste heste-

trampingi. Eg fekk det so fyre meg, at eg plent laut njosa. Men eg vilde helder halda meg, endaa so vondt det var, en draga folkeaugo burt paa meg.

Eg var ikkje so høgt paa straa, at eg torde leggja meg upp i det, elles vilde eg ha bede Jeanne um aa lata det gaa eingrand snøggare. For meg stod det so, at dette ikkje var rette tidi til aa taka seg ein dryletur.

Som me i denne kjøvande stilla kom sigande framum ei veldig kanon som rette mynnet midt imot oss, gav eit esel seg til aa skryta rett innfyre murane, og dermed kvopp eg so, at eg datt or salen. Herr Bertrand treiv i meg med same, og det var vel, for hadde eg deisa ikoll paa marki, vaapenklædd som eg var, kunde eg ikkje ha kome meg uppatt utan hjelp. Dei engelske vaktmennerne uppe paa vollane small i ein laatt, plent som dei vilde ha stelt seg likare i slikt eit høve.

Engelskmennerne aldri so mykje som brende av eit skot. Eg fekk sidan høyra, at daa dei engelske soldatane saag Møyi koma ridande der i brodden og saag kor yndefull ho var, miste dei reint alt mod; for so fager ein skapnad kunde ikkje vera eit livande menneskje, meinte dei, men ei hulder utsend av Develen sjølv, til aa daara menneskja. Dermed vaaga dei seg aldri i kast med oss, men let oss i fred fara framum.

Heile Orleans møtte hæren i byporten og fylgde oss med fagnadrop gatelengst, til kvar hadde funne soveplassen sin. Og daa somna me alle med ein gong, trøytte som me var; for Dunois hadde mest sprengt oss.

---

### Femtande bolken.

Um morgonen stod dugurden paa bordet inne i messa vaar, og heile huslyden gjorde slik heider paa oss, at dei kom inn og aat ilag med oss. Den gilde gamle skattmeisteren, og elles alle tri, var forvitne etter aa høyra um ferdi vaar, kan de vita. Ingen bad Paladinen føra ordet, men han gjorde det, for som var, endaa riddarane var tilstades. Han prata laust, naar det høvde honom, og det vart heile tidi, det. Det var raadlaust aa setja laas for den munnen; han var fødd slik, maavita. Og meiner de ikkje, han maatte fortelja so alle høyrde paa, at eg hadde dotte or salen, berre avdi eit asen let i seg. Eg var so skjemd, eg visste lite til meg, helst avdi Catherine, dotteri i huset, var inne og høyrde det. —

— Ved nonsbil sat eg inne og prata med fru Boucher. Me sat i god ro og mak, og meinte alt var vel. Daa kom Catherine Boucher farande inn og ropte i stor øsne:

"Skund deg, skund deg! Møyi sat og smaablunda i stolen sin innpaa romet mitt. Men so for ho med eitt upp og ropte: 'Her renn franskt blod! Vaapen! Fli meg vaapni mine!' Kjempa hennar heldt vakt ved døri, og han sprang etter d'Aulon, som tok hærklædi paa henne, og i millomtidi hadde eg og kjempa vitra generals-fylgjet hennar. Skund deg, og ver attmed henne. Og kjem det verkeleg til slag, so hald henne derifraa — lat henne ikkje faa vaaga livet — ho treng ikkje um det — naar berre folki veit, at ho er attmed og ser paa deim, so trengst det ikkje meir. Hald henne utor slagtumulten, høyrer du!"

Eg la paa sprang ut, og ropte i det same, berre paa spit:

"Aa ja daa, det er sagte minst fyre, det!"

I andre enden av huset raaka eg Jeanne, fullt væpna; ho skunda seg ut, og sa: "Franskt blod gjeng tilspille, og du som ikkje hev sagt meg det!"

"Eg visste ikkje um det," sa eg, "og eg høyrer helder ikkje vaapengny nokonstad; alt er stilt og rolegt, general."

"Du fær nok snart høyra vaapengny," sa ho, og burte var ho.

Ho fekk rett. Fyrr ein kunde telja til fem høyrdest staak og traakk av folk og hestar, og haase kommando-rop fyllde lufti. Døyvde kanonsmellar høyrdest innimillom, og best det var kom folkemugen susande som eit stormver gjenom gatune framum huset vaart.

Riddarane vaare og heile generals-fylgjet kom farande, vaapenklædde, men utan hestar, og me sette avstad etter Jeanne i flokk og fylgje, Paladinen fremst med merket hennar. Det var baade soldatar og vanlege byfolk med i denne flokken, men dei hadde ingen førar. Daa dei fekk sjaa Jeanne, sette dei i høge fagnadrop, og ho ropte:

"Ein hest — ein hest!"

Ei tylvt med hestar stod reide aat henne i same stundi. Ho steig upp paa ein, og tusen tungur ropte:

"Av vegen der — gjev plass for Orleans-møyi!"

Det var fyrste gongen dette udøyande namnet vart nemnt, og eg hadde den lukka eg var tilstades og høyrde det. Folkehopen splitta seg som vatnet i Raude-havet, og burtigjenom denne opne renna midt etter gata styrmde Jeanne, lett som ein fugl aa sjaa til, og ropte: "Fram, fram, alle franske hjarta — fylg meg!" Og me kom susande etter paa dei laante hestar, medan det heilage merket veifta i vinden.

Dette var noko heilt anna en aa dryla framum dei fælslege festningsvollane. No kjende me oss alle som karar. Alle var uppglødde og fulle av mod.

Orsaki til alt dette uppstyret var

dette: Byen og den vesle garnisonen som so lenge hadde vore modlaus og rædd, hadde vorte reint ifraa seg av glede, daa Jeanne kom, og var ikkje lenger god til aa styra seg — dei vilde mot fienden. Og dermed hadde nokre faa hundrad soldatar og bymenner, utan order fraa nokon, paa eigen vaagnad sprengt ut igjenom Burgund-porten, og teke paa eit av dei traustaste forti til lord Talbot — St. Loup — og vart ille medfarne. Det var tidendi um dette, som hadde fare som ein elding gjenom byen og skræmt upp denne nye flokken, som me hadde i hælane paa oss.

Daa me strøymde ut igjenom porten, møtte me mannskap som kom berande paa slike som hadde vorte særde i kampen. Dette synet tok Jeanne hardt, og ho sa:

"Aa, eg fær vondt av aa sjaa so mykje franskt blod!"

Me var snart ute paa slagmarki, midt uppe i villaste kamptumulten. — Jeanne var for fyrste gongen i slag, og det same var me.

Det var slag i opi mark, for St. Loup-garnisonen hadde trøystig lagt iveg ut og skulde møta aataket; dei var vande med aa sigra, sosant det ikkje var "trollkjeringar" i farvatnet.

Dei hadde attpaa fenge hjelp av tropper fraa "Paris"-fortet, og daa me naadde der burt, heldt franskmennerne paa aa faa dugeleg bank og var longe paa flog.

Men aldri sosnart kom Jeanne setjande inn i den hovdinglause flokken med merket flagsande i lufti og ropte: "Fram folk — fylg meg!" so vart det annan dans. Franskmennerne snudde og kom veltande frametter som ei uhorvleg havbaare, sopte engelskmennerne ned for fote, gav hogg og fekk hogg, so det var ei gru aa sjaa.

I slag hadde Dvergen ingen sers post; det vil seia han var ikkje sett til noko sers. Dermed valde han plassen sin sjølv og gjekk altid framfyre Jeanne og rudde vegen for henne. Det var fælslegt aa sjaa koss jarnhjelmane flaug i flint under den digre øksi hans. Han kalla det aa knekkja neter, og soleis sag det ut. Han rudde god, breid veg ikring seg, og steinsette han væl med kjøt og jarn.

Jeanne og me andre fylgde etter so skjott at me kom langt framum dei hine soldatane vaare og fekk engelskmennerne i ryggen so væl som fyre oss. Riddarane gav order til, at me skulde slaa ring um Jeanne, og me so gjorde. Og no kan de tru, me gjorde verk som dugde. Det var uraad anna en aa faa vyrdnad for Paladinen no. No han hadde augo til Jeanne like paa seg, gløymde han burt aa vera rædd. Han slo ifraa seg

baade til høgre og vinstre, og for kvart slaget vart det ein fiende mindre.

Det var berre nokre faae minutt me var soleis kringsette. For no kom tropperne vaare setjande etter oss og naadde oss att. Og no vart engelskmennerne drivne tume for tume attende. Dei slost som heltar, det gjorde dei, men attende laut dei, endaa hjelpetropperne deira uppaa murane sende nedover oss den eine bygja med pilar og jarnboltar etter den andre og skaut paa oss med svære steinkanonkulur.

Storparten av fienden kom seg likevel godt og væl innum festningsmurane, og let oss vera att utfyre med haugar av franske og engelske lik ikring oss. Det var eit fælslegt syn, helst for oss unge; for dei smaa skogfegtingane vaare i februar hadde vore um natti, so me hadde sloppe aa sjaa alt blodet som rann, og all sundlemingi og alle dei daude kroppane. No laut me for fyrste gongen sjaa alt i all si nakne fælske.

No kom Dunois fraa byen og sprengde over valplassen paa skumdekt hest burt aat Jeanne. Han helsa vyrdsamt paa henne og let overlag væl for det som var gjort. Han peika med handi burt imot byen, der flagg og vimplar i mengdevis hekk og svaga i vinden, og sa, at heile byen var paa føterne og var fegne, avdi det hadde gjenge so godt for henne, og no vilde dei halda ein stor fest for henne og soldatane.

„No? Ikkje enno, Bastard. Ikkje enno, veit eg?"

„Kvi ikkje? Er her meir aa gjera no?"

„Meir, Bastard! Me hev daa nyst byrja! Me lyt daa taka festningi fyrst!"

„Du kan ikkje meina dette! Me greier ikkje det. Det er aldri verdt aa freista paa det. Det er reint raadlaust. Lat meg faa senda soldatane heimatt."

Jeanne hadde krigsgiren i seg, og ho vart utolug over sovore snakk. Ho ropte:

„Bastard, Bastard, skal du daa a l t i d hjelpa engelskmennerne? No seier eg deg det, at me rikkar oss ikkje herifraa, fyrr borgi er vaar. Me tek henne med storm. Blaas til aatak!"

„Men kjære deg, general —"

„Vas ikkje burt meir tid no, men lat lurane blaasa til aatak, mann!"

Det kom slik ein forunderleg eld i augo hennar i det same; me fekk sidan tidt og ofte sjaa dette ljoset i augo hennar, helst i heitaste kamp-tumulten; me kalla det for strids-ljosken.

Lurane gjalla; soldatane svara med høge rop, og no bar det laust.

Gong paa gong rende soldatane vaare fram imot den sterke festningi som spydde ut eld og røyk, og gong paa gong vart dei slegne attende. Men Jeanne

var snart her og snart der, og kvar ho kom sette ho kveik i folki.

I tri timar gjekk dei paa, og vart slegne attende gong paa gong. Men tilslutt tok La Hire, som no var komen til, seg dugeleg paa tak, og dermed var St. Loup-fortet vaart. Me tok alt der var av mat og loty, og sidan oydela me det.

Heile hæren skreik ende over seg av frygd og fagnad for det som gjort var, og det vart ei roping, som ingen ende vilde taka, etter generalen; alle vilde ha tak i henne og gjeva henne æra for sigeren. Men ho var lenge ingenstad aa sjaa.

Daa me tilslutt fann henne att, sat ho aaleine for seg sjølv bak ein dunge med lik, og gret so hjarteleg saart — ho var, naar alt kom til alt, berre ei ung gjente, som totte synd i alle som hadde det vondt. Ho tenkte paa moderne og systkjeni til alle desse avlidne venerne og fiendane.

Millom fangane var det ein flokk med prestar, og Jeanne tok seg av desse og frelste deim.

Sume heldt fram, at venteleg var det berre soldatar som hadde klædt seg ut til prest. Men til dette svara ho:

"Det er ikkje godt for nokon av oss aa vita. Dei gjeng i Guds tenarbunad, og um so berre ein einaste ein av deim ber denne klædnaden med rette, vore det visseleg betre at alle dei falske slapp undan, en at me skulde hava ein sann gudstenars blod paa oss. Dei skal faa bu der eg bur, og eg skal gjeva deim mat og senda deim vælberga heimatt."

Me gjekk i rad og rekkje attende til byen, og drog med oss alle kanonerne og fangane me hadde teke.

Dette var det fyrste krigarverket som det arme kringsette byfolket hadde set fyre seg i dei sju maanaderne, kringsetjingi hadde vara — det fyrste hovet dei hadde havt til aa fagnast over fransk djervleik.

Men de kan tru, dei forsømde seg ikkje helder. Baade dei og alle kyrkjeklokkune i byen bar seg som dei var galne. Jeanne var kjælebaanet deira no, og folk slost um aa faa ein glimt av henne; det var mest uraad for oss aa faa brytja oss veg gjenom gatune. Gløymt var gamlenamnet hennar; ho høyrde til no, og Orleans-møyi heitte ho fraa denne dag.

Boucher-folket tok imot henne som vore ho eit barn av huset, uventa frelst or naud og daude. Dei skjende paa henne avdi ho hadde gjenge i slag og sett seg ut for slik ein faare i alle desse timane. Dei hadde ikkje drøymt um, at ho vilde gaa so vidt i krigsgalskapen sin, og spurde uppatt og uppatt, um ho verkeleg av eigen frie vilje hadde gjeve seg inn i villaste kamptumulten, eller um

ho ved eit mishøve hadde vorte skuva der inn av soldatflokkane som trengde paa. Og dei bad henne, at ho maatte endeleg taka seg ivare ein annan gong. Raadet var godt nok; berre synd at Jeanne haadde so lite etter det!

---

## Attande bolken.

Dagen etter vilde Jeanne helst ha gjenge paa fienden att; men det var Kristi uppstode-fest, og det heilage franske krigsraadet var mykje for gudkjære til aa vilje vigsla dagen med blodspill. Men i all løynd la dei upp raad imot hærhovdingen sin — det heldt dei seg ikkje for god til. Dei sat nett og la upp krigsplanar paa eigi hand, daa Jeanne kom inn og tok deim paa fersk gjerd. Ho spurde kva dei hadde fyre, og kva dei hadde vorte samde um.

Dei sa, at dei var meinte paa aa taka paa den vigtigaste av dei engelske festningane paa Orleans-sida trast um morgonen, og sidan — men lenger kom ikkje maalsmannen deira, for Jeanne sa:

"No, og sidan?"

"Ja, so var det ikkje meir."

"Kan eg tru, eg høyrer rett! Eg meiner, de hev gjenge fraa vitet alle ihop."

Ho snudde seg til Dunois og sa:

"Bastard, du plar daa hava meir umlaup i hovudet en som so, svar meg paa ein ting: Dersom me gjer dette aalaupet og tek fortet, kva er so vunne med dette?"

Bastarden snudde og vende paa det og kom med noko tullsnakk burt i hytt og ver. Jeanne skar honom kvasst av og sa:

"Takk, det er nok, gode Bastard. Du hev gjeve svar godt nok. Naar ikkje Bastarden, dihelder, kan seia kva fors som er vunne med aa taka dette fortet og stansa med det, so er det lite rimelegt at nokon av dykk andre kan. De sit berre her og øyder burt tidi med aa leggja planar som fører til inkjevetta, og gjer stor skade med aa draga altslag so i langdrag. Eller løyner de noko for meg? Bastard, de held vel ikkje soleis møte utan meg berre for moro skuld. Kva er det so de hev lagt over i, spor eg?"

"Det same som for sju maanader sidan. Me vil nista oss godt ut til ei lang kringsetjing, og trøytta engelskmennerne ut."

"Men i Guds namn! Plent som ikkje sju maanader var nok. Vil de no nista dykk ut for eit heilt aar attpaa! Hald no upp med dette barnetullet dykkar eingong — engelskmennerne skal vera herifraa um tri dagar!"

Fleire ropte samstundes:

"Aa general, general, bruk no vitet! Tak det med lempe."

"Taka det med lempe og svelta ihel! Kallar de d e t aa føra krig! Men no skal eg seia dykk ein ting, eg, dersom de ikkje longe veit det: Aataksplassen er umbytt no; han er paa hi sida av elvi. Me lyt taka forti som held brui no. Engelskmennerne veit, at er me ikkje vitlause faamingar og stakkarar, so vil me freista paa det. Dei er meir en takksame for denne dagen som de hev spillt. Dei vil draga til seg all troppestyrken paa denne sida aai, so dei kan verta sterkare paa hi; for dei veit kva som burde skje imorgo. De for dykkar part hev forlist ein dag og gjort arbeidet tyngre for oss, for over s k a l me og taka bru-festningane. Bastard, seg no sant — er det ikkje noko de veit, alle ihop, at dette er den einaste framgangsmaaten som duger?"

Dunois medgjekk, at raadet visste væl at denne framgangsmaaten var i n ynskjelegaste, men han var ikkje til aa gjenomføra.

"Ser du," sa han, "me er visse paa, me kjem lengst med aa drygja, medan du vilde taka alt med storm."

"Det vilde eg — og kva som meir er, det v i l eg! Me gjeng paa festningane paa sudbaren imorgo tidleg, naar soli renn. No veit de det."

"Og skal taka deim med storm?"

"Taka deim med storm, ja."

La Hire kom tramsande inn og høyrde det siste som vart sagt. Han sette i:

"Ved embætsstaven min, slik vise likar eg aa høyra! Ja, general, me skal taka deim med storm!"

Han helsa paa sin breide maate og kom burt og helsa Jeanne uppi handi.

Ein høyrde nokre av raadet som sa:

"Ja daa lyt me byrja med Heilag-Johnsfortet, og imedan vil engelskmennerne faa tid til —"

Jeanne snudde seg og sa:

"Hav ingi umsut for Heilag-Johnsfortet. Engelskmennerne hev sagte det vitet dei gjev seg derifraa og samlar seg um bru-forti, sosnart dei ser, at me kjem." Ho la til paa spit: "Jamvel eit krigsraad vilde hava vit til aa gjera likeeins."

Dermed baud ho vælliva. La Hire sa, daa ho var gjengi:

"Eit barn er ho, og noko anna tykkjest de ikkje sjaa i henne. Men de ser daa vel no, at dette barnet skynar seg likso væl paa krigsleik som nokon av dykk. Og vil de vita m i n meining beint ut, so trur no eg, at ikkje ein einaste ein av dykk naar upp imot henne i so maate."

— — Jeanne hadde sagt sant. Dei kloke engelskmennerne skyna væl, at franskmennerne no tok saki paa ein an-

nan maate; at dei ikkje lenger sette seg rolegt til og tok imot slag, men no vilde slaa til sjølv. Og engelskmennerne var snare til aa lempa seg etter dei nye tidarteikni, og fekk i ein fart slutt kanoner og andre svære skytegreiur fraa forti paa sudsida til deim paa nordsida. — —

Og heile byen fekk greie paa, at endaa ein gong i fransk soge skulde Frankrike etter alle desse audmykslune paa nytt lag gaa paa. Det var ingen ende paa kor glade folk vart. Bymuraane var svarte av folk som um morgonen vilde sjaa hæren taka ut. Og de kan sjølv tenkja dykk til, for ei fagning det vart, daa Jeanne reid ut med hæren etter seg, og merket hennar svaga i vinden.

Me rodde mannsterke over aai, og ei langsameleg ferd var det, for baatane var smaae og faae i tal. Me tok iland paa Heilag-Aignan-øyi, og ingen meinka oss i dette. Sidan slo me ei bru paa nokre faae baatar tversover sundet burt paa sudsida, og kom godt og væl over, so mange som me var; for endaa engelskmennerne hadde ei festning der, Heilag-Johns-fortet, flutte dei derifraa burt paa bruforti, med same dei saag dei fyrste baatane vaare taka laust fraa Orleans-strandi. Det gjekk plent so, som Jeanne hadde sagt, daa ho antrast med krigsraadet.

Me tok no i veg burt etter strandi, og Jeanne planta merket sitt framfyre Augustin-fortet, det fyrste av dei store festningsverki som heldt brui. Lurane gjalla til aatak, og tvo gonger gjekk me djervt paa. Men enno var me for veike, for storparten av hæren gjekk og sumla og var enno ikkje framkomen.

Fyrr me kunde taka oss saman og gaa paa for tridje gongen, kom folki paa St. Privé-fortet engelskmennerne til hjelp. Dei kom springande i full fart, og soldatane fraa Augustin-fortet møtte deim paa halvvegen.

Baae hærane kom setjande imot oss og sopte oss framfyre seg som ein saueflokk. Engelskmennerne spardе sagte ikkje paa skjellsordi, helder, daa dei saag me tok hyven.

Jeanne gjorde det beste ho visste for aa setja kveik i folki sine; men dei hadde vorte reint vitskræmde. Den gamle stokken for engelskmennerne sat enno i deim.

Jeanne vart harm. Ho stansa hesten sin og let lurane blaasa til aatak. So snudde ho seg og ropte:

"Er her berre so mykje som ei tylvt av dykk, som eig manns mod i bringa, so er det nok — fylg meg!"

Iveg bar det med henne, og etter henne kom eit sneis mann som hadde høyrt kva ho sa, og vorte uppglødde av det. Forfylgjarane vart ikkje lite for-

undra, daa dei fekk sjaa henne koma farande imot deim med slik ein orliten flokk, og no kom turen til deim aa verta fælne — for visseleg maatte dette vera ei trollheks, eit satansbarn! Soleis tenkte dei alle. Dei aldri stansa og tenkte seg um, men snudde og rømde som dei hadde eld i hælane paa seg.

Hærflokkane vaare som longe var paa rømd, høyrde lurblaastren, snudde seg sovidt og vilde sjaa kva dette tydde.

Og no som dei fekk sjaa Møyi sitt merke stemna fram til strid, og fienden paa rømd framfyre, tok dei mod til seg og kom farande etter oss.

La Hire høyrde dette og styrmde fram med flokken sin; han naadde oss att, med same me paa nytt planta merket vaart framfyre Augustin-fortet.

Me hadde eit langt og seigt arbeid framfyre oss, men fyrr det kvelda, hadde me greidt det. For Jeanne gav seg ikkje. Ho og La Hire sa upp att og upp att, at me greidde godt aa taka festningi, berre me tok oss paa tak, og takast s k u l d e ho. Engelskmennerne stridde som — ja, dei stridde som engelskmenn; dermed er alting sagt. Me gjekk paa, gong paa gong, gjenom røyk og eld og dundrande kanonsmellar, og tilslutt, med same soli var ved aa glada, tok me oss rett paa tak. Festningi var vaar, og me heiste merket vaart paa murane.

Augustinfortet var vaart. Tourellesfortet med laut me hava, um me vilde gjera brui fri og brota kringseta.

Me laut liggja vaapenklædde der me var, halda fast paa det me hadde og vera reide til arbeid næste morgonen. Diso var Jeanne meint paa, at folki ikkje skulde faa høve til aa øydeleggja seg med drikk og slagsmaal. Ho brende upp heile fortet med alt der var, so nær som loty og vaapen daa.

Alle var trøytte etter det harde dagsverket, og Jeanne ikkje minst; men ho vilde likevel vera hjaa soldatane framfyre Tourellesfortet, so ho kunde vera reide til aataket um morgonen.

Generalane sette seg imot dette og talde henne til aa gaa heim og sova godt ut til komande dagsverk. Dei fekk og i ei iglekone til aa sjaa aat eit saar ho hadde fenge i foten. Ho føygde deim og tok heim. Plent som vanlegt var byen mest ifraa seg av glede. Alle klokkur kima, og folk hoysta og ropte, som dei var galne. Me kom aldri heimatt utan me gav folk god orsak til aa fegnast. Men so nytta dei sagte høvet og.

---

Nittande bolken.

Jeanne vilde gjerne sleppa burt ifraa den vanlege vitjarflokken, og gjekk beinast inn paa det romet som ho og Cathrina hadde ihop. Dei aat tilkvelds der, og Jeanne fekk saaret sitt stelt.

Men Jeanne gjekk nok ikkje tilsengs, endaa so trøytt ho var. Istaden sende ho bod paa Dvergen og meg; det hjelpte ikkje, alt kva Catharina mælte imot. Jeanne sa, at ho plent laut senda ein mann til Domremy til gamle presten Fronte, med brev som han skulde lesa upp for mor hennar.

Eg kom, og ho tok til aa seia ordi fyre. Fyrst kom det kjærleg helsing til mori og huslyden elles, og etterpaa dette:

„Men naar eg skriv no, so er det helst, avdi du snart vil fretta at eg er særd. Men du skal ingen hugse hava i so maate og ikkje gjeva gaum paa deim, som seier, at det er faarlegt."

Ho vilde seia meir, men i det same fall Catharina henne i talen, og sa:

„Aa, men ho vert berre forstøkt, naar ho høyrer dette. Stryk det helder ut att, Jeanne, gjer so, eller vent ein dags tid eller tvo; so kan du skriva og seia at du hadde fenge eit saar paa foten, men at det longe var godt att — for det vert det til den tid. Ikkje set slik støkk i henne, Jeanne, høyrer du."

Daa log Jeanne so hjarteleg godt — plent som i gamle dagar, naar ho var paa det fjaagaste.

„Foten min? Kvi skulde eg skriva um slik ei lita skraame! Det var ikkje den eg tenkte paa, gilde deg."

„Hev du eit anna og verre saar og hev aldri nemnt noko um det? — Kva tenkjer du paa, som ikkje —"

Og Catharina spratt upp og vilde ropa iglekjeringi inn att. Men Jeanne meinka henne og sa:

„Nei men tak det no med tol. Eg hev ikkje fenge noko saar enno. Eg skriv berre um eit som eg fær imorgon naar me tek paa festningi."

„Eit saar som du skal faa? — Men kvi vil du skræma mor di med sovore — tenk, um du ikkje fekk noko saar."

„Men det gjer eg. Røysterne mine hev sagt det."

„Aa!" sa Catharina, „ja, daa so. Men er du viss paa, det var dei? Kor lenge hev du visst dette?"

„I fleire vikur." Jeanne snudde seg til meg. „Louis, du minnest det. Kor lenge er det sidan?"

„Høge general, du nemnde det

med kongen i Chinon," svara eg. „Det er so mykje som for sju vikur sidan. So tala du um det den 20de april, og den 22de, ser eg; eg hev det uppskrive."

Cathrina var upp i under over dette. Men eg var longe so vand med slike ting, at eg ikkje bisna paa deim lenger. Ein ven seg med alt i denne verdi.

Cathrina sa:

„Og det skal henda i morgo? Er du viss paa det?"

„Ja," sa Jeanne, „den 7de mai er dagen."

„Daa skal du ikkje setja foten din ut um døri heile dagen. Lov meg, at du vil vera heime hjaa meg."

Men Jeanne let seg nok ikkje telja til sovore. Ho sa:

„Det hjelpte nok ikkje det slag, kjære deg. Saaret skal koma, og koma imorgo. Leiter eg det ikkje upp sjølv, so vil det leita meg upp. Pligti kallar meg paa plass imorgo, Eg vilde gaa, um so dauden venta meg der. Skulde eg daa halda meg burte for saars skuld?"

„Du er meint paa gaa, skynar eg?"

„Visst er eg so. Det er berre ein ting eg kan gjera for Frankrike — setja kveik i soldatane, so dei gjeng djervt paa og sigrar." Ho tenkte seg um eit bil. So la ho til:

„Men eg vil ikkje vera urimeleg, helder. Og eg vil tøygja meg langt for aa tekkjast deg, som er so god imot meg. Er du glad i Frankrike? Elskar du fedrelandet?"

Eg undra meg paa, kva ho no stila paa; eg skyna ikkje dette Catharina sa:

„Kva hev eg gjort, med di du spør um sovore."

„Du elskar fedrelandet daa. Ja, eg tvila ikkje paa det helder, kjære deg. Svar meg no berre paa ein ting til: Hev du nokon gong sagt ei lygn?"

„I heile mitt liv hev eg ikkje med vilje loge — eg kan altid ha skrønt ein grand, men aldri loge."

„Det er nok. Du elskar fedrelandet og lyg aldri. So vil eg lita paa deg heilt ut. Du skal sjølv faa avgjera, anten eg skal gaa eller vera heime imorgo."

„Aa, du skal ha so mange, mange tusen takk, Jeanne! Kor snilt det var av deg aa føygja meg i dette. Du kan vita, du skal vera heime imorgo, og ikkje leda deg utfor døri."

I si hjartans glede tok ho Jeanne um halsen og kysste og klappa henne, so eg vart heiltupp ovundsjuk. Eg skulde gjeva n o k o til, at Catharina vilde vore likso god imot m e g.

Jeanne sa:

„Daa lyt du senda bod burt i hovudkvarteret og melda, at eg ikkje kjem."

„Det skal eg so gjerne. Lat meg greia den ting."

„Det var snildt. Og koss vil du stila dette brevet, for det maa vera i dei rette ordelag, ser du. Skal eg kanhenda stila det for deg?"

„Aa ja, vilde du det, so! Du er so væl inne i alle snirklane og krusedullane du."

„So kan du skriva paa lag som so: 'Stabschefen vert hermed tilsagd aa gjera kjent for heile kongehæren i legeret og i felten, at øvste hærhovdingen deira ikkje vil gaa paa engelskmennerne imorgo. Ho ottast ho kan verta særd. Underskrive Jeanne d'Arc, ved Catharina Boucher, som elskar fedrelandet'"

Det vart ei lang togn. Eg laut stela meg til aa sjaa burt paa dei tvo fagre gjentune. Det leika ein søt smil kring munnen paa Jeanne, men Catharina var raud som blod i andlitet, og best det var kom taarune tiplande fram. So sa ho:

„Aa, eg er so skjemd. Du er so god og djerv og klok, og eg er ein uselег stakar!" Og ho sette i aa graata so saart, at det var ein ynk. Eg hadde slik brennande hug til aa taka henne um halsen og trøysta henne. Men so gjorde Jeanne det. Eg hadde nok ikkje vaaga meg til helder. Men eg hev meir en ein gong trega paa, at eg ikkje slog meg djerv hin gongen. Daa kunde mangt vore anleis no.

No ja, litegrand god skjemt gjer godt. Det kveikjer kroppen og held sjæli ifraa aa mygla upp. Betre maate kunde Jeanne aldri ha bruka, naar ho vilde syna Catharina kva for ei urimeleg bøn ho hadde kome med. Jamvel Catharina sjølv laut læ tilslutt naar ho tenkte paa, kva engelskmennerne vilde seia til godt, naar dei fekk hold i kvi den fran,ke hærhovdingen heldt seg burte fraa slaget. Ho laut læ, det var raadlaust anna.

Me tok paa med brevskrivingi att, og denne gongen slapp me aa stryka ut bolken um saaret.

Jeanne var rett i godlaget sitt. Men daa ho kom so langt, at ho skulde senda helsing snart til den eine og snart til den andre av dei gamle leikekameratane og venerne sine, fekk ho livande fyre seg baade landsbyen og alvetreet og blomevollen og sauerne som gjekk paa gras uti utmarki, Alle dei gamle kjende kjære biløti derheime ifraa kom svivande eitt etter hitt, og ho var ikkje lenger so fast i maalet daa ho nemnde dei gamle,

kjære namni. Og daa ho kom til Haumette og vesle Mengette var ho ikkje god til aa halda seg lenger; det sette seg noko for bringa, so ho ikkje fekk maalet upp paa ei lang stund. Til slutt sa ho:

„Hels heim ifraa meg, alle, alle saman, aa so mange, mange gonger! Eg fær aldri sjaa heimen att.“ —

No kom Pasquerel, skriftefar til Jeanne, og viste inn ein djerv riddarsmann, herren til Rais, som kom i eit ærend til henne ifraa krigsstaben. Han sa, han var send for aa be henne venta med nye aatak; her var gjort nok for det fyrste. No var det best aa vera nøgd med kva Gud longe hadde gjort for deim. Byen hadde slust upp av niste og kunde greia seg lenge. Det klokaste no vilde vera aa draga tropperne attende fraa hi sida elvi og berre verja seg mot aatak. — Dette hadde daa raadet vorte samt um aa gjera.

„For nokre uselege stakarar!“ sa Jeanne harm. „Vert dei daa aldri likare! Det var difor dei var so vyrk for at eg skulde faa meg ein god nattesvevn. Dei vilde hava meg burt ifraa folki mine, vilde dei. Men tak no dette bodet attende, ikkje til raadet — for eg hev ingen ting usnakka med desse utklædde ternune — men til Bastarden og La Hire; dei er daa menn. Seg med deim, at hæren skal vera der han er, og at dei sjølve fær taka skaden, um anleis skjer. Og seg, at imorgo gjeng me paa att. No kan du gaa, min gode herre.“

So snudde ho seg til presten og sa: —

„Statt tidleg upp imorgo og ver hjaa meg heile dagen. Eg hev mykje aa gjera, og eg fær eit stygt saar millom hals og oksl.“

---

## Tjugande bolken.

Me var uppe, daa soli rann, og etter messesong tok me iveg.

Gatune var fulle av byfolk og soldatar, men alle folk saag ut til aa vera paa ulag. Ikkje ein smil aa sjaa. Berre sure, tvere andlit. Det var som ei stor ulukke hadde kome over deim alle; dei hadde longe frett kva riksraadet hadde vorte samd um. Men aldri so snart fekk dei sjaa Møyi, so ljosna det, og fraa mann til mann flaug det som eld i turt gras:

„Kvar helst skal ho? Kvarhelst hev ho tenkt seg av?“

Jeanne høyrde dette og ropte:

„Ja, kvart trur de? Eg skal av og taka Tourelles-borgi!“

Det vilde vera raadlaust for nokon aa skildra, koss desse faae ordi

vende suti um til fagnad. Soldatane kom strøymande til og flokka seg um merket vaart, og mange av byfolki sprang av og fekk tak i spjot og lansar og vart med oss. Di lenger me kom, di fleire vart me. Og alle gatur var fulle av folk, og i alle vindaugo saag me uppøste andlit.

Saki var den, at raadet hadde stengt Burgund-porten og sett ei sterk hærmagt der med Raoul av Gaucourt til hovding. Han hadde order til aa meinka Jeanne, so ho ikkje slapp ut og fekk gjera noko aatak paa Tourelles-fortet. Og heile byen var utav seg av sorg og ørvæne. Men no var med eitt all otte burte. Dei kjende paa seg, ot Møyi greidde sagte krigsraadet. Og det hadde dei rett i.

Daa me naadde fram aat porten, sa Jeanne til Gaucourt, at han skulde lata upp og lata deim faa sleppa framum.

Han sa, det var uraad for honom dette, for krigsraadet hadde strengt forbode det.

Jeanne svara:

„Her raader ingen over meg, utan kongen aaleine. Hev du ei order fraa kongen, so syn ho fram."

„Eg hev ingi order fraa honom, general."

„So gjer veg, eller tak fylgjerne sjølv!"

Han gav seg til aa ordskiftast um dette, for han som dei hine stridsmennerne hadde det meir i munnen en i sverdet. Men midt i ei lang utgreiding skar Jeanne honom tvert av, og sa til soldatane sine:

„Gaa paa!"

Me brytja paa, og det var gjort paa ein- tvo- tri aa sprengja porten. Det var reint moro aa sjaa kor forstøkt hovudsmannen vart. Han var ikkje vand med, at nokon gjekk soleis beint paa. Han sa sidan, at ho skar av talen hans nett som han skulde koma med eit fullgodt prov for, at ho ikkje kunde sleppa ut gjenom porten — jamvel Jeanne skulde ha vorte maalbundi daa.

„Eg tykkjer ho fann svar godt nok," svara den han tala til, helder turt.

Det bar ut igjenom porten med oss alle ihop, me var baade fjaage og fegne. Snart var ferja vaar over elvi og stemnde ned imot Tourelles-fortet.

Fyrst laut me taka ein liten skanse framfyre, fyrr ein slapp inn aat sjølve festningi. Paa baksida hekk han i hop med festningi med ei heisebru, og under rann ei lita kvisl av Loire.

Skansen var sterk, og Bastarden kjælte for, at me ikkje greidde aa taka han, men det var meir en Jeanne

gjorde. Ho spelte upp med kanonerne sine heile fyremiddagen, og paa lag ved nonsbil gjorde ho eit aatak, som ho sjølv stod fyre. Me strøymde ned i grefti gjenom røyk og kuleregn. Jeanne ropte til folki sine og sette kveik i deim. Ho var altid aa sjaa der kulune suste tettast.

Best som ho skulde upp etter ein stormstige, hende den ulukka, me longe visste um. Jarnbolten fraa ei kastemaskin raaka henne imillom hals og oksl og skar seg tvers igjenom jarnbrynja inn i kjøtet. Daa ho kjende den kvasse svia og saag blodet koma fossande nedover seg, vart ho skræmd, arme barn, og seig til jordi i saar graat.

Engelskmennerne sette i fjaage rop og kom veltande seg nedover oss med stor mannemagt og vilde taka henne. I nokre minuttar stod striden berre um henne. Over henne og ikring henne slost engelskmennerne og franskmennerne som løvur. Ho var sagte eit nappetak verdt, Den som vann henne, vann Frankrike med det same. Ho og landet var eitt.

Hadde engelskmennerne fanga Jeanne daa, vilde Karl den sjuande ha rymt fraa landet, Troyes-avtalen vilde ha stade ved lag, og Frankrike vilde ha vorte ei engelsk utbygd til domedag. Ein tjodskap og eit kongerike stod paa spel, og heile kampen skulde avgjerast i dei næste ti minuttar. Det var nokre spanande ti minuttar, daa Jeanne d'Arc laag bleik og blodutt nede i grefti den dagen, medan tvo folk striddest um aa eiga henne.

Dvergen fær me ikkje gløyma burt. Han stod over henne og gjorde tolv manns verk. Han svinga øksi med baae hender, og naar ho fall til slag, ropte han for kvar gong: „For Frankrike!“ og stumpane av sundslegne hjelmar flaug som eggjeskal ikring oss. Han lødde upp ein skanse av jarnklædde lik framfyre seg, og slost i livd av denne.

Og tilslutt daa sigeren var vunnen, kringa me oss um honom og dekte honom med skjoldane, og han sprang upp etter ein stige med Jeanne i fanget og bar henne ut or slagtumulten likeso lett som vore ho eit barn. Etter kom ein heil flokk strøymande, full av otte for Jeanne, for blodet rann jamt. Ein kunde ikkje sjaa den kvite rustningi for berre blod.

Jarnbolten sat enno i saaret — sume vil vita, han stakk seg ut bak okslebladet. Det kan gjerne henda, eg var ikkje god til aa sjaa paa. Bolten kom no ut, den, og det gjorde so vondt i det same, at Jeanne laut graata paa nytt lag, arme ting. Sume seier, ho laut draga han ut sjølv, av

di ingen hadde hjarta til aa gjera henne vondt. Det veit eg ingenting um. Ut kom bolten, og saaret vart fetla og stelt.

Jeanne laag paa graset, veik og klen, time etter time. Men enno heldt dei striden gangande; dei fekk ikkje lov til aa slutta for henne. Dermed slost dei, men til liten nytte, for det var berre under augo hennar at folk vart heltar og urædde. Det var plent som med Paladinen. Var han aaleine, var han rædd sin eigen skugge; men aldri so snart var Jeanne attmed, so vyrde han ikkje korkje liv eller lemer, men streid som ei løve — den ros skal han hava.

Daa det leid mot kveld gav Bastarden det upp. Jeanne høyrde lurlaaten.

„Kvaslag!“ sa ho. „Blæs dei til attertog!“

Gløymt var saaret i næste stundi. Ho gav motorder, og sende bod til offiseren som stod fyre kanonverket, at han skulde fyra av fem skot strakst etter kvarandre. Dette var eit avtala teikn til hæren paa Orleans-sida med La Hire til Hovding — han var ikkje med oss, maa vita, som sume sogeskrivarar vil ha det til. Avtalen var, at dette teiknet skulde gjevast, sosnart Jeanne var viss paa, at skansen heldt paa aa falla i henderne paa oss — daa skulde hin hæren koma til Tourelles-fortet i ryggen og taka paa ho fraa Orleans-brui.

Jeanne sette seg til hest og reid iveg med fylgjet sitt ikring seg. Aldri so snart fekk folki vaare sjaa henne, so sette dei i eit stort rop, og berre stunda etter aa gjera eit nytt aatak.

Jeanne reid beinast ned i grefti, der ho hadde fenge det stygge saaret, og gav seg til der midt i pile- og kuleregnet. So sa ho Paladinen til aa breida merket ut og lata det fritt faa svaga i vinden. So snart frunsane naadde burt i festningi, skulde han seia ifraa. Um eit bil sa han:

„No naar dei burti.“

„Ja no,“ sa Jeanne til hærfolki stod der og venta — „no er skansen dykkar — gaa paa! Lurar og horn, blaas til aatak! Gaa paa, alle mann! Iveg!“

Og iveg bar det. Ein skulde aldri set maken. Me flaug uppetter stigane og over festningsvollane og sopte ned for fote. Paa ein-tvo-tri var skansen vaar. Um ein vart tusen aar gamal fekk ein ikkje sjaa upp att slikt eit syn. Me slost som ville dyr; det laut til, med desse engelskmennerne, for godviljugt gav dei seg ikkje. Vilde ein overtyda ein av desse folki, laut ein drepa honom, og endaa tvila han. So var det alvist den gongen.

Me gjekk so upp i det arbeidet me sjølve hadde fyre, at me aldri høyrde dei fem kanonskoti. Men avskotne v a r t dei ein augneblink etter at Jeanne hadde gjeve order til aatak. Paa den maaten bar det til, at medan me dundra og slost paa den vesle skansen, kom hjelpehæren paa Orleans-sida strøymande over brui og tok paa Tourelles-festningi fraa den sida. Ein eld-baat vart ført ned og gjort fast under heisebrui som batt Tourelles-festningi ihop med skansen vaar, so at den tid me dreiv engelskmennerne paa rømd framfyre oss, og dei freista aa koma seg over brui til venerne sine i Tourelles-fortet, gav dei brennande bruplankane etter, og tømde heile soldatflokkane ned i aai, jarnklædde og tungtvæpna som dei var. Eit grøtelegt syn var det aa sjaa so mange djerve karar faa ein sovoren daude.

„Aa, Herregud, sjaa i naade til dei!" sa Jeanne og gret, daa ho saag det.

Me fekk snart lappa ei slags bru isaman att, og kasta oss imot den siste festningi som stengde Orleans ute ifraa vener og tilførsle. Fyrr soli var heilt nede, var Jeanne ferdig med dagsverket sitt. Merket hennar svaga ifraa Tourelles-festningi. Det ho lova hadde ho halde —ho hadde fria Orleans!

Kringseta som hadde stade paa i sju lange maanader, var no tilende. Det som alle generalane i landet hadde sagt var uraad aa greia, hadde ho fenge til. Trass i alle meinraader baade fraa kongsfolk og krigsraad hadde denne vesle bondegjenta paa syttan aar fullfylgt verket sitt — og det paa fire dagar!

Gode tidender frettest snøgt. Daa me var reide til aa taka heimatt — denne gongen over brui — var heile byen i ein einaste loge av alle ljosi og gledes-eldane som vart kveikte. Og so som dei skaut og dundra i byen, hadde dei enno aldri gjort til denne dag.

Og daa me so kom — ja, det er uraad aa skildra koss dei tok imot oss. Heile dette folkehavet me pløgde oss igjenom stridgret av glede; dei gret, so ein kunde tru, at aai skulde stiga av alle taarune. Det var ikkje eit andlit aa sjaa, som ikkje var vaatt og blankt av taarur. Og hadde ikkje Jeanne vore jarnskodd paa føterne, vilde folk visseleg ha kysst deim av henne.

„Vælkomi, vælkomi, Orlean-møy!" Med hundrad tusen munnar ropte dei det. Sume sa: „Vælkomi, v a a r møy!"

Ingi onnor gjente i heile soga hev naadd so høgt upp paa heiders-

toppen som Jeanne den dagen. Men dersom de trur, ho vart det minste kaut for det, tek de imist. Ho hadde for stort og rikt eit hjarta til det. Nei, ho gjekk berre beinast i seng og somna som eit trøytt barn. Og daa folk frette, at ho var særd og vilde kvila ut, stengde dei for all kjøyring og ferdsle paa den kanten av byen og stod sjølve vakt heile natti igjenom, so ho ikkje skulde verta uroa. Dei sa: „Ho hev gjeve oss fred, no skal ho sjølv ha fred!"

Alle visste at paa den kanten av landet vilde det ikkje finnast engelskmenner dagen etterpaa, og alle meinte at den dagen burde ikkje gløymast i all framtid, men vigslast til minne um Jeanne d'Arc. So hev vorte gjort i meir en seksti aar no. Aldri vil Orleans gløyma den 8de mai, eller slutta aa høgtida dagen. Det er Jeanne d'Arc sin dag.*

---

## Ein og tjugande bolken.

I graaotten um morgonen rømde Talbot og engelskmennerne hansfestningane sine og hadde seg burt ifraa den kanten av landet. Dei stansa ikkje eingong so lenge, at dei fekk brent upp eller øydelagt nokon ting, men reiste ifraa festningane sine plent som dei stod der med vaapen og niste og loty til aa vara ei lang kringsete ut.

Det var mest uraad for folk aa koma seg til aa tru, at noko so stort verkeleg var hendt; at dei verkeleg var heilt frie og kunde gaa og koma igjenom kva gate dei vilde, utan at nokon meinka deim; at Talbot, denne franskmanna-svipa, den mannen som hadde slege i svime so mang ein franskehær, at han no var burte, paa flog — driven burt av ei gjente.

Byen vart tom for folk. Kvar naste gate tømdest for svære flokkane. Det yra og kraula av deim ikring paa alle dei engelske festningane plent som i ei stor mauretuve. Og dei drog av med baade kanoner og anna festningsverk, la det i veldige haugar og kveikte eld paa. Det steig tilslutt slike røykskyer upp over byen, at ein skulde tru dei kom ifraa eitkvart eldsprutande berget, som bryggja paa vondt.

Borni var ikkje mindre fegne, dei, men dei synte det paa ein annan maate. For sume av dei yngste var sju maanader plent som ei lang livetid. Dei hadde gløymt burt koss graset var, og dei grøne engjerne tottest fagre som paradishagar i deira augo no etter at dei so lenge hadde set

---

* Enno den dag idag er den 8. mai ein stor høgtidsdag i Frankrike til minne um Orleans-møyi.

Umsetjaren.

berre skitne gatur og smog. Dei sprang og kjætte og tumla seg der ute dagen lang. Um kvelden kom dei heim att med fanget fullt av angande markblomar, og friske blømande rosur i dei skrinne smaae andliti sine.

Etter at brenningi var fraa seg gjord, fylgde alle dei vaksne Jeanne fraa kyrkje til kyrkje og gjorde ikkje anna heile dagen en aa takka Gud og gi Honom lov og pris. Og um kvelden heldt dei stort gilde for Jeanne og generalane hennar. Heile byen var som eit hav av ljos, og baade høg og laag gjekk heilt upp i festgleda.

Men aldri so snart var folk væl i seng, so burtimot solrenning, so sat me longe til hest. Og avstad bar det med oss til Tours. Der skulde me møtast med kongen.

Det var ei ferd som kunde ha gjort kven som helst tumlen i hovudet. Heile vegen, so lang han var, stod det folk paa baae sidur og helsa og velsigna oss. Dei flokka seg um Jeanne so dei skulde faa koma nær foten hennar, hesten hennar, vaapenkjolen hennar, ja dei la seg paa kne midt i vegen og kysste hovfari etter hesten hennar.

Det ljoma i alt land med lov og pris over henne. Dei høgaste kyrkjefyrstane skreiv til kongen og lyfte Jeanne upp til skyerne; dei likna henne ihop med heilagmenni og heltane i bibelen og vara honom, so han ikkje let „vantru, utakk eller annan urett" koma i vegen og leggja seg paa tverke for den gudshjelpi som gjenom henne var send landet. Det lydde mest som ein spaadom, dette. Men for deim som kjende kongen og visste kor smaaskoren og treisk han var, turvtest det kanhenda ikkje so stor spaadomsgaava, helder, til aa finna so raakande ordelag.

Kongen hadde kome til Tours og skulde møta Jeanne der. No um stunder kallar dette uselege tinget seg Karl den sigerfulle, etter alle dei sigrane som andre folk vann for honom. Men i dei dagar hadde me vaart eiget namn paa honom — og det høvde honom betre. Me kalla honom Karl stakkaren.

Daa me kom inn til honom, sat han paa ei trune, med alle dei utklædde narri av ei hird ikring seg. Han saag ut plent som ei klufta gulerot, so trongt sat klædi etter alt ifraa midja og ned. Han gjekk med skor, som hadde so lang ei svalerumpe ytst ute paa taai, at ein laut binda ho fast til kneet, so ho ikkje stødt skulde vera i vegen. Han hadde ei purpurraud fløyelskaape paa seg som ikkje naadde lenger en til aalbogane. Paa skolten sat det ein høg skorstein av filt, med ei lang smal fjør

i, og ned ifraa denne hekk det ei maan med stridt haar. Alt emnet i klædi var av dyraste og finaste slag, og fargane straalande. I fanget laag det ein ørliten harehund, som knurra og viste tenner for kvar minste ting som uroa honom.

Hirdfolki var klædde plent paa same maaten. Eg lout tenkja paa det namnet Jeanne hadde sett paa generalane i krigsraadet. „Utklædde ternur“ kalla ho deim. Eg totte namnet høvde endaa betre paa desse hirdfolki.

Jeanne fall paa kne framfyre kongen av Frankrike, og det gjorde meg vondt aa sjaa. Kva hadde den mannen gjort for landet eller for nokon elles, med di ho skulde falla paa kne for honom — ho, som nettupp hadde gjort det einaste storverket som hadde vorte gjort for Frankrike paa dei siste halv hundrad aar, og vigsla verket med sitt eiget blod. Det burde helder vore tvert um.

Men eg lyt vera rimeleg, og seia, at kongen alt i alt bar seg sømeleg aat, mykje betre en han plae gjera. Han slidde bikkja til ein av hirdmennerne og tok av hatten til Jeanne, som vore ho ei dronning. So steig han ned ifraa truna si og lyfte henne upp, og takka henne med mange fagre ord for det ho kadde gjort. Hadde han alle dagar fare soleis imot henne som den dagen, skulde eg ingenting sagt.

Den dagen var det som sagt ingenting aa seia honom paa. Han sa: „Du skal ikkje bøygja kne for meg, du makelause generalen min. Du hev gjort kongsarbeid, og kongeleg heider og hyllest hev du væl fortent.“

Han saag, ho var so bleik, og sa: „Men du maa ikkje staa. Du hev øydt blod for Frankrike, og enno er saaret ikkje grødt — kom her.“

Han leidde henne til sæte, og sette seg sjølv attmed henne.

„No, tal no fritt ut, og seg kva løn du hev tenkt deg for dette! Seg fram, gjer so!“

Eg var skjemd paa hans vegner. Men kva anna var aa venta av honom. Koss kunde han læra dette underbarnet aa kjenna paa dei faae vikune, naar me som hadde vakse upp i lag med henne, aldri hadde drøymt um, kva som budde i henne?

Blodet tok til aa stiga upp i kinni paa Jeanne, daa ho høyrde at nokon kunde tru, at ho hadde arbeidt for landet sitt for løns skuld; og ho fekk taarur i augo.

Kongen skjemta med dette og t...kte han skulde faa henne i godlaget att med aa seia, at slik rode i kinni var oveleg fager; ho skuld. aldri ansa det. Daa vart Jeanne sprutande raud, kan

ein vita, og taarune fløymde heilt over.

Kongen hadde daa det vitet, han gav seg til aa tala um andre ting eit bil. Han skrepte av den maaten Jeanne hadde teke Tourelles-borgi paa, og gav henne mange lovord. Og daa han saag ho raadde heilt ved seg att, kom han paa nytt lag inn paa løni hennar, og vilde ho skulde tala fritt ut. Alle hirdfolki sat som paa naaler og lydde etter kva ho vilde svara til dette. Men daa svaret langt um lenge kom, vart dei helder lange i andlitet.

„Aa kjære og naadige herre kronprins, eg hev eit einaste ynskje — berre eitt. Dersom —"

„Ver ikkje rædd, barnet mitt, berre seg fram."

„Det er at du ikkje maa drygja ein einaste dag. Hæren min er sterk og stridshuga og fus etter aa gaa paa — ver med til Rheims og tak imot kruna di."

Ein kunde sjaa koss kongen skrokk ihop i fivreldklædi sine.

„Til Rheims — aa, det er plent uraad, general! Skulde me greia aa slaa oss igjenom sjølve hjarta av engelsk-veldet! Aldri!"

Var det raad, at dette kunde vera franske andlit? Ikkje eitt av deim ljosna upp, daa gjenta kom med det djerve framlegget sitt, men alle synte, at dei heldt med kongen i stakkarsdomen hans. Tenk aa vaa seg ut or silkedynune og ut i hærferd! So sure dagar traatta desse fivreldi ikkje etter. Dei kviskra vælnøgde seg imillom um, at det var daa godt, at kongen hadde so skjerre vit.

Jeanne antrast med kongen, og sa:

„Aa, eg bed deg so vent, herre kronprins, at du ikkje spiller dette gode høvet. Det er plent som alt er laga for oss. Hærflokkane vaare er uppglødde av sigeren, og engelskmennerne er nedfyre, med di dei tapte. Drygjer me, vert alt anleis. Ser folki vaare, at me ikkje skundar oss aa nytta ut fyremunen vaar, vil dei fyrst undrast, so tvila og missa trui paa oss, og engelskmennerne paa sin kant vil undra seg, ta mod til seg att, og so vera like kamphuga. No er det tidi — aa gjer væl og lat oss taka iveg!"

Kongen risste paa hovudet, og La Tremouille, som vart spurd tilraads, studde uppunder stakkarsdomen hans av all magt.

„Herre konge, alt sunnt vit talar imot denne planen. Tenk paa dei engelske festningane langs etter Loire-aai; tenk paa dei som ligg imillom oss og Rheims!"

Han vilde halde paa slik; men

Jeanne beit honom av og sa stutt:

„Dersom me ventar, vil alle desse festningane verta sette i endaa likare stand en fyrr og utbetra poa alle maatar. Er dette til nokoslags gagn for oss?"

„Nei, d e t veit du."

„Kva er det daa, du meiner? Kva er det du vil, me skal?"

„Eg vil, me skal venta."

„Venta, kva paa?"

Ministeren laut drygja med svaret, for det var uraad aa koma seg ifraa dette beintframe spursmaalet paa skikkelegt vis. Og elles mislika han storleg aa verta utspurd paa denne maaten midt i synet paa alle desse hirdfolki. Dermed svara han berre tvert:

„Statssaker er eg ikkje van med aa dryfta for aalmenta."

Jeanne sa lognt:

„Du lyt ha meg orsaka. Eg for gale, av di eg ikkje visste betre. Eg visste ikkje, at saker som høyrde under deg, var statssaker."

Ministeren flirde so smaatt, og sa speande:

„Eg er sttsminister hjaa kongen, og endaa so meinte dn, at soker som høyrde under meg, ikkje var statssaker. Koss kan det rima ihop?"

Jeanne svara turt:

„Avdi her ingen stat er."

„Ingen stat?"

„Nei, høyrer du. Her er ingen stat, og soleis trengst det helder ingen statsminister. Frankrike hev skrokke ihop til berre nokre faae maal jord. Ein lendermann kan styra det. Meir er det ikkje. Aa kalla smaaputlet du fer med for statssaker, er ingi meining i."

Kongen raudna ikkje, men small upp i ein hjarteleg, likeglad laatt, og heile hirdi log med, men berre so ministeren ikkje saag det. La Tremouille vart harm, og let upp munnen, vilde gjeva svar paa tiltale. Men kongen rette handi i veret, og sa:

„Sjaa der — eg tek henne i kongsverja mi. Ho hev rett. Det er sant, som det er sagt. Med all denne stasen paa meg og ikring meg, er eg likevel berre ein stakkars fatig lendermann, og du er ikkje s o høgt paa straa, dihelder."

Han log, so han skratta. „Jeanne, trurøkne, fritalande generalen min, no s k a l du nemna løni di. Eg skal so gjerne lyfta deg upp i adelsstandet Til vaapenmerke kunde du til dømes faa sjølve franske-kruna og kongsliljune tilliks med det sigerfulle sverdet, du ver deim med. — Seg berre ifraa, koss du vil ha det."

Det vart ei surring og ei mulling i halli, so det var svært, baade av

undring og av ovund, mest av ovund. Men Jeanne risste paa hovudet, og sa: —

„Aa nei, nei, det kan eg ikkje, kjære, gode herre kronprins. Aa faa lov til aa arbeida for Frankrike. Aa bruka seg sjølv upp i tenest for landet, det er so stor ei løn, at ingi onnor kjem der upp imot. Gjev meg den einaste løni eg bed um — ver med meg til Rheims og tak imot kruna di. Eg bed deg paa mine kne, at du føygjer meg."

Ho vilde kasta seg paa kne, men kongen meinka henne; han hadde fenge baade eld og glod i augo og var heilt mannsleg aa sjaa til, daa han sa:

„Nei, sit. Du hev vunne over meg. Det skal vera, som du —"

Men eit aatvarande teikn fraa ministeren gjorde honom tvihuga, og han la til:

„No ja; me skal tenkja paa det. Me fær no sjaa daa. Er du so nøgd, vesle framfuse soldaten min?"

Ved det fyrste han sa skaut ei heit baare av glede upp i ansigtet paa Jeanne. Men daa ho høyrde det siste, sløktest all glod, og taarune drog seg ihop under augnekvarmane. Um eit bil sette ho i, liksom i orvøna:

„Aa bruk meg; bruk meg — eg bed deg so inderleg — her er so lita tid?"

„So lita tid?"

„Berre eit aar — eg varer berre eit aar."

„Aa vas, barn, den gode, knøtne litle kroppen din varer daa minst femti vintrar enno."

„Aa nei, aa nei, du tek imist. Det kan du tru meg paa. Um eit stutt lite aar er eg ende paa. Aa tidi er so stutt, so stut,. Minuttane flyg, og her er so mykje som skulde gjerast. Bruk meg, og det snøgt — det er liv eller daude for Frankrike."

Jamvel desse uselege makkane i kring vart tekne av henne. Kongen mest. Det kveiktest ein underleg eld i augo hans. Han reis upp, drog sverdet or slira, og let det siga ned paa oksli av Jeanne med desse ordi:

„Aa du, som er so beintfram, so heil og so sann — med dette vigslar eg deg til riddar og gjev deg plass millom den høgaste adelsflokken i landet; for der høyrer du heime. Og for di skuld skal heile ætti di og alt ditt skyldfolk og alle deira etterkomarar, fødde i egteskap, sovæl paa kvendesom paa mannssido adelsfolk vera. Og det som meir er! Eg vil merkja ut deg og huset ditt framum alle andre og gjeva deg ein fyremun som inkje anna adelshus til denne dag hev aatt — kvendi i di ætt skal hava rett til aa lyfta mennerne sine upp i adelsstan-

det, um so er, at desse er av ringare byrd."

Undring og ovund lyste or alle andlit, daa denne sjeldsynte naadegaava nemndest. Kongen tagde eit bil og saag seg ikring. Det var sjaaandes, at han var storleg nøgd med seg sjølv no. — „Stat upp, Jeanne, fraa no av og til alle tider med tilnamnet „Du Lil" (av Lilja), til takk for dei gode slag du hev slege for dei franske kongsliljune. Og desse, tilliks med kongskruna og ditt eige sigerfulle sverd skal vera vaapenmerket ditt og teiknet paa di høge adelsbyrd til ævleg tid."

Daa greivinna av Lilja reis upp, kom alle desse utkrota og utkrasla riddarane og adelsmennerne strøymande burt, baud henne vælkomi i deira krins og nemnde henne alt i eitt med nye-namnet hennar. Men ho var uglad og sa, at slik heider var ikkje for folk av hennar byrd og stand, og fekk ho lov, so vilde ho helst vera berre Jeanne d'Arc som fyrr — ikkje noko meir.

Ikkje noko meir! Plent som ho kunde havt eit høgare og gjævare namn en det! Greivinna av Lilja — det var berre tatl og tant. — Men Jeanne d'Arc! Det var noko anna. Berre ljomen fær blodet til aa banka snøggare i ædrerne.

Aatte og tjugande bolken.

Den eine dagen etter hin vart sumla burt — ingenting vart gjort; det var ingi greie paa nokoslag. Hærfolki var uppgløddе og kamphuga, men dei var svoltne. Dei fekk ingi løn. Skatteromet var tomt. Det var uraad aa halda deim med mat; heile hæren tok so smaatt til aa løysa seg upp — noko som hirdfolki vart ovleg glad fyre.

Det var vondt aa sjaa paa, kor tungt Jeanne tok dette. Ho var nøydd til aa staa der hjelpelaus og sjaa paa at den sigervande hæren hennar braana ihop, til det mest ikkje var anna en namnet att.

Langt um lenge gjekk ho ein dag upp paa Loches-slottet, der kongen sat og sumla tidi burt. Ho fann honom i samraad med tri av kongsraadane sine, Robert av Macon, Christophe av Harcourt, og Gerhard Machet. Bastarden av Orleans var tilstades, han med, og det er gjenom honom me hev fenge frett kva som der gjekk fyre seg.

Jeanne kasta seg paa kne for kongen og sa:

„Høge herre kronprins, hald no ikkje fleire møte, men kom, og det snart, til Rheims, og tak der imot kruna di."

Christophe av Harcourt spurde:

„Er det røysterne dine, som hev deg til aa seia dette til kongen?"

„Ja, og dei er stride no."

„Kan du ikkje seia oss her, so kongen høyrer paa, koss røysterne fer aat, naar dei talar til dig?"

Dette var endaa ein sløg freistnad paa aa faa Jeanne til aa forlaupa seg. Men Jeanne svara so einfeldt og beintfram, at den haale bispen-ikkje var god til aa finna noko aa hengja seg i. Ho sa, at naar ho raaka folk, som ikkje trudde paa kallet hennar, so gjekk ho aaside og bad; og so høyrde ho røysterne sine attmed seg; dei trøysta henne og sa mjukt og stilt: „Gakk berre paa, du dotter av Gud, eg skal hjelpa deg!" Jeanne la til: „Naar eg høyrer dette, vert eg so sæl og gløymer all motburd."

Bastarden sa, at i den stundi ho mælte dette, var det so det baade lyste og skein av henne.

Jeanne talde til av all magt — ho baade trygla og bad, at kongen skulde fara. Fet for fet vann ho seg fram. Raadet sparka imot heilt til det siste. Daa dei ikkje hadde noko anna aa seia, gjekk dei med paa, at det kanhenda var gale gjort, at ein hadde late -hæren braana so burt. Men kva raad var der no? Ein kunde daa ikkje fara utan hær.

„Me kan reisa ein," sa Jeanne.

„Men det vil taka minst seks vikur."

„Det fær ikkje hjelpa — gaa i gang! Lat oss berre gaa i gang med det."

„Det er for seint no. Hertugen av Bedford hev nok drege fleire soldatar aat seg no, og gjort Loire-festningane endaa sterkare en fyrr."

„Ja, medan me hev late vaare soldatar fara heimatt. Det er baade spott og skam! Men no fær me ikkje spilla meir tid. Me maa ruska paa oss."

Kongen la imot, at han ikkje vaaga seg til Rheims, so mange festningar som det laag i vegen. Men Jeanne svara:

„Me skal taka deim og leggja deim øyde, med kvart me raakar burt i deim. So kan du fara."

Daa gav kongen jaminnet sitt. Fekk han halda seg utanfor all faare, so skulde han gaa med.

Jeanne var baade fjaag og fegi, daa ho kom att. Beint paa timen vart det liv i leger. I alle gatur og paa alle kyrkjebakkar lyste dei etter soldatar. Fyrebilsleger vart slegne upp i Selles og i Berry, og baade adelsmenner og folk flest kom strøymande til og gav seg under merket.

Storparten av mai maanad var

sumla burt, men endaa hadde Jeanne den 6. juni ein ny hær fullt reide til hærferd. Ho hadde aatte tusen mann, tenk. Tenk paa, kva arbeid det skulde til aa faa slik ein flokk saman i den vesle grendi. Og dette var vælrøynde soldatar attpaa. I det heile var mest kvar einaste franskmann i landet soldat, naar ein skulde fara etter den ting, for so lenge hadde krigen stade paa no, at mest alle hadde vore burti eingrand.

Den 6. juni tok me i veg, og var natti over i Romorontin. Og den 9. kom me ridande i flokk og fylgje inn i Orleans, gjenom kranseprydde portkvelvar og gatur og eit hav av folk, som helsa Møyi. I fylgjet hennar var hertugen av Alencon, Bastarden av Orleans, herren til Boussac, marsken av Frankrike, herren til Graville, hovdingen for bogeskyttarane, herren til Culan, admiralen av Frankrike, Ambroise av Loré, Etienne av Vignoles, med uppnamnet La Hire, Gautier av Brusac, og andre namngjetne hovdingar.

---

## Tri og tjugande bolken.

Denne gongen likeeins som sist, var det siste kongen sa til generalane: „Sjaa til, at de ingenting gjer, utan Møyi hev godkjent det."

Og denne gongen lydde dei, og lydde heile tidi, so lenge den vidspurde Loire-hærferdi stod paa.

Ja, tenk dei lydde blindt. Det syner best, kva vyrdnad dette barnet hadde visst aa setja seg i berre paa dei ti dagane ho hadde vore i elden. Ho hadde paa dei faae dagane vunne slik tiltru, som dei eldste og mest vælrøynde storhovdingane ikkje hadde greidt paa tredive aar. Kjem de ikkje ihug hin gongen daa Jeanne i sekstanaarsalderen sjølv førde saki for retten og vann. Daa kalla den gamle domaren henne „dette underbaenet". Det var nettupp det ho var, ja.

Desse gamle hærhovdingane vilde ikkje lenger skilja seg ut og gjera imot order — det er sant nok; og mykje var vunne ved den ting. Men samstundes var det millom dei sume som enno skolv og bivra for den nye framfuse krigsmaaten hennar og i sitt hjarta ynskte dei kunde setja bremse paa. Utover dagen, den 10. mai, medan Jeanne træla og sleit med aa arbeida ut hærferdsplanane sine, sende bod hit og dit og vart aldri trøytt, hadde generalane sett seg ihop med mykje prat og mange funderingar og la planar for seg sjølve. Um ettermiddagen gav dei seg til aa halda krigsraad og sat no og venta paa at Jeanne skulde koma, ho med, og

drøfta tilstandet. Det bilet dei venta gjekk munnane som dei var smurde. Kva dei sa, stend ikkje uppteikna i nokor soge; men eg var tilstades, so eg veit det.

Gautier av Brusac var fyretalsmann for dei ræddhuga. Paa Jeanne si side stod Alencon, Bastarden, La Hire, franske-admiralen, marsken, Boussac, og alle dei andre hovdingane som det var noko tak i, aa seia.

Brusac heldt fram, at det saag overlag myrkt ut. Jargeanborgi, den fyrste festningi dei kom til, var overhendig sterk. Dei høge tjukke murane var spekka med kanoner. Og bak deim stod sju tusen utvalde engelskmenner med jarlen av Suffolk og dei tvo brørne hans i forsetet. Brusac kunde ikkje faa det til anna en at Jeanne d'Arc ikkje kunde hava sett seg rett inn i saki, naar ho vilde freista aa taka ein slik plass med storm. Ein laut freista aa telja henne til aa bruka vitet og freista med ei kringsete. For honom stod det so, at denne framfuse, vitlause nye maaten med aa slengja veldige flokkar imot bergfaste borgmurar, tvert imot all vanleg sed og skikk i krig var —

Lenger kom han ikkje. La Hire gav hjelmen sin ein utolug dult til sida, og tok frami:

„Aa, ho veit nok, kva ho gjer, og ingen skal koma og læra Møyi krigskunst."

Og fyrr han fekk sagt meir, spratt hertugen av Alencon upp, tilliks med Bastarden og ei halv tylvt andre, og alle dundra og tala i munnen paa kvarandre og skjellte ut deim som anten ope eller løyndeleg torde vaaga seg til aa ha ei onnor meining en øvste hærhovdingen. Og daa dei hadde tala ifraa seg, tok La Hire ordet att, og sa:

„Her er sume, som aldri veit =aa nytta tidi. Tidshøvi kan snu, men desse folki skynar ikkje dette. Dei veit berre av den eine upptraakka raasi, som fedrane hev fylgt og dei sjølve hev dilta burtetter i alle sine dagar. Um ein jordskjelv kom og tok vegen deira til dunders, so han no bar ut for bratte stup beint i endelykta — meiner de at desse karane skyna so pass, at dei no laut laga seg ei ny braut — nei, gamlevegen skulde dei fylgja, um han so førde beinast i daude og forderv.

Skynar de ikkje, godtfolk, at me no liver i ei ny tid, og at me hev iblandt oss eit stort militært flogvit, som hev kome og lært oss dette. Den gamle maaten var nederlag, nederlag, nederlag — og sjølvsagt hadde me daa soldatar, som det korkje var mannsmod eller mannshjarta i. Vilde

de kanhenda taka paa steinmuren med slike? Nei, med deim var det berre ei raad: aa slaa seg ned framfyre ei festning og venta, venta — svelta ho ut, um raad var. — No er det plent paa hin maaten. Soldatane er som paa gløder, dei er so uppgløddde og kamphuga, at dei er mest ikkje til aa styra — dei er som ein veldig glohaug som kvar stundi kan spretta i ljos loge! Kva er det, de vil gjera med desse folki? Spreida glohaugen og lata elden slokna? Er det det, de vil? Koss vilde Jeanne d'Arc fara aat? Sleppa elden laus, ved Gud i himmelen, og lata logane svelja upp fienden i sin heite gufs! Ingenting syner betre, kor veldigt eit flogvit ho er, en dette, at ho paa timen skyna, koss til stod. Ho fer ikkje med aa setja seg ned og svelta fienden ut. Ho sumlar ikkje tidi burt. Nei med henne er det storm! Storm! Storm! Gaa paa! Altid gaa paa! Fyrst leita upp fienden beint i hola si, so sleppa laus dei franske eldslogane og so krasa fienden sunder og saman. Slik hærferd likar eg! Jargeau! =Lat gaa, at Jargeau hev baade tjukke murar og svære kanoner og sju tusen utvalde soldatar. Jeanne d'Arc er med oss, og daa er Jargeau seld!"

I denne duren heldt han paa. — Ikkje ein mælte imot eller ymta noko meir um aa faa Jeanne til aa lempa paa krigsplanane sine. Dei gav seg til aa smaasvalla i god ro og mak um andre ting.

Um eit bil kom Jeanne inn. Dei reis alle upp og helsa henne med sverdet, og ho spurde kva dei meinte til godt. La Hire sa:

„Aa, me berre tala um Jargeau. Her var sume som meinte me ikkje greidde aa taka festningi."

Jeanne log paa sin godslege maate. Ho log so fjaagt og sutalaust som eit barn. Det var so gamle folk kunde verta unge att berre av aa høyra denne laatten. Og ho sa til deim:

„Hav ingen otte i so maate. Me skal nok slaa engelskmennerne, og det med glans, skal de sjaa!" Men best det var, gløymde ho seg burt; ho fekk slik lengt i augo. Ho kom visst til aa tenkja paa heimen sin, for ho la stilt til, plent som i tankar: „Var det ikkje det, at Gud sjølv leider oss og gjev oss siger, vilde eg mykje helder vera heime og gjæta sauerne og sleppa desse fæle faarane."

Me budde hjaa Boucher no som sist me var i byen, og um kvelden hadde me eit lite lag til vællива — berre huslyden sjølv og so me, som høyrde fylgjet hennar til. Jeanne sjølv fekk ikkje vera med; for byen

gjorde eit grust gilde for henne, og der laut ho vera tilstades i lag med generalstaben sin. Ho hadde det sagte grumt og gildt nok der paa alle maatar; men endaa so trur eg ho helder vilde ha vore med oss.

Aa herregud, kor gildt me hadde det! Me var unge og lettliva. Me gløymde burt at me var soldatar, og kom ikkje anna ihug, en at det var herlegt aa liva. Kjære, kjære folk, lenge sidan det er no!"

(Slutt paa dagboki til Louis de Conte.)

*

## Etterskrift av umsetjaren.

So langt Louis de Conte.

Enno stend mykje att, fyrr soga um Jeanne d'Arc er heilt ut fortald.

Men um me ikkje kan fylgja denne dagboki lenger, gjev den franske soga so full og heil greie paa alt Jeanne d'Arc vedkomande, at me endaa kan faa eit bjart og trurøke bilæte av denne merkelege kvinna — kanhenda den merkelegaste som nokon gong hev livt. Ho er ingen sagafigur, umvovi med eventyr og segner or utgamal tid. Ho høyrer so aa seia vaar eigen tidsbolk til. Det er berre nokre faae hundradaar sidan ho livde. Og kvar minste ting i hennar liv og livnad er teikna upp i digre rettsdokument og kyrkjebøker — so som De Conte longe hev fortalt.

De Conte sluttar dagboki si med, at kryningsferdi til Rheims, trass i alle meinraader, var komi istand.

Me veit av soga, koss det gjekk. Sterke engelske festningar laag og stengde vegen. Jargeau-borgi var den verste. Jeanne baud engelskmennerne grid, som ho plae, um dei vilde gjeva upp festningi med det gode og gaa burt i fred. Dei svara med spott.

Det vart eit hardt basketak, men Jomfruva vann, og paa tri dagar var heile denne landsbolken som reinsopt for alle dei megtige engelske festningane, som so lenge hadde truga folket der.

Og ved Patay slo ho heile den svære engelske hæren under Fastolfe og Talbot.

Imedan sat kongen lognt og trygt paa slottet sitt ved Sully-sur-Loire, og let Jeanne strida for seg. Sjølv livde han i sus og dus og brydde seg syttan um nokoslag.

Daa Jeanne hadde rudt kongsvegen, reiste ho til kongen og bad honom fylgja med til Rheims, den gamle franske kryningsstaden, og taka imot kruna si der. Han var daa so naadig han føygde henne i dette.

Fyrr dei tok i veg, gjorde Jeanne d'Arc eit nytt storverk — ho fekk forlikt kongen og greiv Richemont, den franske landevorden. Denne Richemont var utan samanlikning den største statsmannen i landet paa den tid, og dertil trugen og reideleg som gull. Desse tvo ting hadde vore meir en nok til aa faa dei andre hirdmennerne til aa skjegla stygt aat honom. Og La Tremouille hadde snart greidt aa leggja vondt for honom hjaa kongen. No fekk Jeanne deim forlikte att.

I dette meir en i noko anna synte ho, kor framsynt og vidskodande ho var. Um ho vann aldri so mange sigrar, var landet like vanhjelpt, naar ho fall ifraa, dersom ikkje kongen fekk andre en La Tremouille og bølet hans til aa hjelpa og raada seg.

Enno laut det mykje hamring og banking til, fyrr landet var heilt fritt for fiendar. Det laut ein stød mann til aa staa for stjorni og skipa det nye riket, so ikkje alt vart spillt att, som vunne var. Ho hadde aldri set greiv Richemont, fyrr han støytte til henne paa vegen med den vesle hærflokken sin. Men aldri so snart sette ho augo paa honom, so skyna ho, at dette var mannen til aa taka upp arbeidet etter henne.

I dette som i anna saag ho stort og rett. Richemont hjelpte kongen til aa verta ein m a n n, ein djerv og modig soldat, ein konge i gagnet og ikkje berre i namnet. Ikkje fullt seks aar etter Patay-slaget var kongen sjølv førar for aagangshæren, slost i festningsveitur og vod i vatn til midt upp paa livet, kleiv upp etter stormstigar, medan kulune suste um øyro og var i det heile so djerv og hardbalen, som menneskje kunde ynskja.

Alt dette var Richemont, landevorden, aa takka. Med tidi reinska dei tvo landet for engelskmenner jamvel i grender der folk hadde vore under engelsk styre i tri hundrad aar. I slike landsluter trong ein um ein klok og varnæm mann i rikjens stjorn og stell, for engelskmennerne hadde vore milde og gode herrar, og folk som hev vore soleis styrde er ikkje altid sers huga paa umbyte. Daa kom det væl med for kongen, at han hadde Richemont. —

Kongskryningi var eit nytt politisk trekk av overlag stort verde. Ikkje berre det, at kryningsferdi var eit storverk i seg sjølv. Men fyrst den ting at kongen var retteleg salva og krynt gav honom den sanne kongsretten i sjølve folket sine augo. Engelskmennerne var lure nok, men so kloke var dei ikkje, at dei hadde augo uppe for dette. Dei franske adelsmennerne

skyna det helder ikkje — dei saag ikkje med folket sine augo. Einast Jeanne d'Arc som sjølv var eit baan av folket visste kos folket tenkte i denne sak. Solenge kongen ikkje hadde vorte krynt, var han berre krunprinsen, trunervingen, og kunde bytast med ein annan trunerving. Men fraa den stundi han hadde vorte k o n g e n, den som kyrkja hadde salva og vigsla, læste folket honom inn i sitt hjarta og var honom æveleg trugen og huld. Etter den dag nytta det ingen aa vilja koma og riva til seg plassen hans.

Me veit at Jeanne d'Arc fekk fullfylgt denne stor-planen sin. Ho fekk krunprinsen krynt i Rheims. For Gud og kvar mann heitte han no Karl den sjuande av Frankrike.

Hennar verk var dermed enda, meinte ho. Tvo ting var ho send fyre. Ho skulde fria Orleans ut av henderne paa engelskmennerne og kryna kongen i Rheims. Dette hadde ho gjort, og no vilde ho heimatt.

Men kongen negta henne aa fara. Kos skulde han greia seg utan sin makelause overgeneral, sa han.

Kva raad var der? „Jomfruva" fekk lukke til aa verta verande general. Ho føygde seg paa det vilkaaret at ho skulde faa føra hæren beinast imot Paris.

Ho skulde daa det faa. Men kongen sjølv vilde ikkje iveg, fyrr vegen var væl rudt for honom. Det var ikkje likt til, han hadde teke imot mannsmod og mannshjarta den tid han fekk kongskruna paa seg i Rheims.

Det vart ei ny sigersferd for Jeanne d'Arc, dette Engelske festningar stengde vegen, kvarhelst ho kom. Men dei gav seg utan sverdslag. Ho manna deim med franske soldatar og drog vidare. Det heile gjekk som ein leik.

Men so fekk ho ei tung byrd aa dragast med, og det var kongen og hirdsnogane hans.

Det var hertugen av Burgund som hadde sett seg fast i Paris. Og no hadde kongen og La Tremouille i sin visdom funne ut, at det vilde vera best um dei kunde faa forlik med hertugen, so han gav byen upp godviljug. Dette kunde høyrast vent nok ut; men Jeanne d'Arc sa, som sant var, at hertugen av Burgund hadde alle dagar vore ein skjelm, som trassa deim og berre vilde deim vondt. Og naar han i seinare tid hadde laast vera meir føygjeleg, var det ikkje kongen sine godord, men dei kvasse franske sverd aa takka. Og han hadde ikkje anna i tankar en aa hala ut tidi for engelskmennerne, til dei

kunde faa ihop ein veldig hær og koma han til hjelp.

Men det hjelpte lite kva Jeanne d'Arc sa. Kongen høyrde meir paa La Tremouille, og gjorde den semja med hertugen, at fransk ehæren skulde fara heimatt til Gien og venta der i fjorten dagar. So skulde hertugen paa si side utan sverdslag lata upp portane i Paris for kongen og franskehæren.

Kva raad var der. Jeanne d'Arc laut lyda. Og hæren maatte snu. Dei var longe komne so langt som til Bray paa heimturen.

Men so skifte kongen paa nytt lag og avstad bar det til Paris att. — Jeanne d'Arc sa fyre eit brev til borgarane i Rheims, og bad deim halda modet uppe trass i semja med hertugen. Ho seier millom anna: „Eg er misnøgd med denne semja, og det er ikkje sagt eg ansar ho. Gjer eg det, er det berre for kongen si skuld, av di eg ikkje vil han skal staa der lik ein som gjeng attpaa sitt ord." Og ho legg til, at ho vil halda hæren i god stand og vera reide til aa slaa til med same vaapenkvildi er slutt.

Tolvte august 1429 slo hæren leger attmed Dampmartin. Sidan tok dei Compiegne, utan sverdslag, jaga paa dør den engelske garnisonen og sette franskmenner istaden.

Den 23. gav Jeanne d'Arc order til aa gaa mot Paris. Kongen og bølet hans vart tykne for dette, og reiste til Senlis, som nett var teke. Her sat dei og furta um kapp.

Paa berre nokre faae dagar hadde Jeanne d'Arc med hæren sin teke alle desse festningane — Creil, Point-Saint-Maxence, Choisy, Gournay-sur-aronde, Rechy, La Neufville-en-Hez, Moguay, Chantilly, Saintines. Borg for borg ramla ned. Men endaa so furta kongen, og mislika, at dei vilde gaa imot Paris.

Den 29. august 1429 slo Jeanne d'Arc leger ved Saint-Denis, det vil seia rett utanfyre bymurane til Paris.

Endaa heldt kongen seg attende, og var rædd.

Han vart bodsend gong paa gong, og han lova altid aa koma. Men den som ikkje kom, likevel, det var kongen.

Hertugen av Alencon reiste til honom og fekk ja-lovnad av honom; men helder ikkje denne gongen heldt han ord. Ni dagar vart sumla burt paa denne maaten. So kom han endeleg. Det leid daa longe ut i september.

Imedan hadde fienden fenge mod att. Det var uraad anna, so som kongen hadde fare aat. Dei hadde gjort store fyrebuingar og var meinte

paa aa verja seg. Det vilde verta mykje verre arbeid aa taka byen no en for berre ei vike sidan, men Jeanne d'Arc og generalane hennar var ved godt mod og meinte, det skulde enno gaa. Jeanne d'Arc gav order til aa gaa paa klokka aatte paa slaget morgonen etter. Og so skjedde.

Ho skaut fyrst isund det vesle fortet som varde St. Honoré-porten. No galdt det berre aa stormtaka sjølve porten. Men best som franskmennerne kom sprengjande paa, vart Jeanne raaka av ein jarnbolt, so ho seig til jordi. Og dermed snudde soldatane hennar paa timen. Kva var dei utan *henne*? 2

Ho var stygt tilskadekomi, men vilde ikkje draga seg ut or striden. Ho vilde dei skulde gjera nytt aatak, og sa, dei *maatte* vinna; det var ikkje tenkjande anna, no daa fortet var nedskote.

Dei maatte bera henne burt med magt, og noko nytt aatak vart ikkje av. —

Men enno gav ho seg ikkje. Ho sa ho vilde berast burt aat byporten um morgonen og paa ein halv times tid skulde byen vera teken. Ho hadde nok halde ord. Men ho gløymde eitt, og det var kongen og La Tremouille. Kongen forbaud aataket!

Hertugen av Burgund hadde paa skrymt sendt folk og skulde tinga um fred, og kongen var so godtruen, han tok det for godt.

Jeanne vart mest ende paa av sorg og trege. Men ho gav ikkje enno upp all von. Hertugen av Alencon hadde slege ei bru over Seine-aai tett attmed St. Denis. Ho kunde taka over aai og gaa paa byen fraa ein annan kant. Men kongen fekk njosn i denne planen og let brui riva ned! Og kva som meir var! Han lyste ut, at krigen var slutt for denne gongen, og gjorde forlik med fienden. Paris skulde faa vera i fred, og dei franske soldatane skulde draga seg attende til Loire, der dei kom ifraa.

Ingen hadde til dessar vunne over Jeanne d'Arc. No var ho øydelagd av sin eigen konge. Ho hengde upp den kvite vaapenkjolen sin i St. Denis-kyrkja, og bad kongen um orlov. Ho vilde heim.

Men kongen vilde ikkje sleppa henne no helder. Han hadde bruk for henne til aa verja dei festningane som fyrr var tekne, sa han. —

13. september laut hæren snu og traska den vegen dei kom. Det var som ei likferd. Vener som saag paa, laut graata. Men fienderne log. Langt um lenge naadde dei attende til Gien — den plassen dei for tri maanader sidan hadde reist ut ifraa

daa dei tok av paa den storfelde ferdi til Rheims.

Der i Gien løyste kongen upp denne trauste, hardbalne hæren, som hadde vunne honom baade land og rike. Alle flagg og merke vart sette inn, og vaapni gjøymde av, solenge La Tremouille hadde sigra.

— — Fraa den stundi var det som lukka snudde seg for Jeanne d'Arc. Ho var som ei ørn i bur; ei ørn, dei hadde klypt klør og vengjer av paa. Jamvel kongen laut til slutt sjaa koss ho vantreivst ved det sedlause hovet. Ho fekk daa lov til aa gjera smaa krigsferder imot fienden. Lagny-borgi vart teki, og nokre til.

Men so kom daa den usæle stundi, daa ho vilde hjelpa Compiegne, som ho fyrr hadde fria ifraa engelskmennerne, men som engelskmennerne tilliks med hertugen av Burgund sidan hadde kringsett att. Det var i det hetle ein ordhalden mann, denne hertugen av Burgund.

Jeanne d'Arc gav seg i lag med hovdingen for bytropperne, og vart samd med honom um ein aataksplan. Fienden laag i tri hærflokkar paa den eine sida av Oise-aai. Ein flokk burgundsoldatar hadde slege leger ved Claroix. Og ein engelsk hær laag i Venette tett attmed. Det galdt aa taka alle desse tri plassane. Jeanne d'Arc skulde greia alle aataki; kapteinen og hæren hans hadde berre aa sjaa til, at ikkje engelskmennerne kom Jeanne d'Arc og flokken hennar i ryggen, medan ho tok paa Margeaux og burgund-legeret ved Claroix, og soleis stengde vegen for henne attende til Compiegne.

Fraa fyrst av gjekk alt væl. Burgundarane var seige, og slost djervt, men mot Jomfruva og hennar heltetflokk vann ingen aa staa seg, Marguy laut gjeva seg.

So kom turen til Clairoix, der hertugen sjølv laag med ein hjelpehær.

Franskehæren gjekk djervt paa; Jeanne d'Arc reid fyrst so som ho altid gjorde. Men best det var fekk storparten av soldatane ein braastøkk i seg. Kva var det! Kom ikkje heile engelskhæren i ryggen paa dei! Kapteinen hadde ikkje greidt aa halda vakt.

I ein-tvo-tri var heile den franske hærflokken paa villt flog. Berre Jeanne d'Arc og nokre faae med henne var so langt fyre dei hine komne, at dei longe var i kamp med burgundhæren og soleis ikkje fekk snu. I næste stundi var dei heilt ringa inne av fienden.

Dei slost til siste mann. Der fall

den djerve og stortalande merkesveinen til Jeanne d'Arc, Paladinen, som De Conte kalla honom. De Conte sjølv var ikkje med i dette aataket, elles hadde han visseleg ikkje livt, til han fekk skriva dagboki si. —

Ein for ein fall dei trauste heltane ikring Jeanne d'Arc. Ho sjølv streid som ei løve. Men tilslutt vart ho teki i vaapenkjolen og dregi attanifraa ned av hesten. Dermed var ho fanga. Og i vill kjæte bar dei avstad med henne burt i Burgundlegeret. Etter kom heile engelskhæren ylande og brølande av glede og fagnad. Jomfruva var fanga! Orleansmøyi var i fiendehender! — — — Tungt er aa skildra det som no stend att av soga hennar. — So skamlaus ei medferd som ho fekk baade av fienden og av sine eigne, skal ein leita lenge etter sidestykke til.

Ho var krigsfange, og kunde soleis løysast ut imot ein løysesum. Ho var ingen spæjar, ingen upprørsmann. Ho var sjølve den franske hærhovdingen, og kunde soleis ikkje haldast attende, um løysepengar baudst. —

Men dagane gjekk, og ingen løysesum vart boden. Det høyrest utruleg ut. Men sant er det, at kongen ikkje ledde paa ein finger, ikkje baud so mykje som eit øre til aa løysa ut den arme gjenta, som hadde gjort so mykje for honom.

Men var kongen likesæl um henne, var dei so mykje fusare paa andre kantar. Daa engelskmennerne i Paris frette dette stortidendet, at erkefienden deira var fanga, visste dei lite til seg av fagnad. Og dagen etter sende vara-formannen for inkvisitionen bod til hertugen av Burgund og kravde at han skulde sli ut fangen sin til kyrkja, som vilde hava henne paa forhøyr for avgudsdyrking.

Hertugen av Burgund bisna paa dette — men venta i lengste laget. Han for sin part var likesæl med kva som vart av Jeanne d'Arc, sosant han berre fekk mange pengar for henne. Og han kunde ikkje faa seg til aa tru anna, en at kongen snart maatte lata høyra fraa seg og bjoda endaa meir en engelskmennerne hadde gjort. Han heldt Jeanne d'Arc fanga i ei sterk festning, og venta og venta, vike etter vike. Han var, naar alt kom til alt, franskmann, og skjemdest ved aa selja henne til engelskmennerne. Men fraa franskmennerne og kongen fekk han inkje bod.

Tilslutt sende engelskmennerne ein fransk biskop, Pierre Cauchon av Beauvais, og skulde tinga med hertugen. Fekk bispen salet til aa gaa i laas, skulde han saa erkebispestolen i Rouen

av engelskmennerne til takk for hjelpi. Han hadde lov til aa gaa so langt som til 10,0000 pund gull. Dette var i dei tider løysesumen for ein prins av kongsblodet.

So høgt i verde sette engelskmennerne den fatige bondegjenta fraa Domremy.

Hertugen av Burgund kvidde seg i lengste laget. Men enno høyrde han ingenting ifraa den franske kongen. So slo han tilslutt til, og selde Jeanne d'Arc til engelskmennerne for ein løysesum som aat ein fyrste.

Selde henne, han som franskmann var, til ein fransk prest, medan den franske kongen og det franske folket let det skje midt for augo paa seg, og aldri so mykje som ledde paa ein fing for aa meinka det.

Engelskmennerne kunde ha drepe henne no — det var paa s i n maate. Men det var ikkje hemn nok. For folket vilde ho endaa staa som den gudsende stridshelten deira, som hadde frelst landet, daa verst det kneip. — Skulde det muna noko, laut dei faa inn paa henne, at ho var ei trollheks som hadde havt hjelp av Satan og djevlane hans. Aaa faa dette til, skulde ikkje vera nokor sak for deim som hadde kyrkja i ryggen.

Rouen vart vald til sæte for forhøyrsretten. Byen laag midt i den engelske landsbolken. Innbyggjarane hadde vore under engelskmennerne i so mange ættled, at dei snaudt var franskmenner lenger i anna en i maalet. Og so var sjølve byen so sterk som ei festning. Hit tok dei Jeanne d'Arc i slutten av desember 1430, kasta henne i eit ufyselegt fangehol djupt under jordi, og batt henne med tunge jarnlenkjur.

Ikkje no, dihelder, gjorde kongen so godt som leda paa seg. Og folket som hadde set upp til henne som til eit heilag-menne, var som det var svimeslege. Det var Jeanne d'Arc som hadde sett mod og fart i deim alle. Utan henne var dei raadlause og stakarslege som fyrr. Paa annan maate var det uraad aa skyna, koss Orleans-folki til dømes kunde staa gjerandslause attmed og sjaa paa det som no hende.

For kva hende ikkje! —

Den uselege bispen Cauchon hadde nytta tidi godt og fenge ihop so fjølgment ein presterett, at han meinte han var trygg paa aa faa „Jomfruva" dømd. Dei prestane han fekk med seg var her og der ifraa, mest ifraa Paris, og alle engelske i hug og haatt.

Med tvo-tri av desse domsmennerne var han elles ikkje so heppen som ynskjande kunde vore. Ein høg

inkvisitionsdomar, som vart send ifraa Paris, trefte til aa vera ein bra kar. Og han sa beint ut, at denne retten ingi magt hadde til aa døma i denne saki. Og han negta aa vera med. Same tale førde tvo-tri til av domsmennerne.

Domaren hadde nok æveleg rett. Den saki som no skulde forast imot Jeanne d'Arc, hadde longe vore førd — og det for ein hagare rett en denne, for i forsetet sat hin gongen i Poitiers ein erkebisp — erkebispen av Rheims, Cauchon sitt eige overhovud. Og Jeanne d'Arc hadde hin gongen vunne med glans.

No kom ein lægre rett og formasta seg til aa gjera um inkjes att denne domen! Nei, saki kunde ikkje godt takast upp att. Og Cauchon var den som sist av alle hadde rett til aa føra forsetet i ei sovori sak. For ikkje var Rouen bispedømet hans. Og skulde Jeanne d'Arc dømast laut det skje i hennar eigi sokn. Hertil kom at denne Cauchon, domaren hennar skulde verta, meir en eingong hadde synt seg hennar arge fiend aa vera. Han hadde soleis ikkje lov til aa sitja til doms over henne.

Men alle desse vanskane greidde Cauchon og engelskmennerne seg fint utor. Dei bruka magti og sette kniven for strupen paa dei faae heiderlege prestane som skjemdest ved aa vera med til so skamlaust eit yrke. Inkvisitionsdomaren vart nøydd til aa fremja saki, anten han vilde eller ei.

Dermed slidde engelskmennerne Jomfruva i henderne paa presteretten. Men berre paa det vilkaaret, at d e i s k u l d e f a a h e n n e a t t e n d e, d e r s o m r e t t e n i k k j e d ø m d e h e n n e!

For denne retten vart no Jeanne d'Arc innstemnd. Ho var som eit lamb millom vargar. Men um ho var ung og skuldlaus som eit lamb, synte det seg endaa, at ho kunde bita ifraa seg so det hadde god skikk.

Cauchon hadde meint, det skulde vera snart gjort aa vinna erkebispesetet sitt. Det skulde ikkje staa lenge paa aa døyva ei ung ulærd bondegjente, som imot seg hadde eit halvt hundrad prestar og lovkunnige menn, alle utlærde i allskyns lovknep og alle uppsette paa aa kjøyra henne tilveggs og døma henne. Inkje under, um dei tenkte so, nokon kvar. Men dei fekk anna finna. Jeanne d'Arc var skulda for vantru og for samkvæme med djevelen og dei ureine aander. Det galdt aa prova, at dei „røysterne", ho altid tala um, var av djevelen. Men ho svara so vislegt og so vitugt fyre seg, at dei verste fellur dei la for henne vart um in-

kjes — ho gjekk ikkje i dei. Ho vart soleis eingong spurd:

„Er du i naadestanden?"

Det var eit faarlegt spursmaal. For svara ho ja, var det gale; daa var ho hofferdig. Og svara ho nei, hadde ho dermed sagt, at ho inkje gudsbarn var. Jeanne d'Arc svara:

„Er eg ikkje i naadestandet, bed eg, at Gud vil taka meg der. Er eg der longe, bed eg, at Han vil halda meg der."

Domarane vart, som dei vart slegne paa munnen.

I tri maanader heldt dei det gaaande med forhøyr kvar dag, fyremiddag og ettermiddag, tvo-tri timar um gongen. Dei spurde og grov og fritta henne ut paa alle upptenkjelege maatar. Men so lytelaus var ho, og so kloke svar gav ho, at det var raadlaust aa faa noko paa henne.

Byfolket i Rouen var engelskhuga og hadde imot „trollkjeringi". Men det var ikkje fritt anna dei so smaatt tok til aa læ og gjera ap med desse femti prestane, som ikkje kunde greia aa maalbinda ei lita fransk bondetaus. Cauchon var reint ifraa seg av harm og argskap . Det leid longe ut i mai. Og enno var dei like langt komne.

Men tilslutt fekk dei daa ihop 12 klagepunkt imot henne, som alle gjekk ut paa, at ho hadde havt samkvæme med vonde magter og spotta Gud. Desse skuldingane hekk elles ikkje rett væl ihop. For i punkt 1 heitte det, at ho hadde havt samkvæme med devlar — dei var jamvel namngjevne; det var Belial, Satan og Behemoth. Men paa forhøyret hadde Jeanne d'Arc sagt, at „røysterne" eller englane hennar tala fransk, og var sende fraa Gud og skulde hjelpa henne aa frelsa Frankrike. Dette lydde ille i engelske øyro. Jomfruva maatte ha loge, naar ho sa, englane tala fransk; dei maatte ha tala engelsk. Og so vedtok heile retten klagepukt 10: „Jomfruva" hadde loge, daa ho sa, at englane" tala fransk; dei stod paa engelskmennerne si side, og hadde sjølvsagt tala engelsk.

Fyrst etterpaa at domen var fallen, og „Jomfruva" dømd skuldig i alle 12 klagepunkti, gjekk det upp for domsmennerne kor ille dei hadde forrent seg. For var det so, at desse „røysterne" tala engelsk og stod paa engelskmennerne si side, maatte dei ha vore englar, so som „Jomfruva" vilde ha deim til. Men var dei det, kunde dei ikkje samstundes vore devlar.

Dei freista nok sidan paa ymist vis aa faa desse tvo punkti til aa rima ihop. Men det var uraad. Og soleis bar det til, at Jeanne d'Arc etter punkt 1 var dømd, avdi ho had-

de havt samkvæme med devlar, og etter punkt 10, avdi ho hadde sagt, at englane tala fransk og ikkje engelsk — dei same englane, som i punkt 1 var devlar. — —

Den 29. mai fall domen. Ho vart dømd skuldig i alle 12 klagepunkt. Dagen etter skulde ho takast burt paa torget og der dømast i straff av by-retten. — Men alle visste kva straff d e t vart. Det var dauden paa baalet, det.

Cauchon t a k k a meddomsmennerne for denne domen!

Han fekk elles laak takk for vælgjort, sjølv. Det var erkebispesetet i Rouen han hadde selt si sjæl for. Men daa det bar til stykket, lurde engelskmennerne honom. Han berre fekk eit takkebrev ifraa universitetet i Paris, og lovnad um ei æveleg ærekrune i himlen! Erkebisp i Rouen vart han derimot ikkje. — — —

— — — Ut paa dagen den 29. kom folk strøymande til utanbys ifraa og skulde sjaa paa at „trollkjeringi" vart brend. Men daa dei um morgonen den 30. fekk sjaa soldatane koma kjøyrande med den kvitklædde unge gjenta gjenom gatune, var det so det sokk i hopen. Noko so fagert og reindæmd som dette unge barnet hadde ingen set i sine dagar fyrr. Og det vart braatt eit umslag i folkemeiningen. Ho maatte vera skuldfri; soleis saag ingi „trollkjering" ut. Det gjekk som ei baare av sorg og saar trege igjenom deim. Og daa so Jeanne d'Arc, helt i dauden som ho hadde vore det i livet, fritt og fast steig upp paa baalet, og logane tok til aa slikka upp um den underfagre likamen, daa var det so det losna for sorgi, og folk gret. Store og smaae, unge og gamle, kvinnfolk og karfolk gret, stridgret. Dei kjende paa seg, at ei gruveleg synd var her skjedd; ei stor menneskja var her tynd. — —

— — Koss tok kongen, franskekongen, denne syrgjebodi?

Han tok ho med stor ro. I tri og tjuge aar tok han det med stor ro. Han ansa ikkje i minste maate, at prestane hadde fyrst drepe henne som han sjølv kunde takka for land og rike, og attpaa sett ein stygg flekk paa ettermælet hennar. Han var jamvel like sæl, etter at folk flest som altid er seine i vendingi, tok til aa skjemmast over, at dei hadde svike henne.

Karl den 7. var som sagt like sæl um Jeanne d'Arc i heile tri og tjuge aar. Men so vart han braatt hugvend, og fekk det so anvindt med aa reinsa ettermælet hennar, at det var store ting. Hadde samvitet tilslutt tala i honom? Skyna han en-

deleg eingong paa, kor mykje han var henne takk skuldig?

Aa nei, det var ikkje so væl. Det var nok anna, som dreiv honom.

Saki var den, at no daa engelskmennerne var jaga for godt or landet, tok dei til aa æreskjella Karl d. 7. og seia, at han hadde vorte hjelpt paa truna av ei menneskja, som av presteretten var dømd ei trollheks aa vera, og brend paa baalet. Kva kongsrett han etter dette hadde, kunde alle skyna. Inkje folk med ære i livet kunde lata seg styra av ein sovoren konge, let dei.

Det var paa høg tid aa gjera noko. Og kongen fekk slik fart i seg, at det var svært.

Paa den maaten bar det til, at Karl den 7. var so brennande i hugen etter aa gjera rett imot Jeanne d'Arc og ettermælet hennar.

Han vende seg til paven i si naud, og paven sette ned ei nemd til aa granska dette spursmaalet. Denne nemdi kom saman baade i Paris, i Domremy, i Rouen, i Orleans og fleire andre plassar, og heldt paa med etterrøkjingane sine i fleire maanader. Dei for-for alle rettsdokument og spurde ut Bastarden av Orleans, hertugen av Alencon, d'Aaulon, Pasquerel og Courcelles, Isambard de la Pierre, Manchon og mange andre. De Conte ikkje aa gløyma. Dei spurde og ut meddomsmennerne og andre som hadde vore tilstades paa forhøyri i Rouen og ved martyrdauden hennar.

Og ut or alle desse etterrøkjingane dukka Jeanne d'Arc so kvit og rein som nyfallen snø. Paven skikka seg daa deretter, og dømde henne skuldlaus aa vera.

Og no nyst, i 1894, vart ho av pave Leo d. 13. lyst til heilagmenne. Det kunde han gjerne gjera. Jeanne d'Arc er visseleg so godt eit emne til heilagmenne som nokon av dei storkultane, katolik-kyrkja fyrr hev sett upp.

At ho frelste landet og skipa riket var stort. Men væl so stort var det lysande fyredømet ho gav alle komande ætter i Frankrike, og heile verdi med, for den skuld.

Ho var f e d r e l a n d s e l s k e n livandegjord. Visseleg hev ho for alle tider sett sitt merke paa fransk tjodskap, gote av si aand i den franske folkeaanden. Solenge franskt maal vert tala i Frankrike vil dei minnast ei ljos, mjaavaksi dros i sin fyrste ungdom, med martyrkruna paa hovudet og i handi sverdet, som skar sundt lenkjune, fedrelandet var bunde med. Det er „Den heilage Jeanne d'Arc", „La Pucelle d'Orleans".

---

4.